

# Språkstatus 2010

Kunnskap frå elleve språkpolitiske område

Språkrådet



## Språkstatus 2010

### Kunnskap frå elleve språkpolitiske område

Språkrådet  
Februar 2010

Desse har laga rapporten: Torbjørg Breivik, Øystein Baardsgaard, Sylvi Dysvik, Bård Eskeland, Rikke Elisabeth Hauge, Jan Hoel, Marit Hovdenak, Daniel Ims, Margrethe Kvarenes, Terje Larsen, Sylfest Lomheim, Åsta Norheim, Svein Arne Orvik, Torunn Reksten, Sabine Rosenhart, Eilov Runnestø, Aud Anna Senje, Dag F. Simonsen, Karianne Skovholt, Sigfrid Tvitekkja, Kjetil Aasen, Marianne Aasgaard.

Rapporten er publisert på nettsidene til Språkrådet: [www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no) / [www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)

**Språkrådet**



# Innhald

<b>Kvar står vi? .....</b>	<b>9</b>
Nynorsk og bokmål .....	9
Norsk og engelsk .....	10
Barn og ungdom .....	11
Mangfald.....	11
Avslutning .....	12
<b>1 Språkhaldningar.....</b>	<b>13</b>
Generelle språkhaldningar .....	13
Dialekt og standard i kringkasting .....	14
Bruk av engelsk i reklame og marknadsføring.....	14
Haldningar til engelsk i norsk.....	15
Haldningar til norsk populærmusikk med engelske songtekstar .....	15
Kjelder.....	15
<b>2 Rettskrivingsnormer og språkutvikling .....</b>	<b>17</b>
Ny bokmålsrettskriving 2005 – stabil norm? .....	17
Ny gjennomgang av nynorskrettskrivinga.....	18
Ordbøker og ordlister med offisiell rettskriving.....	18
Begynnarordbøker.....	18
Norske ordbøker på nettet .....	18
Statusen til den offisielle rettskrivinga .....	19
Kompetanse i bruk av rettskrivingsnormer.....	19
Ordlister som normdannar i skulen.....	20
Nyord og avløyssarord .....	20
Språkspørsmål og rådgjeving.....	20
Talemål.....	21
Stadnamn .....	21
Kjelder.....	22
<b>3 Språkbruk i staten.....</b>	<b>23</b>
Undersøkingar av språkbruk i staten .....	23
Oppfølging av reglane i mållova.....	24
Kjennskap til mållova.....	24
Kompetanse i begge målformer .....	24
Språkkrav ved tilsetjingar .....	25
Kvaliteten på språket i informasjon frå det offentlege .....	25
Undersøkingar .....	25
Observasjonar .....	25
Språktiltak for statsorgana .....	25
Språktenesta for statsorgan.....	25
Kurs.....	26
Prosjektet «Klart språk i staten» .....	26
Andre språkprosjekt i staten før og etter 2006.....	27
Læringsressursar for statsorgana.....	27
Kjelder.....	27
<b>4 Språkbruk i arbeids- og næringslivet.....</b>	<b>29</b>
Faktisk bruk av norsk og andre språk .....	29
Bruksområde for norsk og engelsk i bedriftene .....	29
Kva har konserntilknytning å seia? .....	30
Språk i reklame og marknadsføring .....	30
Bokmål og nynorsk i bedriftene.....	31
Språkbehov og språkkompetanse.....	31
Helse, miljø og tryggleik.....	32
Flerspråklege arbeidsplassar .....	32

Lover, reglar og språkpolitikk.....	32
Formelle språkkrav og praksis i næringslivet.....	32
Språkpolitiske tiltak .....	33
Kjelder.....	33
<b>5 Språkbruk i kultursektoren .....</b>	<b>35</b>
Kvalitet i avisspråket.....	35
Nynorsk i aviser .....	35
Språk i sosiale medium .....	36
E-bøker på norsk .....	36
Norsk språk i populærmusikk .....	36
Norsk populærmusikk i radio .....	36
Språkstatistikk i NRK .....	37
Norskspåkleg film (og nordisk film).....	37
Fjernsynsteksting .....	38
Kjelder.....	38
<b>6 Språkopplæring.....</b>	<b>41</b>
Målformer i grunnskulen .....	41
Forskning på skrivekompetanse i begge målformer .....	42
Karakterar i skriftleg sidemål og hovudmål .....	43
Grunnskulen, 10. steg: .....	43
Den vidaregåande opplæringa:.....	43
Læremiddel på begge målformer .....	43
Stoda i vidaregåande skule.....	43
Innkjøpsrutinar i skuleåret 2009/2010 .....	44
Læremiddelbehov for små elevgrupper.....	44
Nasjonale digital læringsarena (NDLA) .....	44
Forum for nynorsk i skulen.....	44
Nynorsk i lesebøker .....	44
Norskfaget i lærarutdanninga frå hausten 2010 .....	45
Kompetanse og opplæring i andre framandspråk enn engelsk .....	45
Målbyte – frå nynorsk til bokmål .....	45
Norskopplæring for innvandrarar.....	46
Nynorske læremiddel for vaksne innvandrarar .....	46
Kjelder.....	47
<b>7 Språkbruk i høgare utdanning og forskning .....</b>	<b>49</b>
Høgare undervisning på norsk og engelsk.....	49
Kva for språk er pensumlitteraturen på?.....	49
Undervisning på engelsk .....	50
Meir enn åtte av ti studentar er norskspråklege .....	50
Språkleg og fagleg kvalitet .....	50
Vitskapleg språk.....	51
Nye tal for språk i forskingspublisering.....	51
Språk i doktoravhandlingar .....	51
Anna fagleg publisering og formidling .....	52
Kjelder.....	52
<b>8 Fagspråk og terminologi .....</b>	<b>53</b>
Standardiseringsarbeid i Noreg .....	53
Standard Norge.....	53
Norsk Elektroteknisk Komité (NEK) .....	54
Post- og teletilsynet (PT).....	54
Utdanning og kvalifisering i omsetjing til norsk og utdanning i terminologi og fagspråk .....	54
Universitetet i Agder (UiA).....	55
Noregs handelshøgskole (NHH).....	55
Universitetet i Bergen (UiB).....	55
Masteroppgåver på fagspråksområdet i 2009.....	55
Organisasjonar .....	55
Fagspråklege offentlege dokument.....	56
Proposisjonar, stortingsmeldingar, forskrifter og lover .....	56

Omsette dokument (traktatar, internasjonale avtaler og overenskomstar) 2009.....	56
EØS-rettsakter omsette i 2009.....	56
Terminologiresursar på nett som er tilgjengelege for publikum.....	57
Talfeste basar .....	57
Ikkje-talfeste basar .....	57
Fagordbøker tilgjengelege på nett .....	57
Leksikon og oppslagsverk på nett.....	58
Fagbøker, lærebøker og fagordbøker .....	58
Oppretting av ei terminologiteneste i Språkrådet .....	58
Kjelder.....	59
<b>9 Språk og IKT.....</b>	<b>61</b>
Norsk språkbank .....	61
Taleteknologi .....	61
Kunstige stemmer .....	61
Multimodale grensesnitt.....	62
Bruk av IKT til skriving og lesing i skulen .....	62
Programvare på nynorsk og bokmål .....	62
Dataspel .....	62
Retteprogram og tilhøvet til rettskrivinga .....	62
Kjelder.....	63
<b>10 Fleire språk.....</b>	<b>65</b>
Samisk.....	65
Kvensk.....	65
Fleirspråkleg skilting .....	66
Norsk teiknspråk .....	66
Morsmålsundervisning .....	66
Tospråklege ordbøker .....	67
Talarar av store innvandrarspråk.....	69
Kjelder.....	69
<b>11 Grannespråk.....</b>	<b>71</b>
Grannespråksundervisning .....	71
Grannelandsfjernsyn.....	72
Nordisk dataspelprogram .....	72
Engelsk påverknad i nordiske aviser .....	72
Kjelder.....	73





# Kvar står vi?

Den nye språkpolitikken vart vedteken då Stortinget 28. april 2009 behandla St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Ei av grunnsetningane var at tiltak og prioriteringar i framtida bør ta utgangpunkt i kunnskap om språktilstanden i Noreg. Kvart fjerde år skal Kulturdepartementet laga ei stortingsmelding om språkstoda. Slik har Stortinget pålagt seg sjølv eit ansvar for å følgja utviklinga.

Som grunnlag for ei slik stortingsmelding skal Språkrådet kvart år frå no av utarbeida ein rapport til Kulturdepartementet om tilstanden på ulike språkpolitiske område. Dette er den fyrste rapporten.

Stoffet er disponert i elleve kapittel. Til saman skal dei dekkja den nye språkpolitikken, slik han er presentert i stortingsmeldinga *Mål og meining*. Kvart kapittel har ulike indikatorar som kan gje eit bilete av tilstanden på området. Nokre indikatorar er kvantitative, andre kvalitative. Dessutan vert det gjort greie for strategiske, språkpolitiske tiltak.

Dei elleve områda er lite einsarta. Nokre svarar til naturleg avgrensa sektorar (domene), slik som *høgare utdanning*, medan *språkhaldningar* er eit tema som spenner over heile samfunnet. Det er òg store skilnader frå område til område når det gjeld dokumentasjonsgrunnlag og politisk regulering. Språkbruk i staten har gjennom heile 1900-talet vore språkleg lovregulert. Ei av oppgåvene til Språkrådet er såleis å føra tilsyn med mållova. Heilt annleis er det i *næringslivet*, som i denne samanhengen står fram som nærast upløgd mark.

Rapporten har fått namn etter utgjevingsåret. Vi legg fram materiale frå dei aller siste åra. På nokre punkt tek vi med dokumentasjon som syner utviklinga over fleire år. På andre punkt er det ikkje tilgjengeleg dokumentasjon frå tidlegare år, og her vil det som kjem fram i årets rapport, danna grunnlag for samanlikning med komande språkstatusrapportar.

Dei siste åra har Språkrådet prioritert å henta inn relevant kunnskap, i tråd med føringar frå departement og storting. Innhaldet i rapporten vitnar om det. Dei fleste undersøkingane våre har vorte utførde i regi av eitt av fagråda i Språkrådet eller i samband med arrangementet *Språkdagen*. Prosjektsamarbeid med næringsliv, kulturliv og forvaltning har òg gjeve oss verdifullt kjeldemateriale. Utover det byggjer rapporten på dokumentasjon utarbeidd av andre – det dreier seg om både publisert og upublisert materiale.

Grunnleggjande spørsmål i norsk språkpolitikk ligg som tverrgåande liner gjennom fleire kapittel: forholdet mellom nynorsk og bokmål, forholdet mellom norsk og engelsk, forholdet mellom dei unge og språk, forholdet mellom norsk og andre språk.

## **Nynorsk og bokmål**

Like sidan Stortinget gjorde jamstillingsvedtaket sitt våren 1885, har vi hatt to skriftvariantar av norsk som må forholde seg til kvarandre. Den offentlege sfæren – særleg stat og skule – er underlagd ganske nøye regulering, for å sikra rettane til mindretalsvarianten.

Framleis er det berre eitt av fire statsorgan som oppfyller krava til fordeling av nynorsk og bokmål i sin tekstproduksjon. Det finst truleg etatsleiarar som ikkje har vilje til å gjera noko med situasjonen. Stortinget gjorde seinast i 2006 vedtak om at dei no venta at forvaltninga gjorde det dei skulle på dette området, men Språkrådets oversikt for åra frå 2007 til 2009 viser svært beskjeden betring. Når det gjeld godt og klart språk i staten, har det derimot skjedd mykje gledeleg. I 2008 tok Fornyings- og administrasjonsdepartementet initiativ til det treårige prosjektet «Klart språk i staten». Språkrådet har det språkfaglege ansvaret for prosjektet, medan Direktoratet for forvaltning og IKT har det praktiske og administrative ansvaret. I august 2009 delte fornyings- og administrasjonsministeren ut den fyrste Klarspråksprisen, som gjekk til Lånekassen.

Statusen til sjølve rettskrivingsarbeidet treng ein ikkje uroast over, skal ein tru undersøkinga

til Språkrådet frå 2008. Heile 80 prosent meinte det var viktig å ha ei offisiell rettskriving. Same undersøkinga viste òg at meir enn halvparten av dei spurde meinte at skulen gjer for lite for å læra elevane å skriva rett. Hyppige feil i avisene og likesæle i andre samanhengar når det gjeld ortografi og rettskriving, er kanskje tolerert av det store publikum, men truleg ikkje støtta av fleirtalet. Interesse for rett og godt språk kjem godt til syne år ut og år inn i talet på språkspørsmål som kjem inn til Språkrådet – i 2009 låg talet rundt 10 000. Det har vore ein jamn auke på heile totusentalet.

Elles er sjølv skriftkulturen i endring. Aldri før har det vore skriva så mykje av så mange som no (e-post, SMS, bloggar, netforum). Talemålsnær og dialektprega skriving står sterkt i desse nye sjangrane, og nye skrivekonvensjonar oppstår.

NRK må reknast som den viktigaste normspreiaren når det gjeld språk. Dialektbruken der frå 80-talet og frametter har nok bidrege til at ei rundspørjing i 2009 viste at 77 prosent var positive til dialektbruk blant programleiarar i riksdekkjande radio og fjernsyn. Men spørsmålet no er vel snarare om det i NRK skal vera noko anna enn dialektbruk, jf. debatten som gjekk hausten 2009. Ein kan sjå føre seg at bokmål standardtale stadig held seg, men at nynorsk standardtale forsvinn.

Forholdet mellom skriftvariantane nynorsk og bokmål på landsbasis har elles endra seg mindre dei siste 40 åra enn ein kunne venta. Frå midten av 70-talet til midten av 90-talet låg nynorskprosenten i grunnskulen stabilt rundt 17; i dag ligg han på vel 13. Når vi så tek omsyn til at folketalet har auka med om lag ein million i same tidsrom, vert konklusjonen at det er like mange som brukar nynorsk no som for ein generasjon tilbake.

## Norsk og engelsk

Den dominerande stillinga til engelsk som eit lingua franca over heile verda gjev alle språksamfunn i våre dagar (med unntak av dei engelskspråklege) ei felles utfordring.

Det er eit positivt funn at over 80 prosent ynskjer å verna og ta vare på norsk. Derimot er det mindre opplyftande at over 40 prosent ikkje bryr seg om kva for språk reklamen er på, sjølv om det stadig er over 30 prosent som er negative til engelskspråkleg reklame. Eit artig poeng i den samanhengen er at det er fleire av bedriftsleiarane enn blant folk flest som ikkje trur at engelsk er salsfremjande. Elles vert vi kanskje ikkje overraska over at heile 40 prosent av dei mellom 15 og 25 år meiner at engelsk er eit betre språk enn norsk (vel 20 prosent av folk flest elles meiner det same). Tala er urovekkjande nok, for dei viser haldningar til morsmål kontra engelsk. På den andre sida er det ikkje opplagt kva dei spurde legg i svara sine på eit slikt spørsmål.

I høgare utdanning viser undersøkinga vår frå 2009 at om lag kvar fjerde student på norske masterstudium tek studiet sitt på engelsk (undervisning så vel som oppgåveskriving). Prosentdelen studentar som skriv hovudfags- og masteroppgåver på engelsk, er mangedobla frå rundt 1990 til 2010. Når det gjeld forskning og publisering gjer same utvikling seg gjeldande. I 2007 var nesten 90 prosent av alle avhandlingane i Oslo, Bergen og Trondheim på engelsk – auken sidan 2001, berre seks år, var på nesten ti prosent. Her nærmar ein seg altså 100 prosent framandt språk. Innanfor samfunnsfaga låg andelen engelskspråklege artiklar på rundt 30 prosent i 1990. I 2010 ligg andelen på over 60 prosent; med andre ord over 100 prosent auke på tjue år.

Standard Norge fastset standardar for norsk næringsliv. Av 1054 standardar i 2008 låg berre 34 føre på norsk, berre ein av desse var på nynorsk. I 2010 er det gjeve statleg støtte til å få fleire standardar på norsk. Dei seinare åra har talet på ferdig utdanna fagomsetjarar frå Universitetet i Agder gått ned, og det har heller ikkje skjedd noka fagspråkleg styrking ved Noregs handelshøgskole i Bergen. Noreg stiller framleis i 2010 som det svakaste av dei tre skandinaviske landa når det gjeld terminologiske fagmiljø.

Det fekk merksemd at NHO og Språkrådet sommaren 2009 presenterte ein språkplakat for næringslivet med mottoet «Bruk norsk når du kan, og engelsk når du må». Og ei undersøking av bruken av norsk i populærmusikken, lagd fram i juni 2009, kom med ei skikkeleg gladmelding: 20 prosent av medlemene i artistorganisasjonen Gramart hadde gått frå engelsk til norsk, slik at rundt 45 prosent av dei no syng på både norsk og engelsk, medan kring 15 prosent berre syng på

norsk. Men snunaden vert lett å forklara når ein samstundes får vita at blant publikum tykkjer over 70 prosent at det har «blitt kulere å synge på norsk».

## Barn og ungdom

Det er ei grunninnsikt i all språkpolitisk tenking at det er borna og ungdomen som avgjer korleis det går i dei neste generasjonane. Derfor står opplæringsvilkår og haldningsarbeid så sentralt i alle land som er opptekne av korleis det går med språkutviklinga.

Språkstimulering tek til i barnehagen. Det gode samværet og den gode samtala mellom vaksne og born er ikkje berre leik; det er djupt alvor når ein veit at det er slike stunder som utviklar eit lite barn. Då er det viktig at språkstimuleringa ikkje vert prega av instrumentelle tilnærmingar.

Skulemålsstatistikken avdekkjer ein høg prosent av målbyte frå nynorsk til bokmål. Mest fråfall og nedgang i perioden 2005 til 2010 har det vore i Telemark og Buskerud. Taloversyn kan tyda på at i visse delar av landet byter så mange som ein tredel av nynorskbrukarane fødde etter 1970 til bokmål i vidaregåande eller seinare. Slike opplysningar demonstrerer eit omfattande språkpress, som det er forska lite på. Mange unge nynorskbrukarar får svært sparsam kontakt med nynorske tekster. Og det er framleis slik at mange nynorskelevar ikkje får lærebøkene sine i tide. Men situasjonen i 2009 er noko betre enn tidlegare.

I 2009 dukka det opp døme på nynorsk læremateriell som er under all kritikk reint språkleg. Ansvarleg er NDLA (Nasjonal digital læringsarena), som utviklar læremiddel for vidaregåande skular i heile Noreg. (I februar 2010 vart nynorskstoffet om kroppsøving trekt tilbake på grunn av dårleg språk.)

Stikkprøver viser at fylkeskommunane berre i liten grad kontrollerer kvaliteten på læremiddel som vert kjøpte inn. Samstundes er det ei veksande utfordring at skilnadene mellom skulane ser ut til å auka. Ansvar for opplegg og innhald har gradvis vorte meir og meir ei sak for fylkeskommunane, som eig skulane.

Tala i rapporten vår viser at tre fjerdedelar av elevane i andre trinn på vidaregåande (VG2) nyttar datamaskin i norskfaget. Over 80 prosent på VG2 brukar datamaskin til å skriva med, noko som då truleg vil seia at dei lit på retteprogrammet som sikring av korrekt skriving. Språkrådet kjem i 2010 til å undersøkje tilhøvet mellom rettskrivinga og retteprogramma.

## Mangfald

Rapporten tek òg føre seg emne som gjeld andre språk i Noreg og våre nordiske grannespråk. Det er eit nedslåande faktum for det nordiske samarbeidet innan kultur og næring når undersøkingar viser at grannespråksforståinga er svekt i perioden frå 1970 til 2005. Dei tre skandinaviske landa har grannespråk som del av læreplanen i skulen. Timetalet har likevel ikkje auka sidan 1990-talet, viser ei 2009-undersøking. Aktiviteten er rett og slett for låg til at undervisninga har noko å seia for grannespråksforståinga til elevane.

Framlegget frå januar 2010 om ein felles nordisk fjernsynskanal må difor helsast velkome. Opprettinga i 2009 av ei stilling som nordisk språkpolitisk koordinator er like eins eit positivt tiltak. No bør det verta ny gjev til tanken om å utvikla meir språkleg harmonisering innanfor visse terminologifelt. Det skandinaviske mangfaldet føreset at dei interne skilnadene ikkje vert for store om vi skal ha praktisk nytte av det.

I vårt eige land er det meir språkleg mangfald enn nokon gong. *Mål og meining* reflekterer dette ved at Språkrådet får utvida ansvaret sitt til å gjelda teiknspråk og minoritetsspråk. I 2010 vil Språkrådet lysa ut ei stilling med teiknspråk som arbeidsfelt. Etter kvart vil det òg koma ein rådgjevar som skal arbeida med dei nye minoritetsspråka i Noreg.

Samisk har lenge hatt sitt eige språkråd, som etter kvart dessutan har vorte bygd ut til å vera eit nordisk språkråd. Men ved årsskiftet 2009/2010 møttest samepolitiske representantar og Språkrådet til drøfting. Konklusjonen var at det kan vera fornuftig å etablera meir formalisert kontakt.

## **Avslutning**

Det overordna målet med denne fyrste rapporten har vore å peika på dei samfunnsområda for kunnskapsinnhenting som det er strategisk viktig å følgja i åra framover. Kunnskapen skal gjera det mogeleg å ha meir faktabaserte oppfatningar om utviklinga og effekten av politikken.

Til grunn for den nye rapporteringspraksisen ligg ei forståing av at også norsk språk er i ein pressa situasjon. I sum handlar rapporteringa om å dokumentera bruk av norsk og haldningar til norsk. Auka dokumentasjon om dette gjer det mogeleg å setja inn tiltak på område der ein vurderer at situasjonen er mest urovekkjande.

Det nye ved *Språkstatus 2010* er ikkje fyrst og fremst den informasjonen som rapporten inneheld, sjølv om her også er fersk kunnskap henta inn av Språkrådet. Det nye er samanstillinga av informasjon og kartlegginga av faktorar som påverkar tilstanden for norsk på ulike samfunnområde. Særleg no i starten må vi leva med at rapporteringa har informasjonslakunar og manglande dekking. Likevel er slik faktabasert kartlegging det beste grunnlaget vi har for politisk handling.

Sylfest Lomheim  
direktør i Språkrådet

# 1 Språkhaldningar

*Folk i Noreg har jamt over positive haldningar til norsk språk i ulike variantar. Det gjev seg fleire utslag. Nordmenn er positive både til normering av skriftspråket og bruk av dialekt i radio og fjernsyn. I møtet mellom norsk språk og engelsk viser det seg at få, både av forbrukarar og bedriftsleiarar, meiner at engelsk språk i reklame i seg sjølv er salsfremjande. Eit stort fleirtal meiner at norskspråkleg populærmusikk har fått høgare status dei siste åra.*

Det er uråd å gje noko samla oversyn over det som finst av informasjon om språkhaldningar i Noreg. Vi vel derfor å presentera funn frå undersøkingar som Språkrådet har fått gjennomført i åra 2007–2009. Det gjennomgåande emnet er kva status norsk språk har jamført med engelsk i Noreg. Vi ser på haldningar til norsk og engelsk generelt, og på haldningar til norsk og engelsk i reklame og i populærmusikk. I denne samanhengen diskuterer vi ikkje dei metodologiske problemstillingane som knyter seg til måten ein undersøker haldningar.

Elles ser vi på haldningar til ustandardisert norsk andsynes standardisert skrift og tale. Eit landsrepresentativt utval har vorte utspurt om haldningar til bruk av dialekt og norsk med utanlandsk aksent i radio og fjernsyn. I den same spørjegranskinga vart det undersøkt om norske språkbrukarar meiner det er viktig med eit standardisert norsk skriftspråk.

I eit slikt kapittel ville det ha vore naturleg å ha med opplysningar om haldningar til nynorsk og bokmål. Den tilgjengelege statistikken er ikkje ny nok til at han kan takast med her. Derimot finst det mykje informasjon samla i oppslagsboka *Språkfakta 2010*, som er fritt tilgjengeleg på nettsidene til Nynorsk kultursentrum. Boka har ein tabelldel («7. Haldningar til språk») og eit kapittel med kommentarar til tabellane. *Språkfakta 2010* inneheld statistikk som både gjeld haldningar til norsk andsynes engelsk, nynorsk andsynes bokmål og dialekt andsynes standardspråk.

## Generelle språkhaldningar

I 2008 gjennomførde Synovate ei omdømmeundersøking for Språkrådet. I ein del av undersøkinga vart respondentane bedne om å ta stilling til desse tre påstandane:

- 1 *Det er viktig at vi har en offisiell rettskrivning.*
- 2 *Skolen gjør for lite for å lære elevene å skrive riktig.*
- 3 *Engelsk er et bedre språk enn norsk.*

Heile 81 prosent av dei spurde sa seg heilt samde i at det er viktig at vi har ei offisiell rettskriving i Noreg. 14 prosent sa seg delvis samde i påstanden. Det er såleis bortimot full støtte i befolkninga for at norsk skriftspråk skal normerast. Dei yngste, aldersgruppa 15–24 år, er litt mindre samde i påstanden, med 70 prosent heilt samde og 25 prosent delvis samde.

På den andre påstanden svara til saman 34 prosent at dei er heilt samde og 30 prosent at dei er delvis samde i at skulen gjer for lite for å lære elevane å skriva riktig. Her må det understrekast at dette er ei undersøking av folks haldningar, ikkje av den faktiske tilstanden i skulen. Det er dei eldste, 60 år og eldre, som er aller mest samde i påstanden (42 prosent heilt samde og 27 prosent delvis samde).

På den tredje påstanden svara 46 prosent at dei er heilt usamde og 18 prosent at dei er delvis usamde. 11 prosent sa seg heilt samde, 14 prosent delvis samde. Påstanden står ukommentert i spørjegranskinga, slik at ulike respondentar kan ha lagt ulikt innhald i han. Det går ikkje fram av svara om dei meiner at engelsk er eit betre språk enn norsk *for dei sjølve* i visse samanhengar, eller

om dei meiner engelsk er betre språk enn norsk *i seg sjølv* eller ikkje. Den sterkaste tendensen er at det i aldersgruppa 15–24 år er flest som meiner at engelsk er eit betre språk enn norsk, 43 prosent av dei er heilt eller delvis samde i påstanden. Ikkje i nokon andre aldersgrupper er det så store utslag.

### **Dialekt og standard i kringkasting**

I 2009 gjennomførde TNS Gallup ei spørjeundersøking om haldningar til bruk av dialekt, standardisert tale og aksentprega norsk i radio og fjernsyn på oppdrag frå NRK og Språkrådet. Fyrsteamanuensis Lars Anders Kulbrandstad ved Høgskolen i Hedmark hadde det faglege ansvaret for undersøkinga.

Jamt over er folk positive til bruk av dialekt i radio og fjernsyn. Til saman 77 prosent svara at dei er heilt eller litt samde i at det er greitt med dialekttalende programleiarar i riksdekkjande kanalar, medan 84 prosent meiner det er greitt med dialekt i distriktssendingar. Det er ein tendens til at kvinner er noko meir dialektvenlege enn menn. Berre 17 prosent av dei utspurde er negative til dialekt i riksdekkjande sendingar, medan 11 prosent er negative til dialekt i distriktssendingar.

I den same undersøkinga vart haldningane til norsk med utanlandsk aksent undersøkte. Dei spurde er jamt over noko mindre positive til aksentprega norsk i riksdekkjande program. Likevel er over halvparten, 54 prosent, positive til at programleiarar i riksdekkjande sendingar talar norsk med utanlandsk aksent, medan 32 prosent er negative. Jamt over er kvinner meir positive til aksentprega norsk (60 prosent) enn menn (49 prosent). Det er i aldersgruppa 30–44 år vi finn dei med mest positiv innstilling; 60 prosent er positive (Kulbrandstad 2009).

Hausten 2009 har det vore eit offentleg ordskifte om dialektbruk i Dagsrevyen i samband med at NRK har gjeve programleiaren Ingerid Stenvold lov til å bruka dialekt. Språkreglane til NRK seier at programleiarar i nyheitssendingar i utgangspunktet skal bruka normert nynorsk eller bokmål, men at redaktørane kan gjera unntak, slik dei har gjort i Stenvolds tilfelle (jf. *språkreglar i NRK* § 1.1). I spørjeundersøkinga til TNS Gallup vart respondentane ikkje utspurde særskilt om haldningar til dialektbruk i riksdekkjande nyheitssendingar.

### **Bruk av engelsk i reklame og marknadsføring**

Som del av undersøkingane TNS Gallup utførde i 2008 og 2009 om bruk av engelsk i reklame og næringslivet (jf. kapitlet «Språkbruk i arbeids- og næringslivet»), vart både bedriftsleiarar og publikum utspurde om sine haldningar til bruk av engelsk språk i reklame og marknadsføring retta mot den norske marknaden. Alle opplysningane i dette avsnittet er henta frå Simonsen (2009), der heile undersøkinga er meir inngående presentert.

Eit hovudfunn er at mange forbrukarar i det heile ikkje bryr seg mykje om kva for språk reklamen er på. Heile 42 prosent seier at dei er likesæle til språket i reklamen, men fleire (36 prosent) er negative enn direkte positive (20 prosent) til engelskspråkleg reklame. 38 prosent seier at dei føretrekkjer å handla i butikkar som brukar norsk i marknadsføringa, men 87 prosent seier at bruk av engelsk i marknadsføringa ikkje ville få dei frå å kjøpa eit produkt. Mange meiner dessutan at engelsk er heilt ueigna til å marknadsføre «typisk norske» produkt, medan dei er mindre skeptiske til at utanlandske og internasjonale produkt vert marknadsførde på engelsk.

Det er fleire i befolkninga (75 prosent) enn blant bedriftsleiarane (68 prosent) som meiner at engelsk i seg sjølv ikkje er salsfremjande. I den gruppa som meiner at engelsk er salsfremjande, er det fleire i befolkningsutvalet (22 prosent) enn blant bedriftsleiarane (17 prosent). Når respondentane vert bedne om å ta stilling til om berre norsk bør brukast i reklame og marknadsføring i Noreg, er det fleire blant bedriftsleiarane som er samde (62 prosent) enn i befolkninga elles (51 prosent). 37 prosent av bedriftsleiarane er usamde i påstanden, medan 47 prosent i befolkninga er det. Det er eit interessant funn at den prinsipielle motviljen mot engelsk i reklame er større blant dei som sjølve reklamerer for sine produkt, enn blant forbrukarane.

## Haldningar til engelsk i norsk

I november 2007 undersøkte Burson-Marsteller haldningar til bruk av engelsk i ulike situasjonar for Språkrådet. Dei 800 respondentane vart m.a. utspurde om haldningar til bruk av engelske lånord og uttrykk i norsk tale og skrift.

Jamt over meiner folk at det er viktig å verna og bruka norsk språk. Heile 88 prosent er heilt samde eller samde i at det er viktig å verna det norske språket, og 86 prosent er heilt samde eller samde i at det er viktig å bruka norske ord og uttrykk. Likevel viser funna at heile 50 prosent er heilt samde eller samde i at det ofte er mykje enklare å bruka engelsk ord og uttrykk. Med utgangspunkt i at fleire butikkjeder hadde byrja å annonsera med «sale» i staden for «sal» eller «salg», viste undersøkinga at 21 prosent hadde ei positiv eller nøytral haldning til det. Tendensen er at dei yngste (under 39 år) er langt meir positive enn dei eldste, og at dei med låg utdanning er meir positive enn dei med høg.

I tillegg til haldningar til bruk av engelsk i norsk vart respondentane utspurde om kor ofte dei sjølve meiner at dei brukar engelske ord og uttrykk i eiga daglegtale. Det er tydelege skilnader i frekvensen mellom ulike grupper; særleg alder og geografi gjev store utslag. Mange blant dei yngste (under 30 år) seier at dei brukar engelske ord og uttrykk dagleg (68 prosent), medan berre 31 prosent i aldersgruppa 50 år og eldre gjer det. Dessutan er dagleg bruk av engelsk i norsk tale meir utbreidd i Oslo (60 prosent) enn i nokon annan landsdel. Oslo er den einaste staden i landet der meir helvta rapporterer at dei brukar engelske ord og uttrykk kvar dag. Funna viser dessutan at menn (52 prosent) brukar engelsk oftare i eiga daglegtale enn kvinner (40 prosent).

## Haldningar til norsk populærmusikk med engelske songtekstar

I 2009 undersøkte Synovate m.a. haldningar til norskspråklege tekstar i populærmusikken på oppdrag frå Språkrådet og artistorganisasjonen Gramart. I tillegg til å undersøka faktisk bruk av norsk og engelsk blant medlemene tok undersøkinga føre seg haldningar til bruk av songtekstar på norsk og engelsk både blant Gramart-medlemmer og publikum.

Funna i undersøkinga viser tydeleg at både artistane sjølve og publikum er grunnleggjande positive til norskspråkleg musikk. Berre enn 5 prosent av publikum seier at dei er uinteresserte i norskspråkleg musikk. Heile 77 prosent seier seg samde i påstanden «Det er blitt kulere å synge på norsk», og 54 prosent er samde i påstanden «Norsk tekst gjør at jeg lettere kjenner meg igjen i musikken». Folk har ulikt syn på norske tekstar i ulike sjangrar. Aller best meiner dei norsk høver i viser, folkemusikk, dansebandmusikk og pop/rock. Dårlegast meiner dei at norsk høver norsk i jazz, metal, blues og elektronika.

Undersøkinga blant Gramart-medlemene viser at 38 prosent berre syng på engelsk, 16 prosent berre på norsk, og at heile 46 prosent syng på både engelsk og norsk. Berre 8 prosent av medlemene er samde i påstanden «Jeg må synge på engelsk fordi det er mest akseptert i musikk-Norge». Dei to viktigaste grunnane til å syngja på engelsk er at artistane har ambisjonar om internasjonal karriere (74 prosent), og at engelsk er «morsmålet» til pop og rock (73 prosent). Det er endå færre blant Gramart-medlemene (7 prosent) enn i befolkninga generelt (13 prosent) som trur at norske tekstar står i vegen for sal av musikk i Noreg (Skovholt mfl. 2009).

## Kjelder

Burson-Marsteller (2007): Engelsk i norsk dagligtale. (upublisert spørjeundersøking)

Grepstad, Ottar (2010): Språkfakta 2010. Nynorsk kultursentrum.

<http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=4395>

Kulbrandstad, Lars Anders (2009): Holdninger til dialekt og aksentpreget norsk.

<http://www.sprakrad.no/upload/Notat%20om%20NRK-unders%C3%B8kelse.pdf>

NRK: Språkreglar for NRK. <http://www.sprakrad.no/Politikk-Fakta/Spraakpolitikk/NRK/>

Simonsen, Dag Finn (2009): En undersøkelse av holdninger til engelsk i næringslivet.

<http://www.sprakradet.no/upload/N%c3%a6ringslivet/Unders%c3%b8kelse%20n%c3%a6ringsli>

v%20reklame%20engelsk%5b1%5d.pdf

Skovholt, Karianne, Line Endresen og Hanne Vaagen (2009): Norsk musikk på norsk. Rapport fra en spørreundersøkelse om norsk språk i dagens Musikk-Norge. Språknytt 3/2009

Synovate (2008): Språkrådets omdømme. (upublisert spørjeundersøking)

Synovate (2009): Kartlegging av bruk og omdømme av norsk språk i dagens musikk-Norge. (upublisert rapport)

TNS Gallup (2009): Holdningsundersøkelse om språk uke 21/09.

<http://www.sprakradet.no/upload/Rapport%20fra%20NRK-unders%c3%b8kelse.pdf>



## 2 Rettskrivingsnormer og språkutvikling

*Folk flest stør at Noreg har ei offisiell rettskriving. Ordlistar, skulebøker og andre hjelpemiddel som språkbrukarane treng for å kunne læra og følgja normene, har varierende kvalitet. Det manglar gjennomarbeidde definisjonsordbøker til skulebruk. Språkbrukarane møter både offisielle og uoffisielle normer og unormert skriftspråk, og mange er i tvil om kvar grensene går.*

Stortingsmeldinga *Mål og meining* gjer det klart at norsk rettskriving er eit offentleg ansvar, slik det har vore gjennom heile 1900-talet. Grunnleggjande spørsmål som gjeld språknormer og normering, var tema på Språkdagen 2009. Standardspråket – fyrst og fremst skriftspråket – har vorte ein del av infrastrukturen i eit moderne samfunn, med mange funksjonar. Det er ein arbeidsreiskap for offentleg forvaltning og i arbeidslivet elles, og det er gjennom skriftspråket skuleelevane lærer dei ulike faga. Det er eit kommunikasjonsmiddel mellom alle delar av samfunnet og eit personleg gode for kvar enkelt, som uttrykksmiddel og som del av identiteten (Grønvik 2009).

Kring overgangen frå 1900- til 2000-talet har det gradvis kome ei dreining i offisiell norsk språkpolitikk bort frå tilnæringslina og store rettskrivingsreformer til stabilitet i rettskrivinga og til at kvar målform skal normerast på sjølvstendig grunnlag. Bokmål og nynorsk er no to godt etablerte skriftspråk som ikkje har endra seg særleg mykje dei siste tiåra, men Språkrådet har i oppgåve å halda auge med utviklinga, og ei ny ordning for offisiell normering er venta. Etter at Norsk språkråd vart nedlagt ved årsskiftet 2004/2005 og avløyst av Språkrådet, har det ikkje vore noko særskilt normeringsorgan for norsk språk. Kulturdepartementet tek i samråd med Språkrådet sikte på å etablere «eit nytt behandlings- og vedtakssystem for nødvendig normvedlikehald og nynormering» (*Mål og meining*). Språkrådet har kome med innspel til ei slik nyordning i 2009, men noka ny ordning er enno ikkje fastsett i fyrstninga av 2010.

Etter 2005 har det ikkje vore gjort nokon rettskrivingsvedtak, men fagrådet for normering og språkoobservasjon i Språkrådet har gjeve tilrådingar om m.a. namnespørsmål av ulike slag og drøfta allmenne transkripsjonsreglar.

Språkrådet har meint at det er viktig å kartleggja faktisk språkbruk for å få best mogeleg grunnlag for eventuelle justeringar, slik at skriftnormalane kan fungera godt på lengre sikt. Både former som dominerer, former som knapt er bruka, og former som valdar særlege vanskar og gjev mykje feil, er aktuelle å kartleggja. Databehandling gjer det mogeleg å finna ut korleis valfridomen innanfor bokmål og nynorsk vert utnytta av språkbrukarane. Fagrådet for normering og språkoobservasjon fekk i 2009 utført eit pilotprosjekt for å finna samvariasjon i rettskrivingsmønster i avisspråk. Meininga er å utvikla ein metode som kan brukast til å avdekkja mønster også i andre typar tekstar (Dyvik 2009a og 2009b).

### **Ny bokmålsrettskriving 2005 – stabil norm?**

Den nye rettskrivinga for bokmål tok til å gjelda 1.7.2005, etter at saka hadde vore førebudd i Norsk språkråd. Med denne reforma vart skiljet mellom hovudformer og sideformer oppheva, og ein del lite bruka former vart tekne ut. Endringane galdt elles særleg bøyingsformer av substantiv og verb. Språkrådet har fått tilbakemeldingar som tyder på at mange av endringane neppe vert oppfatta som endringar fordi reforma særleg tok omsyn til utbreidd språkbruk. Språkrådet har informert om reforma på fleire vis, m.a. ved å senda ut ein informasjonsbrosjyre til alle skulane i landet. Reforma har ikkje vekt nemneverdig oppstuss eller debatt.

## Ny gjennomgang av nynorskrettskrivinga

Norsk språkråd arbeidde med revisjon av nynorsknorma parallelt med revisjonen av bokmål. Men Kulturdepartementet meinte at det framlegget som vart resultatet i 2003, ikkje var godt nok grunnlag for ei stabil norm. Med *Mål og meining* frå 2008 og drøftinga av henne i Stortinget våren 2009 hadde Språkrådet grunnlag for å setja i gang revisjonen av nynorsknorma på nytt. Styret i Språkrådet gav ved årsskiftet 2009/2010 ei rettskrivingsnemnd i oppdrag å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. Tidsramma er at Språkrådet skal ha eit ferdig framlegg til departementet 15. mai 2011. Planen er vidare at den nye norma skal gjelda frå skulestart 2012, og at det då ligg føre ajourførte utgåver av *Nynorskordboka* og godkjende skuleordlister.

Språkrådet legg vekt på at arbeidet skal gå føre seg på ein open og inkluderande måte. Styret har understreka at ulike synspunkt og meiningar skal få koma fram, sidan mange er opptekne av kva som skal vera med i rettskrivinga, og fordi dette spørsmålet heng saman med diskusjonen om korleis nynorsken kan halda på posisjonen sin blant språkbrukarane og ikkje missa oppslutning.

## Ordbøker og ordlister med offisiell rettskriving

Språkrådet skal etter opplæringslova § 9-4 godkjenna ordlister til skulebruk. Etter 2005, då det kom større rettskrivingsendringar for bokmål og nokre mindre endringar for nynorsk, har Språkrådet godkjent i alt 20 ordlister, 13 bokmåls- og 7 nynorskordlister. *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* kom i oppdaterte utgåver i 2006, og dei kan kjøpast i bokhandlane eller lesast på Internett på nettadressa [www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html](http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html).

## Begynnarordbøker

Det manglar gjennomarbeidde definisjonsordbøker til skulebruk. Dei tradisjonelle skuleordlistene gjev fyrst og fremst informasjon om rettskriving, men er til lita hjelp når det gjeld ordkunnskap og utvikling av omgrep. Språkrådet har teke eit initiativ for å få utvikla begynnarordbøker på bokmål og nynorsk, og har fått positive fråsegner frå Lesesenteret og Skrivesenteret om planen. Dette initiativet skal førast vidare.

## Norske ordbøker på nettet

Nettutgåvene av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er no oppdaterte med dei siste rettskrivingsendringane frå 2005. I 2008 vart det gjort 14,8 millionar søk i *Bokmålsordboka* og 10,7 millionar i *Nynorskordboka*. Bruken er tredobla på fire år og aukar stadig. Universitetet i Oslo og Språkrådet arbeider med omlegging av søkjegrensensnittet for å gjera det meir brukarvenleg. På nettstaden til Dokumentasjonsprosjektet ([www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)) kan ein òg søkja i setelarkivet og det såkalla *Grunnmanuskriptet* til *Norsk Ordbok*, ei gammalnorsk ordbok, nyordsmateriale og ei rekkje eldre dialektordsamlingar.

Kunnskapsforlagets *Ordnnett* ([www.ordnett.no](http://www.ordnett.no)) er den største private ordboktenesta, med tospråklege ordbøker til og frå sju europeiske språk, fagordbøker, synonymordbok og framandordbok i tillegg til *Norsk Riksmålsordbok* og *Norsk Ordbok med 1000 illustrasjoner* (riksmål og moderat bokmål). I november 2005 vart det gjort 50 000 søk dagleg i ordbøkene, og i eksamenstida 1.–3. desember 2009 vart det sett ny rekord med eit snitt på 1 174 000 søk per dag. Det er gjort flest søk i engelsk–norsk- og norsk–engelsk-ordbøkene, på tredje plass kjem *Norsk Ordbok med 1000 illustrasjoner* (29 millionar søk sidan 2004), og på fjerde plass *Nynorsk rettskrivingsordbok*.

Det nordiske samarbeidsprosjektet Lexin tilbyr gratis søk i ordbøker til og frå nordiske språk (dansk, svensk, islandsk, nynorsk og bokmål) til ni ikkje-europeiske språk. Målgruppa er innvandrarar og flyktningar. Ved utgangen av fyrste kvartal 2008 var det 69 104 unike brukarar i månaden og 5282 vitjingar i gjennomsnitt per dag, ei firedobling frå sommaren 2005.

Det finst òg andre intranordiske ordbøker på nettet i tillegg til ein samisk orddatabase med omsetjing til fleire skandinaviske språk (under Sametinget på [www.risten.no](http://www.risten.no)).

Ei prøveutgåve av ei norsk teiknordbok ligg på [www.tegnordbok.no](http://www.tegnordbok.no).

Om norske term- og fagordbøker, sjå kapitlet «Fagspråk og terminologi».

Det er fleire andre betalingstenester og fritt tilgjengelege ordkjelder på Internett. Wiktionary er ei brukarlaga ordliste med over 120 000 norske ord. Her kan det leggjast inn svært mykje nyttig informasjon om og koplingar mellom orda (og mellom ulike språk), men kvaliteten er førebels svært varierende. Mange titals dialektordlister er lagde ut på nettet dei siste åra, men det meste av ordtilfanget i dei finst truleg allereie i basane ved Universitetet i Oslo.

### **Statusen til den offisielle rettskrivinga**

Ei undersøking blant eit representativt utval av befolkninga som Språkrådet fekk gjort i 2008, tyder på at den offisielle normeringa av dei to standardspråka bokmål og nynorsk står sterkt i Noreg. Åtte av ti sa seg samde påstanden «Det er viktig at vi har en offisiell rettskriving» (Synovate 2008).

Mange store skriftprodusentar opererer med eigne normer, dels trongare normer (subnormer) innanfor offisiell rettskriving, dels normsett som inkluderer uoffisielle former. Det gjeld ikkje minst mediebedrifter som heilt eller delvis held seg til ei riksmålsnorm. Etter bokmålsreforma i 2005 vart avstanden mellom riksmål og moderat bokmål mindre enn før. I det store og heile dominerer moderat bokmål i media, og det pregar oppfatninga av kva som er korrekt og gangbar språkbruk.

### **Kompetanse i bruk av rettskrivingsnormer**

Språkspørsmåla som Språkrådet får frå publikum (om lag 10 000 i året), viser at mange er usikre på korleis ein skriv på norsk. Vi veit at mange skriv mykje utanfor skule og arbeid, ikkje minst i dei sosiale media, og det må vera positivt for skriveugleiken. I desse nye media er det ganske vanleg å skriva på dialekt (sjå omtale i kapitlet «Språkbruk i kultursektoren»). Det har vore reist spørsmål om skrivning på dialekt gjer den formelle språkinnlæringa vanskelegare. Det er moegeleg at det utviklar seg ei funksjonsfordeling mellom uformelle tekstar og korrekt skrivning, og på dette feltet trengst det undersøkingar.

Samstundes vert nye skriftteikn tekne i bruk. Ei undersøking Språkrådet har utført, viser at vaksne i arbeidslivet brukar smilefjes i e-post for å forsterka hyggelege bodskapar og dempa ubehagelege bodskapar. Slike teikn kan òg signalisera at ein tekst er ironisk meint (Skovholt 2009).

Det er ikkje kartlagt om den formelle språkkompetansen blant folk er dårlegare enn før. Ei undersøking har likevel vist at mange er tvilande til om skulen gjer nok for å læra elevane å skriva riktig (Synovate 2008) (dette er nærare omtala i kapitlet «Språkhaldningar»).

Det er gjort ein del granskingar av korleis språknormene, både offisielle og uoffisielle, vert bruka i praksis. Ei vanleg problemstilling er korleis ulike grupper meistrar dei formelle sidene ved språket, rettskriving og skrivereglar, jf. t.d. omtala av avisspråk i kapitlet «Språkbruk i kultursektoren».

KAL (*Kvalitetssikring av læringsutbyttet i norsk skriftlig*) var ei omfattande undersøking av eksamenstekstane til 10.-klasselevar i norskfaget i perioden 1998–2001. Skrivesenteret (Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning) konkluderer slik: «Kort samanfatta viser studien at skriveferdigheitene til norske 15- og 16-åringar gjennomgåande er bra» (Skrivesenteret 2009). Det er ikkje lett å jamføra elevprestasjonar mellom ulike land, men ein veit at elevar kan ha problem med dei same tinga på tvers av landegrensene. Mellom anna har både norske, danske og svenske elevar problem med enkel og dobbel konsonant og med såkalla stumme bokstavar. Ein studie viser at få elevar i desse tre landa skriv feilfritt når dei går ut av den vidaregåande skulen (Hoel 1995).

Ein komparativ analyse av norske rettskrivingsstudiar etter 1980 (Johnsen 2009) konkluderer m.a. med at mange er utrygge i norma, og at dei er meir utrygge i nynorsk enn i bokmål. I desse studiane er det mest elevar som er undersøkte, men òg studentar. Om årsakene til rettskrivingsavvik konkluderer forfatternen m.a.: «I dei studiane eg har lese, er dei generelle tendensane at bokmålstekstar har ei klar hovudvekt av avvik som kjem frå påverknad frå talemålet, medan nynorsktekstane har relativt høg frekvens av bokmålssamsvar» (Johnsen 2009).

Ei undersøking tok i 2008 føre seg kva elevar i den vidaregåande skulen i Møre og Romsdal kan og meiner om valfridomen i nynorsk. Granskinga viser at sjølv om elevane seier at valfridomen er viktig for dei, er det svært varierende kor mykje dei veit om kva som er rett og gale. Mange oppfattar klammeformer som ukorrekte (Aanes 2009).

Fleire undersøkingar viser at særskriving av samansette ord er ein vanleg feil blant både skuleelevar og studentar (Vollan 2009).

Ims (2007) er ein brei studie av kva val redaksjonane i 126 norske aviser har gjort når det gjeld skriftspråk. Det viste seg at det er dei konservative og moderate formene som står sterkast i avisspråket når det gjeld bokmål. Nesten halvparten av bokmålsavisene i materialet opplyste dessutan om at variasjonen innanfor bokmålsnormalen vert utnytta til stilistisk variasjon. Når det gjeld nynorsk, ser det ut til at hovudformene står sterkast som eineformer, og at nynorsk primært kan knytast til lokalavisene og Vestlandet.

### **Ordlister som normdannar i skulen**

I skulen får elevane opplæring i offisiell rettskriving, fyrst i hovudmålet, seinare òg i sidemålet. Det vert lagt vekt på at elevane skal læra å bruka oppslagsverk. Til eksamen er no i dei fleste tilfelle mest alle hjelpemiddel tillatne. Språkrådet har påpeikt overfor skulestyresmaktene at godkjenningsordninga for skuleordlister står i fare for å verta uthola, og at det kan føra til at elevane ikkje får påliteleg opplæring i normene. Stavekontrollen i dataprogram kan gje misvisande rettleiing, jf. kapitlet «Språk og IKT». Tilstanden i dag er at mange offentlege organ, blant dei skular, brukar elektroniske ordlister og ordbøker som ikkje gjev eintydige opplysningar om korrekt rettskriving. I tillegg har både Språkrådet, elevar, lærarar og andre aktørar merkt seg at lærebøker, som ikkje har noka språkleg godkjenningsordning, ofte har språkfeil. Til dømes trekte Nasjonal digital læringsarena (NDLA), som er ått av fylkeskommunane, attende eit digitalt læremiddel i kroppssøving for vidaregåande skule fordi teksten hadde svært mange nynorskfeil. Læremiddelet vart fjerna etter at avisa Dag og Tid tok opp saka i februar 2010.

### **Nyord og avløyсарord**

Ordtilfanget i eit språk endrar seg raskt. Derfor er det viktig å sjå på nye ord og uttrykk i eit språk når ein vil følgja språkutviklinga. Det er også ved å sjå på nyorda at vi kan sjå om og eventuelt kvar det verkeleg er domenetap til engelsk.

I 1982 gav Norsk språkråd ut ei ordbok over nye ord i norsk: *Nyord i norsk 1945–1975*. Universitetet i Oslo samarbeider no med Språkrådet om å gje ut oppfølgjaren *Nyord i norsk 1975–2005*, som venteleg vert ferdig i 2010.

Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo samarbeider med Uni Digital og Kaldera språkteknologi for å overvaka nyordtilfanget meir systematisk. Dei har utvikla ein semiautomatisk metode som dei kan bruka på avistekstar (dei fleste nyorda vert truleg bruka i aviser) for å effektivisera innsamlinga av nye ord. Denne nye teknologien har gjeve gode resultat og vil gjera arbeidet med å kartleggja leksikalsk språkending lettare (Fjeld 2010).

I mars 2000 lanserte Norsk språkråd «Ordsmia», eit tiltak for norske avløyсарord. «Ordsmia» omfatta eit ope e-postforum for språkinteresserte, ei liste med avløyсарord og rettleiing i «ordsmiing». Dei fyrste åra sende dei kring 300 påmelde fleire tusen innlegg. Det nyttigaste tilfanget vart lagra i ein database, og dei beste avløyсарane vart offentleggjorde. Aktiviteten har minka, og Ordsmia vert no avvikla. Ei masteroppgåve evaluerte arbeidet i Ordsmia, og konkluderte mellom anna med at i ordsiftet hadde ein problem med å skilja mellom allmennord og datatermar (Torp 2007).

### **Språkspørsmål og rådgjeving**

I vedtektene for Språkrådet står det i § 1 at «Språkrådet skal driva utoverretta informasjonsverksemd og i rimeleg omfang gje råd og rettleiing til alle som vender seg dit med språklege

spørsmål». Språkleg rådgjeving er dermed ein viktig del av arbeidet i Språkrådet, og årleg kjem det inn om lag 10 000 spørsmål på telefon og e-post. Spørsmåla deler seg i ulike tematiske kategoriar, ein kan grovt seia at om lag 30 prosent av spørsmåla handlar om skrivemåte, bøyning og praktiske skrivereglar, 30 prosent av spørsmåla handlar om ordval og om korleis ein bør formulera seg, 10 prosent spør om etymologi, 10 prosent om terminologi og dei resterande har andre spørsmål. Oversikta gjeld berre skriftlege spørsmål og er utarbeidd på bakgrunn av om lag 4000 e-postar (Simonsen 2009).

Nettsidene til Språkrådet hadde nesten 750 000 besøk i 2009. På nettsidene ligg det mellom anna skrivereglar, nynorsk kurs og svar på ymse språkspørsmål.

I tillegg til Språkrådet er det fleire andre aktørar som driv med språkleg rådgjeving.

## Talemål

Dokumentasjon av tradisjonelt norsk talemål, særleg bygdemål, finst fyrst og fremst ved målførearkiva ved universiteta i Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø og i talrike dialektstudiar.

Nyare norsk talemålsgransking er helst sosiolingvistisk, som til dømes prosjektet «Talemålsending i Noreg» (TEIN, 1998–2002). Emnet er då ikkje så mykje språkdraga i seg sjølve som utbreiinga deira i språksamfunnet, den sosiale variasjonen, og ikkje minst: språket som identitetsfaktor.

Hovudtrenden i talemålsutviklinga er standardisering, regionalisering og urbanisering, og prosessane er godt skildra i både kvantitative og kvalitative studiar. Tradisjonelle bygdemålsdrag forsvinn fort, særleg ordtilfang som er lite nytta i standardspråka. Interesse for slike drag er lita blant forskarane i dag, men dette kan endra seg når tilfang frå målførearkiva og er digitalt tilgjengeleg og *Norsk Ordbok* er fullført.

To av dei største talemålsgranskingane i Noreg i nyare tid har dreidd seg om målet i Oslo (TAUS, på 1970-talet) og Bergen (TUB, på 1980-talet). Men både før og seinare har det vore forska mykje på målbruk utanfor dei største byane, tidlegare i tradisjonsperspektiv, sidan i regionaliseringsperspektiv. Det er fyrst det siste tiåret at interessa for alvor har vendt seg mot det nye talemålet i sjølve byane, særleg det som vert kalla multietnolektisk norsk og «kebabnorsk». I prosjektet «Utviklingsprosesser i urbane språkmiljøer» vart strukturelle trekk ved multietnisk ungdomsspråk i Oslo undersøkt. I ei doktoravhandling under prosjektet går det fram at både innvandrarungdom og norske ungdomar brukar det vi kan kalla multietnolekt. I avhandlinga vert det peikt på at denne talemålsvarianten inneheld såkalla forenkla trekk, som er vanlege i språkmøtesituasjonar: Både bøyning, setningsoppbygging og ord som *wolla* og *ærlig* er med på å karakterisera språkbruken (Opsahl 2009).

## Stadnamn

Dei regionale stadnamntenestene gav i 2009 tilråding om skrivemåten for om lag 4000 namn, i hovudsak naturnamn og adressenamn. Klagenemnda for stadnamnsaker behandla 18 namn i 2009. Stortinget vedtok i 2009 at stadnamnlova skal endrast på punktet som gjeld gards- og bruksnamn. Den nye lova er ikkje ferdig, og inntil vidare er dei fleste sakene som gjeld desse namnetypene, utsette.

Samstundes som normeringsprinsippa for stadnamn er uavklara, er situasjonen usikker for samlingane med stadnamn frå ulike delar av landet. I stadnamnlova § 1 er det slått fast at eitt av føremåla med lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne. I *Mål og meining* vart det understreka at det hastar både med å få oversyn over materiale som finst rundt om i landet, både i ulike samlingar og arkiv og på private hender, og med å finna ei løysing når det gjeld vidare innsamling av stadnamn. Det vart i 2009 sett i gang to tidsavgrensa delprosjekt om innsamling. Resultata skal brukast til å leggja til rette for og organisera supplerande innsamling i område der det er ingen eller utilstrekkelege samlingar frå før. Begge prosjekta vert gjennomførde i regi av Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo. Prosjektleiaren sender inn eigen rapport

til departementet når dei er avslutta.

## Kjelder

- Dag og Tid (2010): Eit nullpunkt i norsk lærebokspråk. 5.2.2010
- Dyvik, Helge (2009a): Valgfrihet og virkelighet. Om normklynger i skriftspråket. Foredrag på Språkdagen 11.11.2009
- Dyvik, Helge (2009b): Å navigere i skriftspråkets rom. Om normklynger i bokmål og nynorsk. Språknytt 4/2009
- Fjeld, Ruth Vatvedt og Nygaard, Lars (2010): Neologismer i norsk. Kartlegging av leksikalsk språkendring før og nå. (upublisert)
- Grønvik, Oddrun (2009): Standardspråk som demokratisk gode. Foredrag på Språkdagen 11.11.2009.
- Hoel, Trude (1995): Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller til besvær? En vurdering av «vide» og «snevre» rettskrivningssystem i skandinaviske språk. Upublisert hovudfagsoppgåve. Universitetet i Oslo/Høgskolen i Agder
- Ims, Ingunn Indrebø (2007): «Det er vi som bestemmer åssen folk snakker og skriver.» En undersøkelse av norske avisers språknormative prinsipp og praksis. Hovudfagsoppgåve. Universitetet i Oslo [http://www.duo.uio.no/publ/ILN/2007/61322/III\\_hovedoppgave.pdf](http://www.duo.uio.no/publ/ILN/2007/61322/III_hovedoppgave.pdf)
- Johnsen, Randi (2009): Rettskrivingsstudiar etter 1980. Ein komparativ analyse av studiar i nynorsk og bokmål. Masteroppgåve. Universitetet i Oslo
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa: <http://www.lovdatab.no/all/hl-19980717-061.html>
- Lov om stadnamn: <http://www.lovdatab.no/all/hl-19900518-011.html>
- Opsahl, Toril (2009): «Egentlig alle kan bidra!»: en samling sosiolingvistiske studier av strukturelle trekk ved norsk i multietniske ungdomsmiljøer i Oslo. Doktoravhandling. Universitetet i Oslo.
- Simonsen, Dag F. (2009): Å rette i tekster på vegne av språket. utfordringer for språkrøkten i Norge i dag. Foredrag i Borgå 4.9.2009. (upublisert)
- Skrivesenteret (2009): Fakta om skriveferdigheiter hos norske elevar [http://www.skrivesenteret.no/fakta\\_om\\_skriving](http://www.skrivesenteret.no/fakta_om_skriving)
- Språkrådet: Vedtekter for Språkrådet. <http://www.sprakrad.no/Toppmeny/Om-oss/Vedtekter-for-Sprakradet/>
- St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. <http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- Synovate (2008): Språkrådets omdømme. (upublisert spørjeundersøking)
- Torp, Anne-Marie (2007): Forging in the smithy. Principles for creating substitute words. A critical examination of Ordsma. Masteroppgåve. Universitetet i Oslo. [http://www.duo.uio.no/publ/ILOS/2007/57776/masteroppgave\\_torp.pdf](http://www.duo.uio.no/publ/ILOS/2007/57776/masteroppgave_torp.pdf)

### 3 Språkbruk i staten

*Det er berre eitt av fire statsorgan som oppfyller krava i mållova på ein god måte. Mange leiarar kjenner mållova dårleg, og det er ujamn satsing på å betra kompetansen i nynorsk. Gjennom såkalla klarspråksprosjekt arbeider stadig fleire statsorgan med å heva kvaliteten på språket i informasjonstilfang og brev. Tanken er at godt språk skal gje betre statlege tenester. Somme statsorgan kan visa til gevinstar av klarspråksarbeidet.*

Dei to språkpolitiske hovudmåla i statleg forvaltning er formulerte m.a. i dokumentet *Statens kommunikasjonspolitikk* (Fornyings- og administrasjonsdepartementet 2009) og i lov om målbruk i offentleg teneste. Det skal leggjast spesielt til rette for at nynorsk vert meir reelt likestilt med bokmål og for at det offentlege skal leggja vekt på å føra eit korrekt og forståeleg språk. Statsorgana skal bruka både nynorsk og bokmål i informasjonstilfang. Mållova stiller berre kvantitative krav til språkbruken i staten.

Staten og det offentlege er eit viktig domene for norsk språk, fordi staten har språklege tenesteplikter og skal informera og kommunisera med publikum om rettar og plikter dei har som borgarar. Tungt og uklart språk i tekstar frå det offentlege kan gjera at mange ikkje får høve til å delta i saker som vedkjem dei. I den statlege kommunikasjonspolitikken er det eit uttrykt mål at statstilsette skal føra eit språk som er korrekt og forståeleg for mottakarane. Statsorgan skal følgja lov om målbruk i offentleg teneste, og tilsette i statsorgan som har skriving som del av jobben, skal meistra begge målformer. For stillinga til både nynorsk og bokmål er det viktig å vite i kor stor grad statsorgana etterspør språkleg kompetanse og om dei tilsette får naudsynt opplæring. Kor stort medvit, kompetansen og evna er til å etterleva mållova, offisiell rettskriving og språklege krav i kommunikasjonspolitikken, er indikatorar på kor god stoda er for norsk språk i staten.

#### **Undersøkingar av språkbruk i staten**

Det er gjort eit fåtal undersøkingar om språk og språkarbeid i statsorgana.

- *Befolkningsundersøkelse – holdningar til og erfaringer med skriftlig informasjon fra offentlige myndigheter.* I januar 2008 gjennomførte TNS Gallup ei undersøking på oppdrag frå prosjektet «Klart språk i staten». Føremålet var å få kjennskap til erfaringar folk har med skriftleg informasjon frå staten, og kva for haldningar dei har til staten som avsendar (TNS Gallup 2009).
- *Innbyggerundersøkelsen 2009–2010.* I 2009 gjorde Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) ei undersøking på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Hovudføremålet var å kartleggja kva folk meiner om det offentlege tenestetilbodet. Målgruppa var eit representativt utval av befolkninga (Direktoratet for forvaltning og IKT 2010).
- *Språket hos fylkesmennene 2009.* Våren 2009 gjorde Opinion ei undersøking på oppdrag frå Fylkesmannen i Buskerud. Føremålet var å kartleggja haldningar til språkarbeid hos fylkesmennene. Målgruppa var leiarar og mellomleiarar i fylkesmannsembeta (Opinion 2009).
- Språkrådets årlege kartlegging av oppfylling av lov om målbruk i offentleg teneste.
- Språkrådets kartlegging av kompetanse i begge målformer, 2000 og 2005 (upublisert).

Resultat frå undersøkingane går fram nedanfor.

## Oppfølging av reglane i mållova

Språkrådet fører tilsyn med korleis sentrale statsorgan under departementsnivå oppfyller krava i lov om målbruk i offentleg teneste. I St.meld. nr. 7 (2005–2006) *Målbruk i offentleg teneste* vart det stilt krav til statsorgana om at dei innan 2008 skulle oppfylle krava i mållova. Konklusjonen i stortingsmeldinga var at regjeringa venta at alle statlege leiarar tok ansvar og gav eit klart signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane skulle følgjast til punkt og prikke. Dette slutta Stortinget seg til. Resultata i 2008 viser at statsorgana under eitt ikkje har utført det store oppryddingsarbeidet som vart signalisert.

I 2008 var det 31 av 138 statsorgan som oppfylte kravet om minst 25 prosent nynorsk i informasjonstilfang på over 10 sider, færre enn i 2007. I 2008 var det 41 statsorgan som hadde minst 25 prosent i tilfang på 1–10 sider, det same som i 2007. Talet på statsorgan som oppfyller krava i mållova i papir, har altså ikkje gått opp. 16 av 138 statsorgan som har levert rapport, oppfyller krava i mållova i begge kategoriane tekstar samstundes.

Nynorskprosenten på statlege nettsider aukar monaleg, og ser ut til å auka meir enn nynorskprosenten i papirtilfang. Dette er i tråd med målsetjinga i St.meld. nr. 7 (2005–2006) *Målbruk i offentleg teneste*, der statsorgana vart bedne om å prioritera arbeidet med nettstadene.

Språkrådet er klageorgan i saker som gjeld mållova. Det er ein tendens at talet på klagesaker stig. I 2008 var det 35 klagesaker, nesten dobbelt så mange som i 2006 (18). I 2009 var det tre gonger så mange (66) som i 2006. Språkrådet ser det som ein positiv tendens at medvitet om klageretten ser ut til å veksa.

Statlege skjema skal finnast på begge målformer. Statsorgana rapporterte om til saman 1968 skjema i 2008. 1050 skjema (53 prosent) finst på begge målformer. Det er ein auke, men framleis er om lag halvparten av alle skjema som innbyggjarane skal fylla ut, berre tilgjengeleg på éi målform, hovudsakleg bokmål.

Kulturdepartementet fører tilsyn med om departementa har så mykje av begge målformer i meldingar og proposisjonar til Stortinget som mållova stiller krav om. Målformfordelinga i slike dokument er omtala i kapitlet «Fagspråk og terminologi».

## Kjennskap til mållova

Målbruksmeldinga frå 2005–2006 understreka at arbeid med mållova er eit leiaransvar. Undersøkinga *Språket hos fylkesmennene* viser at 6 prosent av leiarane og mellomleiarane i fylkesmannsembeta kjenner mållova svært godt, 39 prosent nokså godt. 28 prosent svarar «verken eller» når dei får spørsmålet, medan 20 prosent kjenner mållova «ganske dårleg», og 8 prosent av leiarane kjenner mållova «svært dårleg» (Opinion 2009).

Hovudresultatet i undersøkinga er at over halvparten av leiarane i fylkesmannsembeta meiner dei kjenner mållova dårleg. Som tilsynsorgan for sentrale statsorgan har Språkrådet inntrykk av at medvitet blant leiarane i dei sentrale statsorgana ikkje er betre enn det som kjem fram i denne vesle undersøkinga.

## Kompetanse i begge målformer

I 2000 og 2005 fekk Språkrådet svar frå 112 sentrale statsorgan på spørsmål om korleis dei vurderte kompetansen i begge målformer i eigen organisasjon. 80 av dei 112 statsorgana meinte at dei hadde tilstrekkeleg kompetanse i begge målformer til å oppfylle krava i mållova. Til samanlikning viste rapport om målbruk i offentleg teneste for 2005 at rundt 30 av ca. 140 statsorgan oppfylte krava i mållova i papirtilfang (Språkrådet 2007). Ein mogleg konklusjon er at kompetanse i begge målformer er ein føresetnad for å oppfylle krava i mållova, men at leiaransvaret og medvitet er avgjerande for om lova vert følgd (sjå punktet om kjennskap til mållova). I mållovsstatistikken for departementa, som Kulturdepartementet publiserer, kjem det til dømes fram at to departement som hadde om lag 10 prosent nynorsk i stortingsmeldingar og proposisjonar, overoppfylte krava i mållova etter 2006 – då dei to departementa hadde nynorskbrukande statsrådar (Kultur- og



kyrkjedepartementet 2009).

## **Språkkrav ved tilsetjingar**

Det finst lite informasjon om i kor stor grad statsorgana stiller språklege krav ved tilsetjing av nye medarbeidarar. Undersøkinga *Språket hos fylkesmennene* gav desse resultatane: På spørsmålet «I hvilken grad er språkkrav et tema i ...» svarta til saman 44 prosent at språkkrav var «i noen grad» eller i «stor grad» viktig i stillingsutlysingar. Til saman 56 prosent meinte det var i nokon eller stor grad viktig «ved tilsetjing». «Språkkrav» er ikkje spesifisert i undersøkinga, og undersøkinga seier ingenting om det eksplisitt vert spurt etter kunnskap i begge målformer. Det er ikkje gjort liknande undersøkingar for sentrale statsorgan (Opinion 2009).

## **Kvaliteten på språket i informasjon frå det offentlege**

### *Undersøkingar*

TNS Gallups undersøking frå 2009 av haldningar til og erfaringar med språket i det offentlege gav desse resultatane: 65 prosent av dei som vart spurde, meiner at det offentlege skriv klart og forståeleg. 34 prosent er usamde. 62 prosent av dei spurde meiner offentlege skjema er enkle å fylla ut, 35 prosent er usamde. 61 prosent av dei spurde meiner det offentlege legg vekt på å skriva forståeleg, 37 prosent er usamde. 61 prosent av dei som vart spurde, meiner informasjon på offentlege nettstader er lett å forstå, 23 prosent er usamde.

*Innbyggerundersøkelsen 2009–2010* gav desse resultatane: Ein av tre personar svarar at skjema frå det offentlege er ikkje lette å fylla ut. Ein million meiner at brev og brosjyrar frå det offentlege er vanskelege å forstå (Direktoratet for forvaltning og IKT 2010). I undersøkinga *Språket hos fylkesmennene* kom det fram at berre 7 prosent av leiarane i fylkesmannsembeta meinte dei hadde oversikt over tilbakemeldingar frå publikum (Opinion 2009).

### *Observasjonar*

Gjennom arbeidet med statlege tekstar i perioden 2007–2009 har Språkrådet sett at kvaliteten på tekstane er varierende. Dei nynorske tekstane inneheld langt fleire formelle feil enn bokmålstekstane. I bokmålstekstane er det ikkje så mange formelle feil. Felles for begge målformer er at tekstane ofte har ein struktur og eit utval av informasjon som ikkje tener mottakaren, og eit språk (ordval og setningsbygning) som gjer at budskapet vert vanskeleg å forstå. Hovudproblemet i t.d. vedtaksbrev er at mottakarperspektivet manglar, og at mange skribentar legg meir vekt på å gjera greie for gangen i sakshandsaminga internt enn på å informera mottakarane. Mykje kan tyda på at omsynet til det juridiske og til den interne sakshandsaminga veg tyngre enn omsynet til språket når offentlege skjema, rettleiingar og brev skal skrivast.

Etter det Språkrådet har observert, treng mange statstilsette fyrst og fremst hjelp til å gjera språket klart, forståeleg og brukartilpassa. Erfaringa er at mange òg treng ei meir grunnleggjande opplæring i nynorsk. Ofte er tilsette i staten sjølve svært opptekne av at språket deira skal vera korrekt. Men det å overtyda dei om at dei òg må gjera språket i tekstar til publikum klart og forståeleg, kan vera ei utfordring. Derfor har Språkrådet lagt vekt på at initiativ til statlege språkforbetningsprosjekt må koma frå leiarane, og at leiarane følgjer opp språkarbeidet.

## **Språktiltak for statsorgana**

### *Språktenesta for statsorgan*

I 2005 oppretta Språkrådet ei språkteneste for statsorgan etter vedtak i Stortinget. Tenesta vart formelt lansert 20. september 2006, og ho har i dag fem rådgjevarar i full stilling. Føremålet med språktenesta er todelt, jf. St.meld. nr. 7 (2005–2006) *Målbruk i offentlig teneste*: Tenesta skal fremja godt språk i staten (både bokmål og nynorsk), og ho skal bidra til å fremja språkleg jamstelling

mellom bokmål og nynorsk i statlege tekstar.

Oppgåvene til språktenesta omfattar rådgjeving, kurs og utarbeiding av informasjonsmaterieill på papir og i elektronisk form. Sidan lanseringa i 2006 har språktenesta aktivt marknadsført tilboda sine gjennom publikasjonar, brev og informasjon på nettstaden til Språkrådet.

### *Kurs*

I perioden 2007–2009 utførde språktenesta 98 oppdrag for i alt 65 statsorgan. 77 av desse oppdraga var kurs eller innlegg. Talet på kurs/innlegg auka frå 20 i 2007 til 33 i 2009. I heile perioden har språktenesta halde 30 kurs i bokmål og 17 kurs i nynorsk. 30 kurs var klarspråkskurs der målform ikkje var relevant. 100 personar har delteke på nynorskkurs i regi av Språkrådet i 2009.

Kursansvarleg i staten, Direktoratet for forvaltning og IKT, heldt i 2009 eitt nynorskkurs med elleve deltakarar og åtte klarspråkskurs med til saman 153 deltakarar. Etterspurnaden etter kurs hos Språkrådet er aukande.

Ei oversikt som Språkrådet utarbeidde i 2007 basert på eigenrapportering frå 112 statsorgan, viser at det frå 2003 til 2005 var ein sterk nedgang i talet på statstilsette som tok nynorskkurs. I 2003 tok 486 av 11 131 saksbehandlarar i desse statsorgana nynorskkurs, i 2004 og 2005 var tala høvesvis 49 og 53. At om lag 0,5 prosent av saksbehandlarane i 2004 og 2005 gjekk på kurs i nynorsk, må under alle omstende kallast eit lågt tal (Språkrådet 2007).

Utanom dette finst det lite dokumentasjon om kor mange statstilsette som har gått på kurs i nynorsk eller klarspråk. Språkrådet kjenner berre til undersøkinga *Språket hos fylkesmennene*, som viser at 35 prosent av leiarar i fylkesmannsembeta har vore på kurs i skriving for nett. 38 prosent har ikkje vore på språkkurs i det heile, og nynorskkurs er det aller færrest som har gått på, berre 7 prosent. 62 prosent svarar at dei kjenner til kurs om skriving for nett. Berre 30 prosent kjenner til nynorskkurs, endå færre enn dei som kjenner til klarspråkskurs. 44 prosent meiner at i organisasjonen får alle som ynskjer det, gå på kurs.

### *Prosjektet «Klart språk i staten»*

Prosjektet «Klart språk i staten» er eit samarbeid mellom Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD), Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Språkrådet. Prosjektet vart starta av FAD i 2008, og føremålet er å auka merksemda om klarspråk i forvaltninga og gjera det lettare for statsorgan å betra språket i den skriftlege kommunikasjonen med publikum. FAD finansierer prosjektet. Språkrådet har det språkfaglege ansvaret, medan Difi har ansvar for administrasjon, kommunikasjon og leiing.

Prosjektet omfattar mellom anna desse tiltaka:

- ei språkleg «verktøykasse» på den nye nettstaden [www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no), med praktiske råd, rettleiingar og dokumentasjon
- ein pris som skal delast ut ein gong i året til ei statleg verksemd som har gjort mykje for å betra språket sitt
- økonomisk og fagleg støtte til statlege verksemder som ynskjer å gjennomføra språkforbetningsprosjekt

Informasjon om dei ulike tiltaka i prosjektet, språkverktøy, dokumenteksempel og artiklar om ulike språkprosjekt i staten er publiserte på nettstaden [www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no), som prosjektet oppretta i 2009.

Prosjektet «Klart språk i staten» forvaltar ei støtteordning for språkprosjekt i staten.

Gjennom støtteordninga kan statsorgan få pengar og rådgjeving for å driva ulike språkprosjekt. I 2009 fekk prosjektet søknader frå elleve statsorgan. Alle søknadene vart heilt eller delvis innvilga. Språkprosjekta har ulik storleik, og dei gjeld ulike medium. Statsorgana skal nytta midlane til mellom anna å betra språket i dokument og på nettstader, laga e-læringskurs, arrangera skrivekurs og laga språklege retningsliner. Alle støttemottakarane rapporterer til prosjektgruppa om korleis dei har bruka støtta, og kva for resultat dei har oppnådd. Ein føresetnad for støtta er òg at dei skal dela erfaringar og resultat med andre statsorgan.

Desse statsorgana gjennomfører no språkprosjekt med støtte som dei fekk frå ordninga i 2009: Nasjonalt kompetansesenter for læring og meistring, Mattilsynet, Helseøkonomiforvaltninga, fylkesmannsembeta, Utdanningsdirektoratet, Lånekassen, Nav, Direktoratet for naturforvaltning, Statens pensjonskasse, Likestillings- og diskrimineringsombodet og Utlendingsdirektoratet. Førebels er det for tidleg å seia noko om verknadene av desse prosjekta.

Som eit ledd i erfaringsinnhentinga i prosjektet «Klart språk i staten» har Språkrådet delteke i språkprosjekta til i tre utvalde statsorgan, nemleg Nav, fylkesmennene og Statens pensjonskasse. I samarbeid med m.a. Språkrådet endra Statens pensjonskasse 20 brevmalar i 2009. Eitt brev vart radikalt endra, noko endringane i overskrifta viser: «Søknad om oppsatt uførepensjon – Purring og varsel om henleggelse» vart endra til «Du kan risikere å gå glipp av pensjon!». I si evaluering av prosjektet seier Statens pensjonskasse at dei fekk auka svarprosent på område der nye brev vart tekne i bruk. Dei fekk òg færre spørsmål om breva. For nokre av dei andre statsorgana som språktenesta held kurs for gjennom den vanlege verksemda si (sjå avsnittet om kurs), er kursa del av eit større språkarbeid i etaten. Det er ikkje mogeleg å kvantifisera dette arbeidet.

Språktenesta har ikkje som oppgåve å hjelpa kommunane med rådgjeving og undervisning, men har registrert at fleire kommunar òg nyttar dei råda og den informasjonen som ligg på nettstaden [www.klarsprak.no](http://www.klarsprak.no). Språkrådet kjenner til at nokre kommunar er i gang med språkprosjekt, men har ikkje oversikt over dette arbeidet.

### **Andre språkprosjekt i staten før og etter 2006**

Mange statsorgan har drive aktiv språkrøkt i fleire tiår. Men sidan det tidlegare ikkje har funnest nokon instans som naturleg hadde oversikt over dette arbeidet og ansvaret for å følgja opp statsorgana, har Språkrådet lite informasjon om språkarbeidet i staten eller om verknadene av det frå tida før 2006. Bondevik II-regjeringas «Handlingsplan for et enklere Norge» og tekstanalyseverktøyet *Språksjekken – ei hjelp til betre språk i staten* (Språkrådet og Statens informasjonsteneste 2000) er to åtgjerder som kan ha betydd noko for språkarbeid i staten. Det finst òg nokre læringsressursar. Av reine prosjekt kjenner Språkrådet berre til kampanjen «Er du klar?» i Nærings- og handelsdepartementet i 2005, men det er uvisst om han har hatt nokon verknad på språket i departementet.

### **Læringsressursar for statsorgana**

Etter at språktenesta vart oppretta, har statstilsette fått eit betre tilbod om læringsressursar til skrivearbeidet. Språktenesta gjev ut bladet Statsspråk og har laga gratis publikasjonar for statstilsette: Ein brosjyre om klårspråk, ei administrativ ordliste bokmål–nynorsk og brosjyren *Kansellisten* om ord og uttrykksmåtar byråkratar bør unngå for at brev og andre tekstar skal verta forståelege. Språktenesta har òg laga ulike hjelpemiddel på nettsidene til Språkrådet og prosjektet «Klart språk i staten».

Andre enn Språkrådet har òg gjeve ut publikasjonar med språkhjelp for statstilsette. Fleire statsorgan har laga interne språklege retningslinjer og lagt dei ut på eigne intranett.

### **Kjelder**

Direktoratet for forvaltning og IKT (2010) Innbyggerundersøkelsen 2009–2010.

<http://www.difi.no/emne/organisering-og-effektivisering/innbyggjarundersoking>

Fornyings- og administrasjonsdepartementet (2009): Statens kommunikasjonspolitikk.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/dok/lover-og-regler/retningslinjer/2009/statens-kommunikasjonspolitik.html?id=582088>

Kultur- og kyrkjedepartementet (2009): Språkstatistikk.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/tema/kultur/sprak-og-litteratur/sprakstatistikk.html?id=426223>

Lov om målbruk i offentlig teneste: <http://www.lovdatabank.no/all/hl-19800411-005.html>

Norsk språkråd og Statens informasjonsteneste (2000): Språksjekken – ei hjelp til betre språk i staten.

<http://www.sprakrad.no/upload/Klarspr%C3%A5k/Dokumenter/spraksjekknyn%5B1%5D.pdf>

Opinion (2009): Språket hos fylkesmennene (upublisert spørjeundersøking)

Språkrådet: Årlege mållovsrapportar frå mållovstilsynet. [http://www.sprakradet.no/Politikk-Fakta/Lov\\_og\\_rett/Maallova/Statistikk](http://www.sprakradet.no/Politikk-Fakta/Lov_og_rett/Maallova/Statistikk)

Statens pensjonskasse: Språkprosjekt i Statens Pensjonskasse 2008/2009 (upublisert, samanfatta av prosjektleiar Kristin Reiten)

St.meld. nr. 7 (2005–2006) *Målbruk i offentleg teneste*

TNS Gallup (2009): Befolkningsundersøkelse – holdninger til og erfaringer med skriftlig informasjon fra offentlige myndigheter.

<http://www.sprakradet.no/upload/Unders%c3%b8kelse%20om%20spr%c3%a5ket%20i%20state%20n.pdf>

## 4 Språkbruk i arbeids- og næringslivet

*Språkbruken i det norske næringslivet og arbeidslivet er lite undersøkt, og det finst ikkje mykje statistikk. Hovudinntrykket er at engelsk førebels ikkje spelar ei avgjerande rolle i desse sektorane, samla sett, men engelsk er på frammarsj i næringslivet. På arbeidsplassane knyter dei fleste språkproblema seg til manglande norskkunnskapar hos utanlandske arbeidstakarar. Den statlege språkpolitikken har gjort seg lite gjeldande til no.*

Næringslivet og arbeidslivet dekkjer delvis det same. Næringslivet består av dei private bedriftene som driv næring. Arbeidslivet er arbeidsplassane slik dei vert sedde fyrst og fremst frå perspektivet til arbeidstakarane. Det omfattar arbeidsplassane i dei private bedriftene, også hos sjølvstendig næringsdrivande utan tilsette, og arbeidsplassane i det offentlege.

Språkpolitisk sett er det viktigaste i desse sektorane å tryggja viktige språklege interesser for dei tilsette, bedriftene sjølve og samfunnet ved å halda oppe bruken av norsk og fremja kompetansen i norsk og andre språk. For dei tilsette dreier det seg om innsyn, medverknad, arbeidsmiljø og tryggleik, for bedriftene om marknadstilgang, effektivitet, innsyn, omdømme og samfunnsansvar, og for samfunnet om innsyn, kontroll og den generelle statusen til norsk. Når det gjeld den språklege kvaliteten på det som vert skriva i styreromma og på arbeidsplassane, er dette eit bortimot heilt utforska felt, som vi derfor ikkje skal gå inn på.

For å vurdera tilstanden set vi her opp indikatorar som samlar seg i tre aksar: *faktisk bruk av norsk og andre språk, språkbehov og språkkompetanse og lover, reglar og språkpolitiske tiltak*. Den fyrste hovudindikatoren er kor omfattande bruken av norsk – bokmål og nynorsk – og andre språk er, den andre er kva for behov for kunnskapar og opplæring som finst, og den tredje er om lov- og regelverket og dei tiltaka som vert gjorde, er tilstrekkelege. Under kvar hovudindikator spesifiserer vi meir konkrete måtar å måla og vurdera dette på.

Språkbruken i nærings- og arbeidslivet er omfattande, men samstundes vanskeleg å undersøkje kvantitativt. Det finst lite av relevant statistikk. Det har vore forska lite, og ein må ofte byggja på meiningsmålingar og intervju, avisoppslag osv. (kvalitative undersøkingar). Det er elles klart at bedriftene er svært ueinsarta når det gjeld språkkompetanse og språkbruk, også på tvers av bransjar og storleik. Samstundes er det behov for kunnskap om nettopp dette.

### **Faktisk bruk av norsk og andre språk**

Det finst ikkje gode tal for kor mykje norsk og engelsk vert bruka i dei private bedriftene. Det finst heller ikkje tal for bruken av bokmål og nynorsk. I offentleg sektor kan vi trygt rekna med at norsk dominerer stort, og her er tilhøvet mellom målformene regulert. Det vi veit mykje meir om, er korleis norske bedriftsleiarar vurderer språkbruk på avgrensa område.

#### *Bruksområde for norsk og engelsk i bedriftene*

I norske bedrifter står engelsk etter måten sterkast på heimesidene, i årsrapporten, i sakspapir til styret, som møtespråk i styret, i ekstern korrespondanse og i møte med eksterne partar – altså i meir formelle språkbrukssjangerar og i ekstern kontakt. Men norsk er faktisk mest bruka også på alle desse områda. Dette går fram av fleire kjelder, blant anna ei e-postundersøking frå 2005 blant tjuv av dei største selskapa i Noreg (Rosenhart og Simonsen 2005).

Stortingsmeldinga *Mål og mening* poengterer at nokre større bedrifter innanfor den

internasjonaliserte delen av norsk næringsliv har gjort vedtak om såkalla konsernspråk, som regel engelsk, men at slike vedtak sjeldan inneber at engelsk vert nytta i alle språkbrukssituasjonar.

Undersøkinga frå 2005 viste at blant tjue av dei hundre største bedriftene i Noreg i privat eller offentleg eige hadde tolv valt engelsk som konsernspråk eller offisielt språk. Fire hadde gjort vedtak om norsk som offisielt språk. Åtte hadde ikkje noko vedtak.

I undersøkinga vart det henta inn meir detaljerte opplysningar frå eitt norsk storkonsern med engelsk som konsernspråk. Det viste seg blant anna at alle overordna dokument (til dømes styrepapir og prosedyredokument) var på engelsk. Dei vart omsette til norsk dersom det var behov for det. Styremøta vart avvikla på norsk og skandinavisk fordi ingen av styremedlemene for tida hadde ikkje-skandinavisk bakgrunn. Det var varierende kva språk som vart nytta i dei enkelte selskapa innanfor konsernet. I det mest internasjonale selskapet vart svært mange stillingar utlyste på engelsk, også når arbeidsstaden var i Noreg. Andre selskap i konsernet hadde meir norsk. Det daglege arbeidsspråket var framleis norsk i Noreg, men med mykje bruk av engelsk elles. Utviklinga gjekk i retning av meir bruk av engelsk fordi ein stadig større del av verksemda vart internasjonalt orientert.

I ei landsomfattande undersøking frå 2009 (Simonsen 2009) vart leiarar i ti store norske selskap djupintervjua. Dei meinte at bruken av engelsk varierer med eigarstrukturen, graden av internasjonal verksemd, innslaget av ulike nasjonalitetar, stillingsomtalar og kva for publikum ein vender seg til. Engelsk vert nytta særleg på konsernnivå, i finansavdelingar, i samband med helse, miljø og tryggleik (ofte) på skandinavisk nivå og som arbeidsspråk blant teknikarar og spesialistar. (Utbreiinga av standardar på engelsk i Noreg er omtala i kapitlet «Fagspråk og terminologi».) I internasjonale verksemdar kjem skriftleg og munnleg engelsk inn i styreromma. Engelsk vert òg bruka i visse stillingsannonser, i økonomisk informasjon til investorane og overfor utanlandske kundar og leverandørar, forutan i dei sjangrane som også e-postundersøkinga dokumenterte.

Norske bedrifter er jamt over små, og store selskap er ikkje utan vidare representative. Men undersøkinga frå 2009 omfatta òg ei meningsmåling blant eit representativt utval av norske bedriftsleiarar, som stadfester inntrykket ovanfor. Av dei spurde såg over 70 prosent på engelsk som lite viktig i kommunikasjon mellom tilsette, på interne møte og i brev og e-postar til tilsette. Også på dei områda der flest rekna engelsk som viktig (på heimesidene osv.), var det enda fleire som såg på engelsk som ikkje viktig eller lite viktig. Til og med i styrepapir og på styremøte var engelsk lite viktig for over 70 prosent. Dei som meinte at engelsk var viktig, kom ofte frå dei største og dei aller minste bedriftene, og oftare frå handels- og servicebedrifter enn industribedrifter.

Undersøkingane stadfester kvarandre. Engelsk er mest bruka i formelle samanhengar og i ekstern kommunikasjon. Det norske næringslivet er langt frå gjennomanglifisert, men det går føre seg ein prosess der engelsk vert viktigare.

### *Kva har konserntilknytning å seia?*

Av bedriftene i den landsdekkjande undersøkinga var 24 prosent med i eit konsern. I desse bedriftene meinte 30 prosent av leiarane at skriftleg engelsk er viktig i kontakt med andre einingar i konsernet. Prosentdelen var høgast i industribedrifter og i bedrifter med 51–250 tilsette. Vel halvparten av dei konserntilknytte føretaka har dotterverksemdar eller hovudkontor i utlandet. Likevel var norsk det dominerande arbeidsspråket i heile 85 prosent av dei. Heller ikkje e-postundersøkinga frå 2005, der så godt som alle selskapa var med i eit konsern, vitnar om at konserntilknytning styrer språkbruken internt i selskapa i særleg grad.

### *Språk i reklame og marknadsføring*

Det er dokumentert at talet på engelske ord i reklametekstar i ei stor norsk avis vart fordobla mellom 1969 og 1989 (Johansson og Graedler 2002), og denne utviklinga har nok halde fram. Det trengst ei ny undersøking av liknande slag for å få fram oppdaterte tal. Det finst ingen statistikk for

firmanamn på norsk og engelsk, men ei undersøking i Brønnøysundregistra kunne kanskje seia noko.

I undersøkinga frå 2009 vart både bedriftsleiarane og eit representativt utval av befolkninga spurde om norsk og engelsk i reklame. Av bedriftsleiarane sa 46 prosent at verksemda reklamerer eller marknadsfører seg overfor norske forbrukarar, og for meir enn tre fjerdedelar av desse verksemdene gjeld dette alle aldersgrupper. Nesten alle leiarane her meinte at dei nyttar mest norsk i marknadsføringa. Heile 92 prosent hadde ikkje dokumentasjon for at reklame på engelsk aukar salet. Generelt meinte likevel 19 prosent av leiarane at engelsk er viktig i reklame, medan 58 prosent såg på det som svært lite viktig, og 12 prosent trudde at engelsk fremja salet av produkta eller tenestene deira. I befolkninga meinte heile 75 prosent at engelsk i reklame og marknadsføring ikkje fremjar salet av produkt og tenester generelt.

Ut frå dette byggjer altså bruken av engelsk i reklame for det aller meste på tru og ikkje på undersøkingar. Av bedriftsleiarane meinte 12 prosent at det gjerne er eksterne byrå som tek avgjerder om språket i reklamen og marknadsføringa; dette er vanlegast i handelsbedrifter. Heile 65 prosent sa at marknadsførings- eller reklamebyrå i liten grad tek slike avgjerder.

Når det gjeld stillingsannonser, eit anna synleg trekk ved den eksterne kommunikasjonen til næringslivet, meinte 36 prosent at bedrifter bør kunna lysa ut stillingar på engelsk i norske aviser, medan 60 prosent var imot dette.

### *Bokmål og nynorsk i bedriftene*

Nynorsk er mest ikkje synleg i reklamen i riksmidia, men er meir bruka i reklame regionalt (Grepstad 2010). Det finst ein studie som dekkjer aviser i Sogn i tidsrommet 1948–80, då nynorskdelen av annonsane auka frå 38 til 68 prosent. Studien analyserer òg strukturelle tilhøve som påverkar målforma i annonseringa. Men han er så gammal at det trengst nye undersøkingar også her.

Når det gjeld bokmål og nynorsk internt i bedriftene, finst det ikkje noko tal. Bokmål dominerer sikkert minst like mykje i næringslivet som i samfunnet elles. I dei 115 nynorskkommunane i landet var det i 1995 registrert 21 100 verksemder. Om lag tre fjerdedelar av verksemdene låg i tre vestlandsfylke. I 1998 var det busett i alt 201 000 arbeidstakarar i nynorskkommunane. Talet på verksemder i kommunane hadde auka til 38 100 i 2005. Kystbaserte næringar dominerer på lista over dei største føretaka i kvar kommune. Det er grunn til å meina at nynorsk vert bruka meir i bedriftene i desse kommunane enn elles i landet. Nynorskkommunane var dessutan arbeidsgjevarar for 44 000 tilsette i 2005 (Grepstad 2010).

Grunnlaget for å utvikla nynorsk som språk i næringslivet har vorte betre, men sidan private bedrifter sjølve avgjer kva for målform dei vil nytta, kan ein ikkje trekkja sikre slutningar om bruken av nynorsk. Bedrifter frå nynorskkommunar er heilt sikkert med i den landsdekkjande undersøkinga frå 2009, men der vart det ikkje spurt om målformer. I e-postundersøkinga frå 2005 svarte sytten av tjue bedrifter «i overveiende grad bokmål» på eit spørsmål om kva slags norsk som vart bruka i bedrifta. Tre sa at det var ei blanding av «bokmål, nynorsk, dialekt».

### **Språkbehov og språkkompetanse**

Når det gjeld språk og effektivitet internt i bedriftene, meinte hele 72 prosent av leiarane i det landsrepresentative utvalet frå 2009 at engelsk ikkje fremjar effektiviteten. Berre 12 prosent meinte det motsette. Vel ein tredjedel sa at engelsk har vorte *viktigare* dei siste fem åra. Av djupintervjua med leiarar i ti store selskap går det fram at interessa for språkkompetansen internt er låg.

Ei undersøking frå det nasjonale Framandspråksenteret (Hellekjær 2007) viser at engelskkompetansen i norske bedrifter sviktar i samband med eksport og import. Mange føretak seier at dei har late vera å følgja opp nettverk eller oppsøkja marknader, fått feilleveransar og mist kontraktar på grunn av dårleg engelskkompetanse. I undersøkinga frå 2009 (Simonsen 2009) trudde ikkje leiarane i dei ti store selskapa at kontraktar kunne gå tapt, medan heile 26 prosent i den

landsomfattande meningsmålinga meinte at manglande kompetanse i engelsk kunne føra til at ein miste kontraktar. Dessutan har engelsk trengt andre europeiske språk nesten heilt bort i bedriftene, og det kan vera uheldig særleg regionalt. Undersøkingar frå Danmark tyder på at bedrifter på grensa til Tyskland er i ein annan situasjon enn andre danske bedrifter. I Noreg har det vore forska litt på dette ved Høgskolen i Østfold, utan at det ligg føre klare resultat.

### *Helse, miljø og tryggleik*

Vi veit lite konkret om språkproblem på arbeidsplassane. I oljebransjen har fagforeiningane lagt vekt på den paragrafen i rammeforskrifta som krev at norsk skal brukast i denne bransjen, og det har vore spenningar mellom foreiningane og arbeidsgjevarane i synet på dette. Men slike saker får sjeldan eller aldri oppslag i media.

### *Fleirspråklege arbeidsplassar*

Både før og – særleg – etter inngåinga av EØS-avtala har det kome stadig fleire arbeidstakarar med ikkje-norskspråkleg bakgrunn til landet. For desse gruppene er problemstillinga ikkje fyrst og fremst den rolla engelsk kan ha i arbeidslivet, men behovet for å læra norsk og kunna bruka det i praksis. Dette gjeld ikkje berre i kommunikasjonen med kollegaer og overordna i arbeidet, men også når arbeidstakarane skal forstå lover og reglar, rettar dei har, osv.

Fafo gjorde i 2009 ei undersøking blant 3700 leiarar i bedrifter i byggje- og anleggsbransjen, delar av industrien og hotell- og restaurantbransjen (Andersen mfl. 2009). Her sa eit stort fleirtal at arbeidstakarar frå nye EU-land fører til språkproblem på arbeidsplassen. Fleirtalet var størst i bygg og anlegg og i industrien og noko mindre i hotell- og restaurantnæringa. Samla sett var fleirtalet på 70 prosent, mot 60 prosent i ei tilsvarende undersøking i 2006. Av bedriftene hadde 38 prosent – mest i industrien – sett i gang språkopplæring. Undersøkinga seier elles at språkbarrierar har vore eit hinder for sysselsetjing utanfor byggjebransjen, industrien og landbruket.

Det vert iblant meldt om problem også frå det offentlege, særleg helsesektoren, når det skortar på norskkunnskapane hos arbeidstakarar. I ein Fafo-rapport frå 2006 om rekruttering av polske sjukepleiarar til Noreg (Riemsdijk 2006) heiter det at mange arbeidsgjevarar ynskjer betre språkkunnskapar blant det rekrutterte helsepersonellet. Også språkkunnskapen til utanlandske legar har vore framme. Og i eit høyringssvar i samband med iverksetjinga av eit EU-direktiv om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar for helsepersonell i norsk rett skriv Helsetilsynet at manglande språkkunnskap er ei problemstilling som har stått sentralt i fleire tilsynssaker (Helsetilsynet 2007).

Nav skreiv i 2009 at det i 1990-åra, då norskopplæringa for innvandrarar vart utvida og snittet låg på 800 timar, var ei klar forbetring i norskkunnskapane hos desse gruppene (Nav 2009). Men dei siste åra har arbeidsmarknaden vore god, og fleire ynskjer å ta del i arbeidslivet. Dette har spegla seg att ved at det no er fleire deltakarar på dei arbeidsmarknadsførebuande kursa som har svake norskkunnskapar og manglande kompetanse.

### **Lover, reglar og språkpolitikk**

Språkbruken i næringslivet og arbeidslivet er lite lovregulert. Samstundes er næringslivet ein av dei store samfunnssektorane der *Mål og meining* reknar faren for domenetap for norsk som stor. Det har også vore sett i verk få språkpolitiske tiltak i denne sektoren, blant anna fordi den private eigedomsretten set klare grenser for kva styresmaktene har lov til.

### *Formelle språkkrav og praksis i næringslivet*

I lovverket set rekneskapslova krav om at årsrekneskapen og årsrapporten frå bedriftene skal vera på norsk viss departementet ikkje har vedteke spesielt at dei kan vera på eit anna språk. E-postundersøkinga ovanfor viste at nettopp årsrapporten er den sjangeren der dei fleste bedriftene nyttar både norsk og engelsk. Det ligg òg føre eit indirekte språkkrav i aksjelova, som føreset at styremøte skal gjennomførast på ein slik måte at kvar enkelt styremedlem kan ta del i drøftingane



og kommunisera med dei andre medlemene. I e-postundersøkinga var møtespråket i styret anten norsk (eller svensk) eller både norsk og engelsk i femten av dei tjue bedriftene, og engelsk i fem. Dette kan spegla av føresegna i aksjelova.

Når det gjeld språkkrav på arbeidsplassane, finst det visse føresegner i lover og forskrifter. Blant dei viktigaste er nokre paragrafar i arbeidsmiljølova. Ei av dei seier at det skal følgja med naudsynt og lett forståeleg bruksrettleiing på norsk for transport, oppstilling, betjening og vedlikehald av maskinar og anna utstyr. Ei anna føresegn går ut på at bedrifter skal føra kartotek over farlege kjemikalium og biologisk materiale, og at behaldarar og emballasje for kjemikalium og biologisk materiale skal ha åtvaring på norsk. For oljebransjen seier paragraf 16 i rammeforskrifta for helse, miljø og tryggleik i petroleumsverksemda at norsk språk skal brukast i størst mogeleg grad i petroleumsverksemda. Andre språk kan brukast dersom det er naudsynt eller rimeleg for å gjennomføra verksemda og det ikkje går ut over tryggleiken.

### *Språkpolitiske tiltak*

Det viktigaste overordna tiltaket er plakaten *Språkvett for næringslivet* som Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) og Språkrådet saman lanserte i 2009 (Næringslivets Hovedorganisasjon og Språkrådet 2009). Plakaten framhevar fordelane ved ein differensiert språkleg praksis i bedriftene og byggjer opp under språkbruk som samfunnsansvar utan å nemna dette siste direkte. Plakaten ligg på nettstadane til NHO og Språkrådet.

Språkrådet har i mange år delt ut diplom for gode, norske namn på bedrifter. Tiltaket er kalla «Godt namnevett». Målet er å skapa meir positive haldningar til norsk som bruksspråk i næringslivet, både hos bedriftene sjølve og hos publikum. Bedrifter i ulike landsdelar har fått diplom, og tiltaket har fått merksemd i lokale og regionale medium.

Det har lenge har vore meldt at stadig fleire norske selskap innfører engelsk som offisielt språk i staden for norsk, men det finst ikkje noka samla oversikt over kor mange dette gjeld. I e-postundersøkinga frå 2005 viste det seg at tretten av selskapa hadde eit offisielt språk, og for to tredjedelar av dei var det engelsk. Likevel vart norsk nytta meir enn engelsk innanfor alle dei bruksområda det vart spurt om. Det ser altså ikkje ut til at vedtak om engelsk som offisielt språk hindrar bruk av norsk i bedriftene.

I djupintervjua med dei ti leiarane i store selskap avviste dei intervjua at språkpolitikk burde vera ein del av samfunnsansvaret til bedriftene. På den andre sida svara 62 prosent av leiarane i den landsdekkjande meiningsmålinga at norsk bør nyttast i all reklame og marknadsføring i Noreg, og dette var fleire enn det var i befolkningsutvalet som meinte det same. Det er med andre ord kanskje ikkje heilt klart korleis næringslivet vil stilla seg til meir konkrete framlegg om lovregulering av verksemda til bedriftene.

### **Kjelder**

Andersen, Rolf K., Mona Bråten, Line Eldring, Jon Horgen Friberg og Anne Mette Ødegård (2009): Norske bedrifters bruk av østeuropeisk arbeidskraft. Fafo-rapport 2009:46.

<http://www.fafo.no/pub/rapp/20136/20136.pdf>

Hellekjær, Glenn Ole (2007): Fremmedspråk i norsk næringsliv – engelsk er ikke nok!.

Rapportserien «Fokus på språk» 3/2007. Framandspråksenteret.

<http://www.fremmedspraksenteret.no/neted/upload/attachment/site/group55/Fokusnr3.pdf>

Helsetilsynet (2007): Høringssvar – implementering av EU-direktiv 2005/36/EF om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner for helsepersonell i norsk rett.

[http://www.helsetilsynet.no/templates/LetterWithLinks\\_\\_\\_\\_8922.aspx](http://www.helsetilsynet.no/templates/LetterWithLinks____8922.aspx)

Grepstad, Ottar (2010): Språkfakta 2010. Nynorsk kultursentrum.

<http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=4395>

Johansson, Stig og Anne-Line Graedler (2002): Rocka, hipt og snacksy. Om engelsk i norsk språk og samfunn. Høyskoleforlaget

- Nav (2009): Språk og kunnskap om arbeidslivet viktig for å integreres.  
<http://www.nav.no/Lokalt/S%C3%B8r-Tr%C3%B8ndelag/169283.cms>
- Næringslivets Hovedorganisasjon og Språkrådet (2009): Språkvett for næringslivet.  
<http://www.sprakrad.no/upload/N%c3%a6ringslivet/Spr%c3%a5kvett%20for%20n%c3%a6ringslivet%2005082009nyn.pdf>
- Riemsdijk, Micheline van (2006): Rekruttering av polske sykepleiere til Norge. Erfaringer og virkninger. Fafo-rapport 2006:27. <http://www.fafo.no/pub/rapp/10017/10017.pdf>
- Rosenhart, Sabine og Dag F. Simonsen (2005): En spørreskjemaundersøkelse av språkbruk i tjue viktige norske selskaper. (upublisert notat til strategigruppa for *Norsk i hundre!*)
- Simonsen, Dag F. (2009): En undersøkelse av holdninger til engelsk i næringslivet.  
<http://www.sprakradet.no/upload/Næringslivet/Undersøkelse%20næringsliv%20reklame%20engelsk%5b1%5d.pdf>
- St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.  
<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>

## 5 Språkbruk i kultursektoren

*Populærmusikk med norsk tekst har fått høgare status. Samstundes vert det spela lite norsk musikk med norsk tekst i radio. Det er populært å bruka dialekt i sosiale medium, og dialekt er i bruk i større grad også i film. NRK innfrir ikkje kravet om at 25 prosent av verbalinnsлага skal vera på nynorsk. Kinofilmar vert berre teksta på bokmål. Dei største avisene tillèt ikkje journalistane å skriva nynorsk. Mange aviser har ein god del rettskrivingsfeil.*

Den tverrgåande problemstillinga i dette kapitlet er situasjonen for nynorsk versus bokmål og norsk versus engelsk i kultur- og mediesektoren. Media fungerer som ei språkscene og er slik med på å påverka og vidareutvikla bruken av norsk. Fjernsyn, radio, kino, aviser, film, litteratur, sosiale medium og populærmusikk er med på å påverka språkhaldningar hos folk flest i det daglege.

### Kvalitet i avisspråket

Aviser er noko av det som vert lese aller mest, og vi må derfor tru at avisene også er blant dei skriftproduzentane som påverkar språket vårt mest. Det er rimeleg å tru at dei i stor grad fungerer som eit mønster for mykje annan språkbruk i samfunnet. Den nyaste undersøkinga av dette er den enkeltstående testen Språkrådet gjennomførde hausten 2007. Det vart valt ut fire riksaviser, Aftenposten, VG, Dagbladet og Bergens Tidende, og lese systematisk korrektur på alt det redaksjonelle stoffet som desse avisene trykte ein dag i oktober 2007. Dei viktigaste resultatane vart oppsummerte av direktøren i ein kronikk i Aftenposten 1. desember 2007. Språkrådet melde om grove tekstfeil som sjenerer lesinga, ord eller bokstavar som manglar, ord som er bytte om, og ord som er skrivne to gonger. Temmeleg mange artiklar inneheldt elementære rettskrivingsfeil, mengder av teiknsetjingsfeil og mykje tekstslurv (Lomheim 2007). Undersøkinga er lita og gjeld berre rettskriving og teiknsetjing, men peiker på ein tendens innanfor eitt av dei felte som må undersøkjast dersom ein skal kunna seia noko om kvalitet i avisspråket.

Ei undersøking om språk i aviser og vekeblad utførde ved Høgskulen i Volda i 2008 konkluderer med at vekeblad er lettare å lesa enn aviser, og at aviser har fleire språkfeil enn vekeblada. Vekeblada hadde ikkje ortografiske feil, til skilnad frå avisene. Lite bruk av komma var ein trend både i vekeblada og i avisene. Avisene og vekeblada som vart kartlagde, var *Aftenposten*, *Dagbladet*, *VG*, *Hjemmet*, *Se og Hør* og *Tara*. Undersøkinga er ikkje særleg omfattande og vart gjennomført på kort tid, men kan vera interessant fordi vekeblada har korrekturlesarar, medan avisene ikkje har det (Hansen 2008).

Ein rapport frå 2007 frå ei fellesnordisk undersøking om engelsk påverknad på språka i Norden («Fire dagar i nordiske aviser»), fortel at det er i norske aviser det er funne flest importord. Over 90 prosent av importorda var frå engelsk. Undersøkinga viste også at det var mange fleire engelske ord i annonsetekstar enn i redaksjonelle tekstar, og mellom 1975 og 2000 vart mengda av engelske ord i norske aviser firedobla i redaksjonelle tekstar og femdobla i annonsetekstar (Sandøy 2007).

### Nynorsk i aviser

I 2008 kom det ut 237 aviser i Noreg. Dei 237 avisene hadde eit samla opplag på 2,8 millionar eksemplar. 47 (20 prosent) av avisene hadde nynorsk som formelt redaksjonsspråk, 21 (9 prosent) begge målformer og 167 (70 prosent) bokmål.

Dei avisene som har både nynorsk og bokmål som formelle redaksjonsspråk, er lokalaviser og mellomstore aviser. Den største er Sunnmørsposten, med eit opplag på 32 700 i 2008. Blant avisene som har berre nynorsk som formelt redaksjonsspråk, er det éi riksdekkjande avis, Dag og Tid. Nokre få er lokale dagsaviser, men dei aller fleste er lokale fådagarsaviser. I tillegg kom ei rekkje aviser som i praksis bruka begge målformer i eige stoff, med Bergens Tidende som den fremste (opplag i 2008: 85 800). Dagsavisen, Vårt Land, Nationen og Klassekampen er døme på riksdekkjande aviser med redaksjonelt stoff på begge målformer.

Dei tre største norske avisene gjev ikkje journalistane lov til å velja målform. Språkrådet har teke til orde for at dette bør endrast. I stortingsmeldinga *Mål og mening* står det at «[d]epartementet ventar at riksdekkjande aviser i større grad gjev høve til å nytta nynorsk på redaksjonell plass».

### **Språk i sosiale medium**

Ei spørjeundersøking om språket på Facebook frå 2008 viste at seks av ti norske Facebook-brukarar skriv meldingar på dialekt. Dei yngste er dei flittigaste dialektbrukarane. 90 prosent krydrar meldingane med teikn og smilefjes. 70 prosent av deltakarane i undersøkinga varierer språket etter kven dei skriv meldingar til. Medan ca. 80 prosent av 15-åringane skriv meldingar på dialekt, gjeld dette berre 25 prosent av gruppa 30 år og over. Vidare kjem det fram at den yngste gruppa krydrar meldingar med teikn, smilefjes og forkortingar mykje oftare enn den eldste. Studien tek føre seg 560 personar over 15 år som har profil på Facebook (Skog 2009).

### **E-bøker på norsk**

Hittil er det engelskspråklege bøker som har dominert den digitale bokmarknaden. I dag finst det litt over 250 titlar på norsk (www.digitalbok.no). Dei norske forlaga har sett i gang eit prosjekt som tek sikte på å lansera om lag 1000 titlar til digital nedlasting i løpet av 2010.

### **Norsk språk i populærmusikk**

Språkrådet har i samarbeid med Synovate og artistorganisasjonen Gramart utført ei spørjeundersøking om kva stilling norsk språk har i populærmusikken. Det var to undersøkingar, ei blant bransjemedlemmer og ei blant befolkninga. Undersøkinga blant bransjemedlemmene viste at det er meir vanleg å syngja på engelsk enn på norsk. 16 prosent av dei spurde medlemmene syng berre på norsk, medan 38 prosent syng berre på engelsk. Eit interessant funn er dessutan at heile 28 prosent av medlemmene har endra språk i løpet av karrieren. 20 prosent har endra språk frå engelsk til norsk, medan 10 prosent har endra frå norsk til engelsk (Synovate 2009). Det kan signalisera at norsk språk, eller musikk på norsk, er i ferd med å få ein sterkare posisjon òg i musikkbransjen. Undersøkinga blant befolkninga vert omtala i kapitlet «Språkhaldingar».

### **Norsk populærmusikk i radio**

I vedtektene for NRK heiter det «[m]inst 35 pst. av musikken som spilles skal være norsk, med vekt på norskspråklig og/eller norskkomponert musikk» (jf. § 14 g).

I NRKs hovudkanalar på radio utgjorde norsk musikk i 2008 45 prosent i P1 (ein auke på to prosentpoeng frå 2007), 30 prosent i P2 (ein nedgang på 14 prosentpoeng) og 34 prosent på P3 (en auke på fem prosentpoeng). Dette gjev ein gjennomsnittsdel for norsk musikk i dei tre kanalane på 36 prosent i 2008, ein samla nedgang på om lag to prosentpoeng frå 2007. I rapporteringssystemet NRK brukar, vert norsk musikk definert som musikk som er framført av norske artistar. Statistikken skil ikkje ut musikk med norsk tekst. NRK rapporterer ikkje kor stor del norsk musikk utgjer i fjernsynssendingane for 2008.

Medietilsynet konkluderer i *Allmennkringkastingsrapporten 2008* med at NRK samla sett innfrir kravet om å senda minst 35 prosent norsk musikk i radiosendingane sine. Medietilsynet er likevel kritisk til at P2 og P3 spela så lite norsk musikk i 2008. Medietilsynet har ikkje grunnlag for å vurdera om NRK har nok norsk musikk i fjernsynssendingane. Sjølv om NRK vert vurdert for

hovudkanalane på radioplattforma samla, legg Medietilsynet vekt på at både P2 og P3 har ein lågare del norsk musikk enn dei kommersielle allmennkringkastarane på radiosida (Medietilsynet 2009).

Det finst inga oversikt over fordelinga mellom norskspråklege og framandspråklege tekstar i den populærmusikken som vert spela av radiokanalar. *Gramo-statistikken 2008* opplyser at blant dei 20 mest spela hovudartistane i radio var det tre som brukar norske tekstar. Dei var på 16., 19. og 20. plass. Blant dei 20 mest spela låtane i 2008 var det to med norsk tekst.

### Språkstatistikk i NRK

Dei offisielle språka i NRK er norsk og samisk. NRK skal vera med på å styrkja og utvikla desse språka. Minst 25 prosent av verbalinnslaga i radio og fjernsyn skal vera på nynorsk (jf. NRKs vedtekter § 14 d). I 2008 var 18 prosent av innslaga i NRK1 på nynorsk, 17 prosent i NRK2, 22 prosent i P1, 21 prosent i P2 og 23 prosent i P3. Dette viser ein reduksjon i alle kanalar med unntak for NRK2. Gjennomsnittleg bruka fjernsynskanalane i 2008 17,5 prosent nynorsk mot 19 prosent året før (Medietilsynet 2009).

Gjennomsnittet i radiokanalane var 22 prosent nynorsk i 2008 mot 24,33 prosent året før. NRK opplyser at dei sette i gang tiltak etter våren 2008. Talet på dei nynorske innslaga i NRK1 og NRK2 auka i løpet av hausten utan at det var tilstrekkeleg til å heva den samla summen. Det manglar statistikk for talet på nynorske sendingar i dei nye kanalane NRK3 og NRK Super for 2008. Medietilsynet konkluderer med at sendingane til NRK i hovudsak er norskspråklege. Med unntak av NRK2 er nynorskprosenten lågare i alle kanalar i 2008 enn i 2006. NRK innfrir ikkje kravet om at 25 prosent av verbalinnslaga skal vera på nynorsk i kjerneverksemda i 2008 (Medietilsynet 2009).

Når det gjeld TV-kanalane, var det ei overvekt av amerikanske filmar i NRK i 2008. På NRK1 var 101 av 239 filmar frå USA. 67 filmar var norske. NRK3 viste 158 filmar frå USA og éin film frå Noreg (NRKs årsrapport for 2008). I TV2 gjekk den totale delen norsk film ned frå 62 til 60 prosent (TV2s allmennkringkastarreknescap for 2008).

### Norskspråkleg film (og nordisk film)

Regjeringa har eit mål om at norsk film skal ha ein marknadsdel på 25 prosent. Tala for dei siste åra ser slik ut (Film & Kino):

Tabell 1: Marknadsdel for norske kinofilmur i Noreg

År	2005	2006	2007	2008	2009
Talet på norske premierar	21	22	22	22	23
Marknadsdel, norske filmar	12,2 %	16,1 %	16,4 %	22,4 %	20,6 %

Til samanlikning hadde dansk film 33,0 prosent av marknadsdelen i Danmark i 2008, svensk film 20,0 prosent av marknadsdelen i Sverige, finsk film 22,5 prosent av marknadsdelen i Finland og islandsk film 10,5 prosent av marknadsdelen på Island (Lange 2008).

Ein rapport som vart laga på oppdrag frå Norsk filminstitutt og Film & Kino i 2006, syner at mange norske kinoar vel bort norske filmar på grunn av liten framsyningskapasitet, manglande tru på at filmen treffer eit publikum, eller knapp tilgang (få filmkopiar) (PriceWaterhouseCoopers 2007).

*Mål og meining* peiker på at det vert laga stadig fleire norske filmar med skodespelarar som talar dialekt. Utanlandske kinofilmur som vert teksta, vert nesten utan unntak berre teksta på bokmål. Dette er eit domene utan nynorsk.

Filmar frå andre nordiske land har desse marknadsdelane i Noreg (tal frå Film & Kino, innhenta på oppdrag frå Språkrådet):

Tabell 2: Marknadsdel i Noreg for kinofilmar frå andre nordiske land

År	2008	2009
Filmar frå Danmark	0,8 %	0,3 %
Filmar frå Finland	0,3 %	0,1 %
Filmar frå Island	0,0 %	0,0 %
Filmar frå Sverige	2,6 %	11,3 %*

(Talet for den svenske marknadsdelen i 2009 atypisk. Det høge talet kjem av suksessen med dei to Millennium-filmene baserte på Stieg Larssons kriminalromanar. Talet for 2008 er meir typisk.)

## Fjernsynsteksting

*Mål og meining* peiker på at «lesing av fjernsynstekst er meir omfattande enn lesing av bøker», og at vi treng meir kunnskap om kvaliteten i tv-tekstinga. Språkrådet undersøkte i 2009 tekstinga av 23 program frå ulike kanalar for å få eit innblikk i kva som pregar denne delen av norsk skriftproduksjon. Undersøkinga la hovudvekta på to ting: rettskriving og idiomatikk.

Undersøkinga viste at det er ein tydeleg samanheng mellom kvaliteten på rettskrivinga og kvaliteten på idiomatikken. Det vil seia at ein tekst som har få eller ingen formelle rettskrivingsfeil, som regel òg er god idiomatisk. Elles er konklusjonen at det er stort sprik i den språklege kvaliteten. I nokre program er det ingenting å peika på, i andre er det svært mykje (Språkrådet 2010).

Resultatet av undersøkinga er betre enn ein kunne frykta. Men det må understrekast at undersøkinga er lita, og at det trengst meir forskning på dette feltet for å få eit betre bilete av kvaliteten på fjernsynstekstinga – særleg fordi dette er tekst som born og unge i stor grad vert eksponerte for.

## Kjelder

Film & Kino: Film & Kino (årbokutgåver). <http://www.kino.no/incoming/article215537.ece>

Gramo: Gramo-statistikken 2008.

<http://www.gramo.no/download/18.cd5a7dd125784a037b800015/Gramo+statistikk+2008.pdf>

Grepstad, Ottar (2005). Nynorsk faktabok 2005. Nynorsk kultursentrum.

<http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=85>

Grepstad, Ottar (2010): Språkfakta 2010. Nynorsk kultursentrum.

<http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=4395>

Hansen, Mona (2008): Språk i aviser og magasin. En kartlegging av lesarhet og språkfeil i *Aftenposten*, *Dagbladet*, *VG*, *Hjemmet*, *Se og Hør* og *Tansa*. Arbeidsrapport nr. 221 Møreforskning og Høgskulen i Volda 2008.

[http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/arb\\_221.pdf](http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/arb_221.pdf)

Lange, André (red.) (2008): Film and Home Video. Statistical Yearbook 2008, vol. 3. European Audiovisual Observatory

Lomheim, Sylfest (2007). Avispråket ein dag i 2007. Kronikk i *Aftenposten* 01.12.07.

Medietilsynet (2009): Allmennkringkastingsrapporten 2008.

[http://www.medietilsynet.no/Documents/Tema/Allmennkringkasting/2009/Allmennkringkastingsrapporten\\_net.pdf](http://www.medietilsynet.no/Documents/Tema/Allmennkringkasting/2009/Allmennkringkastingsrapporten_net.pdf)

NRK: Vedtekter for NRK AS. <http://www.nrk.no/informasjon/fakta/1.5392438>

NRK: Årsrapport 2008. [http://www.nrk.no/aarsrapport/2008/content/assets/pdf/NO\\_NRK2008.pdf](http://www.nrk.no/aarsrapport/2008/content/assets/pdf/NO_NRK2008.pdf)

PriceWaterhouseCoopers (2007): Norsk film i møte med kinopublikum. Analyse av kinobesøket på norske filmer 2003–2006.

[http://www.filmweb.no/filmogkino/multimedia/archive/00113/RapportKinofilmNorg\\_113429a.pdf](http://www.filmweb.no/filmogkino/multimedia/archive/00113/RapportKinofilmNorg_113429a.pdf)

- Sandøy, Helge (2007): Avisspråket i Norden – ei jamføring. I: Selback, B. og Sandøy, H. (2007).  
Fire dagar i nordiske aviser. Ei jamføring av påverknaden i ordforrådet i sju språksamfunn.  
Moderne importord for språka i Norden. III. Novus forlag
- Skog, Berit (2009): Språket på Facebook. *Språknytt* 1/2009.
- Skovholt, Karianne (2009). Smilefjes i e-post – helt på trynet? Om smilefjesenes kommunikative funksjoner. *Språknytt* 4/2009
- Språkrådet (2010): En undersøkelse av kvaliteten i tv-teksting (upublisert)
- St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.  
<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- Synovate (2009): Kartlegging av bruk og omdømme av norsk språk i dagens musikk-Norge.  
(upublisert rapport)
- TV2 (2008): Allmennkringkasterregnskap 2008.  
[http://pub.tv2.no/multimedia/TV2/archive/00710/TV\\_2\\_-\\_allmennkring\\_710419a.pdf](http://pub.tv2.no/multimedia/TV2/archive/00710/TV_2_-_allmennkring_710419a.pdf)





## 6 Språkopplæring

*Etter hundre år med undervisning i to målformer er det forska lite på korleis ein utviklar kompetanse i begge målformer. I Sogn og Fjordane har talet på nynorskelevar gått litt opp i perioden 2005–2010. I Telemark og Buskerud har talet gått markert ned, men årsakene er lite undersøkte. Med kunnskapsløftet er det fleire elevar som lærer eit framandspråk i tillegg til engelsk i ungdomsskulen. Nye lesebøker i ungdomsskulen gjev både bokmåls- og nynorskelevar mindre høve til å lesa nynorsk.*

Skulen er eit ankerfeste for språklæring, både for norsk og andre språk. Språkrådet har meint at ei solid norskopplæring for framtidige lærarar og gode læremiddel er avgjerande for å kunna halda i hevd dei to norske skriftkulturane. Målbyte frå nynorsk til bokmål vil truga stillinga til nynorsk også utanfor skulen.

Stortingsmeldinga *Mål og mening* understrekar verdien av å søkja kunnskap og internasjonale kontaktar gjennom andre framandspråk enn engelsk. Kompetanse i norsk er ein føresetnad for å delta i norsk samfunns- og arbeidsliv. I nynorskområde ynskjer fleire kommunar å tilby vaksne innvandrarar opplæring i nynorsk, slik borna deira får i skulen.

### **Målformer i grunnskulen**

Elevane i grunnskulen får norskopplæring i eit hovudmål (bokmål eller nynorsk) og eit sidemål (bokmål eller nynorsk). Det er kommunen som gjev forskrifter om kva som skal vera hovudmål i dei enkelte skulane. Frå og med 8. årssteget vel elevane sjølve om dei vil ha bokmål eller nynorsk som hovudmål. Når minst ti elevar på eitt av årsstega 1–7 i ein kommune ynskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøyra ei eiga elevgruppe.

Oppstillinga på neste side viser kor mange prosent av elevane som har nynorsk hovudmål i grunnskulen på landsbasis og i utvalde fylke i åra 2005–2010. Språkrådet har laga tabellen med utgangspunkt i tal frå Grunnskolens informasjonssystem.

→

Tabell 1: Nynorsk hovudmål i grunnskulen

Skuleår	2004/2005	2005/2006	2006/2007	2007/2008	2008/2009	2009/2010	Endring i perioden 2005–2010
Heile landet	14,2 %	14 %	13,8 %	13,7 %	13,4 %	13,2 %	–7 %
Sogn og Fjordane	96,7 %	96,8 %	96,9 %	97 %	97,1 %	97,2 %	+0,5 %
Møre og Romsdal	55,5 %	54,5 %	54,2 %	53,8 %	53,4 %	53,2 %	–4,1 %
Hordaland	42,5 %	42,1 %	41,7 %	41,3 %	40,6 %	40,2 %	–5,4 %
Rogaland	26,9 %	26,6 %	26,1 %	25,8 %	25,2 %	24,8 %	–7,8 %
Oppland	21,2 %	21 %	20,8 %	20,1 %	19,9 %	19,5 %	–3,3 %
Telemark	15,3 %	15,1 %	14,6 %	14,1 %	13,1 %	12 %	–21,6 %
Aust-Agder	6,8 %	6,8 %	6,7 %	7,2 %	6,4 %	6 %	–11,8 %
Vest-Agder	3,8 %	3,7 %	3,4 %	3,4 %	3,5 %	3,4 %	–10,5 %
Buskerud	3,9 %	3,7 %	3,4 %	3,3 %	3,1 %	2,9 %	–25,6 %

Tal frå Grunnskolen informasjonssystem (GSI) syner at det i skuleåret 2009/2010 er 612 930 elevar i grunnskulen med norsk som opplæringsmål; 13,2 prosent av dei har nynorsk som opplæringsmål, resten bokmål. Nynorskelevane finst fyrst og fremst i Sogn og Fjordane (97,2 prosent av elevane), Møre og Romsdal (53,2 prosent), Hordaland (40,2 prosent), Rogaland (24,8 prosent), Oppland (19,5 prosent), Telemark (12 prosent), Aust-Agder (6 prosent), Vest-Agder (3,4 prosent) og Buskerud (2,9 prosent).

Dei to siste åra i grunnskulen skal elevane ha opplæring i begge målformene. Likevel kan somme elevar få fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål (etter forskrift til opplæringslova). Dette gjeld elevar som har hatt rett til særskild språkopplæring på 8., 9. eller 10. årssteg i grunnskulen (eller på VG1, VG2 eller VG3 i vidaregåande opplæring). Det finst ikkje statistikk på kor mange av dei med rett til særskild språkopplæring som ikkje får karaktervurdering i sidemål, men dette skuleåret får 41 488 elevar i grunnskulen særskild norskopplæring (tal frå GSI); dette er nær 7 prosent av elevane.

### Forsking på skrivekompetanse i begge målformer

Forsking er mangelvare på området nynorsk i opplæringa, frå barnehagen, gjennom heile grunnopplæringa og til og med i lærarutdanninga. Gransking av kva vilkår som må oppfyllest for at elevar med nynorsk som hovudmål skal kunna halda fram å skriva nynorsk etter at dei er ferdige med grunnopplæringa, er eit område det finst lite kunnskap om (Nynorsksenteret 2009). Det finst lite informasjon om korleis det vert undervist i nynorsk som sidemål, kor mykje tid som vert bruka og om kor tidleg i grunnopplæringa undervisninga tek til (Grepstad 2004b).

På bakgrunn av kontakt med ulike fagmiljø har Språkrådet inntrykk av at lærarar flest ikkje introduserer nynorsk som sidemål før etter 7. steg, medan læreplanen opnar for å arbeida med tekstar på sidemålet på 5. steg. Eit argument for å byrja med sidemålet på 5. steg er at elevane då truleg i mindre grad har negative haldningar til sidemålsopplæringa enn dei kan ha på høgare årssteg. Eitt tiltak i tiltaksplanen til Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) er derfor å setja i gang følgjeforsking for å prøva ut tidleg start med nynorskopplæring på 5. steg for elevar med bokmål som hovudmål. Liknande tiltak vart sette i gang for framandspråkopplæringa i 2007 (Kunnskapsdepartementet 2007).

## Karakterar i skriftleg sidemål og hovudmål

### *Grunnskulen, 10. steg:*

Standpunktkarakter:	3,8 i norsk hovudmål etter gammal læreplan i 2007/2008
	3,8 i norsk hovudmål etter ny læreplan i 2008/2009
	3,6 i norsk sidemål etter gammal læreplan i 2007/2008
	3,7 i norsk sidemål etter ny læreplan i 2008/2009
Eksamen:	3,4 i norsk etter gammal læreplan i 2007/2008
	3,4 i norsk hovudmål etter ny læreplan i 2008/2009
	3,3 i norsk sidemål etter ny læreplan i 2008/2009

### *Den vidaregåande opplæringa:*

Studieførebuande fag, standpunktkarakter:	3,7 i norsk hovudmål 2008/2009
	3,5 i norsk sidemål i 2008/2009
Yrkesfagleg studieretning, standpunktkarakter:	3,4 i norsk i 2007/2008
	3,4 i norsk etter endra læreplan i 2008/2009
Studieførebuande fag, eksamen:	3,2 i norsk hovudmål i 2008/2009
Yrkesfagleg studieretning, eksamen:	3,4 i norsk i 2007/2008
	3,3 i norsk etter endra læreplan i 2008/2009

Statistikken ovanfor viser ikkje om sidemålet er nynorsk eller bokmål. Karakterane ligg på ein skala frå 1 til 6 med 6 som beste karakter. Informasjonen er henta frå seksjonen «Skoleporten» på nettsidene til Utdanningsdirektoratet.

## Læremiddel på begge målformer

Etter opplæringslova skal skulane berre bruka læremiddel som ligg føre på begge målformer til same tid og same pris; unntaket er læremiddel for norskfaget.

### *Stoda i vidaregåande skule*

Ved skulestart 2009 vart Kunnskapsdepartementet informert om læremiddelstoda slik Utdanningsdirektoratet hadde fått opplysning om frå 18 fylkeskommunar. Oslo kommune hadde, trass gjenteken purring, ikkje svara.

Fem av fylka hadde ikkje fått alle læremidla til rett tid. For to var årsaka at bokmålsutgåva ikkje var ferdigstilt, for to var ikkje nynorskutgåva ferdig. Andre årsaker var for sein bestilling, leveringsproblem osv.

Ti av fylkeskommunane rapporterte at det berre var kjøpt inn læremiddel som låg føre på bokmål og nynorsk til same tid, seks hadde ikkje teke omsyn til det. Dei seks var Troms, Aust-Agder, Telemark, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar. Dei presiserte at det berre galdt få fag, og at det galdt somme programfag på yrkesfaglege utdanningsprogram. Rogaland og Oppland fylkeskommunar visste ikkje om det var kjøpt inn læremiddel som låg føre i parallellutgåver, sidan det var skulane som var ansvarlege for læremiddelbestillinga.

Det vart opplyst frå 13 fylkeskommunar at informasjon om krava i opplæringslova (m.a. at berre læremiddel som finst i parallellutgåver, bortsett frå i norskfaget, skal kunna kjøpast inn) hadde gått ut til skulane (brev, e-post, vidaresending av informasjon frå Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet, informasjonsmøte o.a.). Dei andre fem hadde ikkje gjeve nokon særskild informasjon.

Utdanningsdirektoratet konkluderer med at innkjøp og levering av læremiddel har gått mykje betre i 2009 enn i dei to føregåande åra: «Det ser ut til at bevisstheten rundt kravet i

opplæringslovens §9-4 er blitt høyere hos fylkeskommunene, men at man i tilfeller der læremidler i et fag kun foreligger på bokmål likevel velger å kjøpe det inn.» (Utdanningsdirektoratet 2009a)

#### *Innkjøpsrutinar i skuleåret 2009/2010*

I 2008 var det berre 9 av 19 fylkeskommunar som kontrollerte at læremidla som vart kjøpte inn, låg føre i parallellutgåver på nynorsk og bokmål til same tid og pris.

I 2009 kontrollerte 17 av 19 fylkeskommunar det same, viser ein rapport frå Utdanningsdirektoratet. Ifølgje rapporten hevdar dei fleste fylkeskommunane at dei har eit ordna system for bestilling av læremiddel. Fylkeskommunane gjer avtaler, og skulane tingar det dei treng (Utdanningsdirektoratet 2009b).

I dei fleste tilfella står skuleleiinga for kontrollen. 12 av 19 fylkeskommunar opplyser at dei gjer bruk av dagsbøter for å sikra at læremiddel vert leverte i tide. Somme har avgjerder om erstatning og prisavslag.

#### *Læremiddelbehov for små elevgrupper*

Skolenettet (ei teneste for Utdanningsdirektoratet) gjorde i 2006–2008 ei kartlegging av læremiddelbehovet for smale fag eller små elevgrupper i den vidaregåande opplæringa.

Ei oppdatert oversikt over læremiddelbehovet frå januar 2009 er teken med, dessutan behovet for parallellutgåver. Det var ført opp at det trongst 82 nynorskutgåver av denne typen læremiddel og til denne elevgruppa (Skolenettet 2008).

#### *Nasjonal digital læringsarena (NDLA)*

NDLA er den største offentlege nettstaden for digitale læremiddel. NDLA er eit fellesinitiativ frå fylkeskommunane (utanom Oslo kommune) for å etablera fritt tilgjengelege digitale læremiddel i den vidaregåande skulen, finansiert av fylkeskommunane og Kunnskapsdepartementet. Det er så langt inga god oversikt over parallellutgåvesatsinga av digitale læremiddel frå NDLA, men ei undersøking som Høgskulen i Sogn og Fjordane gjorde på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet i 2008, viste at «opningssida er på bokmål, utan noko språkval. Dersom ein går vekk frå opningssida, kan ein velje nynorsk skjermespråk, men dette gjeld ikkje alle ressursane. Dersom ein har valt nynorsk og går tilbake til framsida ved hjelp av overskrifta, endrar skjermespråket seg tilbake til bokmål. Når det gjeld ressursane, vert dei lagde ut i den målforma dei er laga i» (Høgskulen i Sogn og Fjordane 2008). Språkrådet gjekk inn på nettsidene i 2010 og fann at ikkje alt innhald var presentert på begge målformer. Sida «Om NDLA» var berre på bokmål. I februar 2010 vart nynorskstoffet som galdt kroppsøving på NDLA, trekt tilbake fordi språket var for dårleg (sjå omtale under kapitlet «Rettskrivingsnormer og språkutvikling».)

#### *Forum for nynorsk i skulen*

Utdanningsdirektoratet oppretta forumet i 2005 som eit strategisk tiltak for å betra samarbeidet mellom dei viktigaste institusjonane for nynorsk. Forumet har hatt to årlege møte. Ei hovudsak for Språkrådet har vore å betra læremiddelsituasjonen for nynorskelevar og å setja søkjelyset på den skeive fordelinga av nynorsk og bokmål i lesebøker for norskfaget.

#### *Nynorsk i lesebøker*

Lesebøkene er sentrale i språkopplæringa. Nynorskelevane i ungdomsskulen finn skuleåret 2009/2010 ei stoffmengd i fellesutgåver av lesebøker som om nynorsk var *sidemålet* deira. Og bokmåselevane får i snitt under halvparten av det nynorskstoffet dei tidlegare kunne lesa (Askeland 2009). Språkrådet har i ulike høyringsfråsegner påpeikt den skeive målformfordelinga. Seinast i januar 2010 sa Kunnskapsdepartementet at det ikkje var aktuelt å gje presiserte retningslinjer for lærebokforfattarar og forlag når det gjeld dette (Nationen 2010). Departementet meiner at lærarane lokalt må supplera med det som er naudsynt.

## Norskfaget i lærarutdanninga frå hausten 2010

I framlegget til forskrift til ny rammeplan for grunnskulelærarutdanninga vert det slått fast at norsk er ein overordna kompetanse for alle lærarar. Dette gjev norsken ein sterkare formell status i lærarutdanninga. Men norskfaget vert ikkje noko *obligatorisk fag* for alle lærarstudentar etter utkastet til rammeplan frå Kunnskapsdepartementet. Forskriftene vart sende på høyring i 2009–2010, men ikkje fagplanane. Mange av høyringsinstansane, medrekna Språkrådet, var uroa for at mange lærarar i praksis ikkje vil få utvikla norskkompetansen sin i studietida.

Høyringsutkastet opnar for at visse grupper av lærarar for 1.–7. steg i grunnskulen kan få fritak frå prøve i skriftleg sidemål. Det vil gje ei gruppe av grunnskulelærarar som ikkje meistrar nynorsk. Denne gruppa får ikkje den språkkompetansen som må til for å kunna undervisa i alle fag på skular der elevane har nynorsk som opplæringsmål.

## Kompetanse og opplæring i andre framandspråk enn engelsk

Det er politisk semje om at det skal finnast eit breitt tilbod om opplæring i framandspråk, og at denne opplæringa òg skal femna om andre framandspråk enn engelsk. I grunnskulen er det likevel berre engelsk som er obligatorisk, men med den siste skulereforma frå 2006 (kunnskapsløftet) skal elevar på ungdomssteget læra eit andre framandspråk eller ha fordjuping i engelsk, norsk eller samisk.

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa (Framandspråksenteret) peiker på at talet på elevar som vel framandspråk i ungdomsskulen, har auka etter at kunnskapsløftet vart innført. Skuleåret 2009/2010 har 73,3 prosent av elevane på 8. årssteg valt framandspråk, medan det tilsvarande talet for skuleåret 2004/2005 var 60,6 prosent. Spansk har etablert seg som det mest valde framandspråket i ungdomsskulen med 32,4 prosent av elevane på 8. årssteg skuleåret 2009/2010, framføre tysk med 26,1 prosent og fransk med 14,6 prosent.

Ein del elevar vel bort det andre framandspråket til fordel for fordjuping i engelsk eller norsk i løpet av 8. eller 9. årssteg. I skuleåret 2007/2008 fekk 74,5 prosent av 8.-klassingane undervisning i eit andre framandspråk, men som 10.-klassingar i år er det berre 63,2 prosent av dei som framleis får det (Framandspråksenteret 2009 og 2010).

I vidaregåande skule må elevar som vel studieførebuande utdanningsprogram, ta eit andre framandspråk. Det finst ikkje sikre tal for framandspråksval på vidaregåande, men spansk, tysk og fransk er også her dei klart største; i neste rekkje kjem italiensk, russisk, nordsamisk og mandarin (Utdanningsdirektoratet 2009). Svært få elevar vel framandspråk som programfag (studieretningsfag). Berre 2–3 prosent av elevane på VG2 i studieførebuande utdanningsprogram skuleåret 2008/2009 ynskte framandspråk som programfag (Framandspråksenteret 2009).

Det finst få nøyaktige tal på kor mange studentar som studerer framandspråk ved høgskular og universitet. Framandspråksenteret har likevel undersøkt stoda ved universiteta i Bergen, Oslo og Tromsø, og det viste seg at frå 1996 til 2005 auka studiepoengproduksjonen kraftig i fag som spansk, arabisk og kinesisk, medan engelsk og russisk opplevde nedgang og tysk og fransk fekk halvert produksjonen (Kunnskapsdepartementet 2007).

Grannespråksundervisning er omtala i kapitlet «Grannespråk».

## Målbyte – frå nynorsk til bokmål

Byte av målform kan vera kollektive endringar innanfor ein skulekrins, eller dei kan vera individuelle. Desse målbyta går i dag som regel frå nynorsk til bokmål. Nokre overslag går ut på at om lag ein tredjedel av nynorskbrukarane fødte etter 1970 har skift målform i tenåra (Grepstad 2004a). Om vi samanliknar GSI-tala frå skuleåret 1994/1995, då 17 prosent av elevane var registrerte med nynorsk som målform, ser vi at det i den siste femtenårsperioden har vore ein nedgang på nesten fire prosentpoeng. Denne markerte nedgangen for nynorsk som hovudmål i skulen har kome etter ein etter måten stabil situasjon frå midten av 1970-talet og tjue år framover (da rundt 17 prosent av grunnskuleelevane hadde nynorsk som opplæringsmål).

Det er særleg på Austlandet det har vorte færre nynorskelevar. Den siste femtenårsperioden har prosenten nynorskelevar falle frå 24 til 20 i Oppland, og frå 20 til 12 prosent i Telemark. Men det har òg vore ein merkande tilbakegang i Rogaland (33 til 25 prosent) og Hordaland (49 til 40 prosent) (GSI, Grepstad 2010).

Ei undersøking ved Valdres vidaregåande skule i 2009 synte at medan 65 prosent av elevane hadde hatt nynorsk som opplæringsmål på barneskulen, var det berre 41 prosent av dei som framleis hadde det som hovudmål på ungdomsskulen, og ikkje meir enn 21 prosent på vidaregåande. Overgangen til bokmål var størst blant elevar frå dei språkdelte kommunane i Valdres, hos jentene og mellom elevar som ikkje tala den lokale dialekten (Garthus 2009).

Undersøkinga frå Valdres gjeld individuelle målbyte, men ho viser mange av dei same forklaringane som dei som gjeld kollektive målbyte: Presset mot nynorsk aukar i språkblanda kommunar og på språkblanda skular. Ein analyse av folkerøystingar om skulemål i perioden 1965–2002 syner at «nynorsk generelt sett taper dersom den aktuelle kommunen anten er «nøytral» eller har bokmål som administrasjonsspråk» (Søberg 2004).

Opplæringsmålet ved skulane vert i røynda avgjort ved rådgjevande lokale folkerøystingar. Ottar Grepstad peiker på at «[f]olkerøystinga gir mykje makt til fleirtalet og lite vern for mindretalet» (Grepstad 2010). Eit ekstremt utslag av dette ser vi i tala for Nord-Trøndelag i perioden 1965–2008. Her var det 70 skulemålsrøystingar, der totalt 39,4 prosent røysta for nynorsk. Likevel gjekk prosenten nynorskelevar i Nord-Trøndelag ned frå 30 til 0,2 prosent i den same perioden. Grepstad meiner «utviklinga i Trøndelag på 1960- og 70-talet kan tene som eit varsku om kva prosessar som no gjer seg gjeldande i Valdres og delar av Telemark» (Grepstad 2010).

### **Norskopplæring for innvandrarar**

Med introduksjonslova frå 2004 har nye innvandrarar rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet. Dette er eit heilårsprogram på fulltid som skal gje grunnleggjande ferdigheiter i norsk og grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv. Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at det i åra 2005–2008 kvart år har vore over 8000 som har teke del i programmet. I 2008 var det 8706 personar, mot 8290 i 2007.

Ved utgangen av 2008 var 68 prosent av deltakarane framleis med i programmet. Det er ein liten auke samanlikna med året før. Introduksjonsprogrammet består av fleire typar tiltak. Det mest sentrale er norskopplæring med samfunnskunnskap. 92 prosent av deltakarane var registrerte på dette kurset i løpet av 2008 (Statistisk sentralbyrå 2009).

Etter at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2008 løyvde midlar til ein treårsplan for å heva kvaliteten i norskopplæringa for innvandrarar, bestod 62 prosent skriftleg norskprøve 2 i 2009, og 54 prosent klarte norskprøve 3 (som er høgaste nivå). I 2007 var talet 49 prosent for begge prøvene.

### *Nynorske læremiddel for vaksne innvandrarar*

I dag er det berre 11 av 114 nynorskkommunar som tilbyr nynorskopplæring for innvandrarar (sju kommunar i Møre og Romsdal, tre i Sogn og Fjordane og éin i Hordaland). Ein grunn til at talet ikkje er høgare, er at det har vore og til dels *er* mangel på nynorske læremiddel for denne gruppa. Ifølgje LNK-avisa (meldingsbladet til Landssamanslutninga av nynorskkommunar) har 50 ordførarar skrive under på at dei ynskjer læremiddel på nynorsk for innvandrarar i sine kommunar. I brev til Arbeids- og inkluderingsdepartementet skreiv det statlege kompetansesenteret Vox i 2009 at dei er kjende med at «det er et sterkt ønske fra nynorskkommuner om flere læremidler på nynorsk». Vox samarbeider no med Landssamanslutninga av nynorskkommunar om å omarbeida ein del læremiddel frå bokmål til nynorsk.

## Kjelder

- Askeland, Norunn (2009): Kunnskapsløft for nynorsk? Nynorsk i lesebøker etter oppheving av godkjenningsordninga. I Tvitekkja, Sigfrid (red.): Klamme former og sær skriving? Språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder. Språkrådet
- Forskrift til opplæringslova. <http://www.lovdato.no/for/sf/kd/xd-20060623-0724.html>
- Framandspråksenteret (2009): Tiltaksplan for programfag innen fremmedspråk.  
<http://www.fremmedspraksenteret.no/neted/modules/archive/front/file.php?data=a727a02b9a6650734eb724ff4d73f732>
- Framandspråksenteret (2010): Notat 1/2010.  
<http://www.fremmedspraksenteret.no/neted/modules/archive/front/file.php?data=bb97c1e2308afe5b026a2468ef7476d4>
- Garthus, Karen Marie Kvåle (2009): Rapport om målskifte i Valdres
- Grepstad, Ottar (1998): Nynorsk faktabok 1998. Nynorsk Forum
- Grepstad, Ottar (2004a): Den språklege lekkasjen. Årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur. Nynorsk kultursentrum
- Grepstad, Ottar (2004b): Nynorsk i opplæringa: kunnskap, kultur og kvalitet. Nynorsk kultursentrum
- Grepstad, Ottar (2005): Nynorsk faktabok 2005. Nynorsk kultursentrum
- Grepstad, Ottar (2010): Språkfakta 2010. Nynorsk kultursentrum.  
<http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=4395>
- Hellekjær, Glenn Ole (2007): Fremmedspråk i norsk næringsliv – engelsk er ikke nok!. Fokus på språk 3/2007. Framandspråksenteret.  
<http://www.fremmedspraksenteret.no/neted/upload/attachment/site/group55/Fokusnr3.pdf>
- Høgskulen i Sogn og Fjordane (2008): Under stadig utvikling ... Rapport om Undersøking av digitale læremiddel på begge målformer. <http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/digital-rapport-809.pdf>
- Kolbeinstveit, Lars (2010): Hvorfor lære tysk og fransk? Om situasjonen for fremmedspråk i Norge. Civita-notat nr. 1/2010. [http://www.civita.no/images/stories/PDFer/civita-notat\\_1\\_2010.pdf](http://www.civita.no/images/stories/PDFer/civita-notat_1_2010.pdf)
- Kunnskapsdepartementet (2007): Språk åpner dører. Strategi for styrking av fremmedspråk i grunnopplæringa 2005–2009. Revidert utgåve januar 2007.  
[http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Grunnskole/Strategiplaner/UDIR\\_SprakApnerDorer\\_07nett.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Grunnskole/Strategiplaner/UDIR_SprakApnerDorer_07nett.pdf)
- LNK-avisa. 3. november 2009
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova):  
<http://www.lovdato.no/all/hl-19980717-061.html>
- Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven):  
<http://www.lovdato.no/all/hl-20030704-080.html>
- Mathisen, Bjørn (2008): Monitor for introduksjonsordninga 2008. Statistisk sentralbyrå. Rapportar 2008/52.  
[http://www.ssb.no/emner/04/02/50/rapp\\_monitor\\_introduksjon/rapp\\_200852/rapp\\_200852.pdf](http://www.ssb.no/emner/04/02/50/rapp_monitor_introduksjon/rapp_200852/rapp_200852.pdf)
- Nationen (2010): Intervju med Lisbeth Rugtvedt, statssekretær i Kunnskapsdepartementet. 15.1.2010
- Nynorsksenteret (2009): Tiltaksplan 2009–2012.  
[http://www.nynorsksenteret.no/neted/upload/attachment/site/group1/Tiltaksplan\\_2009\\_2012\\_vev.pdf](http://www.nynorsksenteret.no/neted/upload/attachment/site/group1/Tiltaksplan_2009_2012_vev.pdf)
- Skolenettet (2008): Kartlegging av læremiddelbehov etter Kunnskapsløftet for smale fag / små elevgrupper i vidaregåande opplæring.  
[http://www.skolenettet.no/moduler/templates/Module\\_Article.aspx?id=50915&epslanguage=NO](http://www.skolenettet.no/moduler/templates/Module_Article.aspx?id=50915&epslanguage=NO)
- Statistisk sentralbyrå (2009): Flere deltakere i introduksjonsordninga i 2008.

<http://www.ssb.no/vis/emner/04/02/50/introinnv/art-2009-07-10-01.html>  
St.meld. nr. 23 (2007–2008) Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne.  
<http://www.regjeringen.no/pages/2077013/PDFS/STM200720080023000DDDPDFS.pdf>  
St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.  
<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>  
Søberg, Morten (2004). Språkleg konkurranse i Noreg; Ein analyse av folkerøystingar om nynorsk eller bokmål. Tidsskrift for samfunnsforskning 4/2004  
Utdanningsdirektoratet (2009a): Elevers fagvalg i videregående opplæring 2008–2009.  
<http://www.udir.no/Store-dokumenter-i-html/Elevers-fagvalg-i-videregaende-opplaring-20082009/?extendedMenu=true>  
Utdanningsdirektoratet (2009b): Fylkeskommunenes innkjøpsrutiner skoleåret 2008/2009.  
[http://udir.no/Artikler/\\_Tjenester/\\_Laremidler/Fylkeskommunenenes-innkjopsrutiner----rapport-for-skolearet-20082009/](http://udir.no/Artikler/_Tjenester/_Laremidler/Fylkeskommunenenes-innkjopsrutiner----rapport-for-skolearet-20082009/)  
Utdanningsdirektoratet: Grunnskolens informasjonssystem (GSI).  
<http://www.wis.no/34404/2075/34382-37381.html>  
Utdanningsdirektoratet: Skoleporten. <http://www.utdanningsdirektoratet.no/skoleporten/resultater>  
(og underliggjande sider)



## 7 Språkbruk i høgare utdanning og forskning

*I universitets- og høgskulesektoren har engelsk dei siste åra vunne fram særleg i undervisninga. I dag er tre fjerdedelar av undervisninga på mastergradsnivå på norsk. Norsk er nytta i ein snau tredjedel av dei vitenskaplege bidraga frå norske forskarar og i berre éi av ti doktorgradsavhandlingar. Sektoren har nyleg fått eit ansvar for norsk fagspråk, men vi veit lite både om korleis undervisninga på engelsk fungerer, og om andre sider ved utviklinga.*

Ei overordna språkpolitisk utfordring er å utvikla og halda oppe verkeleg parallellspråklegheit ved institusjonane, slik det er definert i den nordiske språkdeklarasjonen (Nordisk ministerråd 2007). Det vil seia at både norsk og andre språk skal kunna nyttast etter behov på alle felt, at språkbarrierar ikkje skal stengja døra til høgare utdanning for nokon, og at vitenskaplege resultat skal kunna nå fram til alle. Når ein skal vurdere tilstanden, er det viktig å vera merksam på dei ulike omsyna som må balanserast mot kvarandre.

Universiteta og høgskulane har plikt til å formidla resultata av verksemda si og til å halda ved like og vidareutvikla norsk fagspråk. I stortingsmeldinga *Mål og meining* er det lagt til grunn at norsk skal vera hovudspråket ved institusjonane, og som prioriterte språkpolitiske tiltak nemner meldinga dessutan individuelt tilpassa språkstrategiar, særskilde språktenester («språksenter») og vurdering av moglege språkpolitiske verknader av finansieringssystemet. Fleire universitet og høgskular har no anten vedteke ein språkpolitikk eller arbeider med det, men ved Universitetet i Oslo ser det ut til at dette arbeidet har stoppa opp. Når det gjeld dei to norske målformene, profilerer Universitetet i Bergen seg iblant som eit universitet som brukar mykje nynorsk.

Dei undersøkingane av språkbruk i universitets- og høgskulesektoren som har vore gjorde, gjeld bruk av engelsk og norsk, og seier lite eller ingenting om tilhøvet mellom bokmål og nynorsk. Som kvantitative indikatorar for språkbruk nyttar vi nedanfor språk i pensum, omfanget av undervisning på engelsk, språk i masteroppgåver, tal for forskingspublisering og anna fagleg publisering på norsk og språk i doktoravhandlingar. Som kvalitativ indikator er det sett opp undersøkingar av den språklege og den faglege kvaliteten på undervisninga.

### **Høgare undervisning på norsk og engelsk**

I høgare undervisning kan ein skilja mellom ei rekkje underformer (undersjangrar). Her finst det mange og ulike faktorar som påverkar valet av språk og bruken av språk.

#### *Kva for språk er pensumlitteraturen på?*

Dei tala vi har for språk i pensumlitteratur, er nokså gamle og gjeld berre *grunnivået*. Ei landsdekkjande undersøking frå 2001 viste at prosentdelen av pensum på norsk her då hadde halde seg stabil eller auka sidan 1980 (Riksaasen Hatlevik og Dahl Nordgaard 2001). Men det var stor variasjon i fordelinga på tvers av fag og utdanningar. I dei tradisjonelle grunnfaga på universiteta var snautt 50 prosent av pensum på norsk, medan talet for profesjonsutdanningane ved høgskulane låg over 90 prosent. Prosentdelen av pensum på norsk varierte òg med fagområdet, der det var høgast i humaniora og samfunnsvitenskap, lågast i naturvitenskap, og mellom lærestadene innanfor det enkelte faget.

Sidan 2003 har gradssystemet og studieløpa vorte sterkt endra, og tala frå 2001 seier ikkje lenger så mykje. Dette kallar på ei ny undersøking. Sidan ein kan rekna med at det er meir engelsk

på pensum dess høgare opp i systemet ein kjem, bør også pensum på høgare nivå kartleggjast. Undersøkinga frå 2001 peiker på fleire faktorar som gjer det vanskeleg å skriva fagbøker for sektoren på norsk: fragmentering av pensum, aukande behov for rask oppdatering, dårlege meritteringsordningar for norske universitetsfolk som vil skriva, konkurranse frå billige og gode engelskspråklege bøker osv. Den potten Kunnskapsdepartementet har sett av til støtte for utgjeving av lærebøker på norsk for høgare utdanning, er liten og langt på veg øyremerkt for bøker for spesielle grupper. *Mål og mening* peiker på at ein bør greia ut om denne potten kan utvidast.

### *Undervisning på engelsk*

I dag er det ikkje lenger lovfest at undervisningsspråket til vanleg skal vera norsk, men i *Norsk i hundre!* er det sagt at den grunnleggjande undervisninga bør vera det, og at engelsk bør koma i neste omgang (Språkrådet 2005). Skiljet mellom grunnivået og det høgare nivået er ikkje trekt klart i dei språkpolitiske retningslinene som Universitets- og høgskolerådet sende ut i 2007, men går att i utgreiingar ved fleire av institusjonane. Skiljet er viktig fordi studentane skal læra både norsk og internasjonalt fagspråk, men må læra norsk fagspråk før dei kan gå vidare til neste nivå. Med det ansvaret institusjonane no har for norsk fagspråk, må dette då organiserast skikkeleg (Universitets- og høgskolerådet 2007).

Vi veit ikkje kor mykje engelskspråkleg undervisning det er på grunnivået, men for det høgare nivået har forskingsinstituttet NIFU STEP i 2009 undersøkt utbreiinga av engelskspråklege masterprogram på landsbasis (Schwach 2009). Undersøkinga dokumenterer omfanget godt. Dersom ho vert teken opp att for eksempel kvart fjerde år, vert det mogeleg å følgja utviklinga og laga periodisk statistikk. Korleis utviklinga går, kjem an på ei rekkje faktorar i Noreg og utlandet.

Det var i gjennomsnitt 910 mastergradsprogram med påmelde studentar kvart av dei tre semestra frå hausten 2007 til hausten 2008. Engelsk var utlyst som undervisningsspråk på 19 prosent av dei. Av dei 49 700 studentane som var innskrivne på masterprogram kvart semester, var 27 prosent registrerte på engelskspråklege program. Om lag kvart femte masterprogram var altså utlyst som engelskspråkleg, og litt fleire enn kvar fjerde student studerte på eit slikt program. Truleg er minst 20–25 prosent av den samla undervisninga på masternivå på engelsk.

### *Meir enn åtte av ti studentar er norskspråklege*

Studentane på dei engelskspråklege masterprogramma var konsentrerte om nokre få program. Halvparten var innskrivne på tretten program innanfor tre fagfelt – for det fyrste økonomi, leiing og marknadsføring, for det andre medisin og for det tredje teknologiske og matematisk-naturvitskaplege fag. Desse tretten programma var allmenne, breitt orienterte program innanfor sine felt.

Truleg hadde så mange som åtte–ni av ti studentar på dei engelskspråklege programma norsk som morsmål (rekna ut på grunnlag av registrert statsborgarskap). Utlendingane utgjorde nemleg 15 prosent av dei påmelde studentane her, mot ca. 8 prosent av det samla studenttalet i gjennomsnitt (i alt var det registrert 4200 utanlandske mastergradsstudentar kvart semester). På eitt av åtte engelskspråklege program (12,5 prosent) fanst det ingen studentar frå utlandet.

Det kan altså ikkje berre vera omsynet til det faktiske talet på studentar frå utlandet som ligg til grunn for valet av undervisningsspråk på fleire av dei engelskspråklege masterprogramma. Dei aller fleste studentane på dei engelskspråklege programma er nemleg ikkje utlendingar, samstundes som 50 prosent av dei 4200 utlendingane var innskrivne ved norskspråklege program.

### *Språkleg og fagleg kvalitet*

Undersøkinga til NIFU STEP viste at fleire av dei engelskspråklege programma i realiteten var parallellspråklege, med breie innslag av norsk, slik at ein truleg må vera ganske god i norsk for å ha fullt utbytte av undervisninga. Mange var breiddeprogram, breitt orienterte tilbod til større studentmassar, oftast utan noko parallelltilbod på norsk. Andre var truleg meir einspråkleg engelske,

og fleire av desse siste var nisjeprogram, spesialiserte parallellar til andre program eller oppretta spesielt for å tilby utlendingar engelskspråkleg utdanning og gjerne tilrettelagde gjennom tema og/eller språk og/eller knytte til utvekslingsprogram.

Språkvalet i *masteroppgåver*, både på engelskspråklege og norskspråklege program, kan òg seia noko om den faktiske språkbruken i høgare utdanning. Her finst det ei NIFU STEP-undersøking frå 2007 som viser at talet på oppgåver på norsk gjekk ned frå 83 prosent i 1986 til 64 prosent i 2006, medan prosentdelen av engelsk samstundes steig frå 9 til 33 (Schwach 2007). Det er all grunn til å meina at denne utviklinga har halde fram. Ei undersøking av nokre fag ved Universitetet i Oslo syner at mønsteret er særleg klart i informatikk, fysikk og samfunnsøkonomi, men mindre i historie (Schwach 2009). Generelt vert det færre oppgåver på bokmål, medan nynorskprosenten er nokså stabil.

Det er uklart korleis undervisninga på dei engelskspråklege programma verkeleg fungerer. Rapporten frå NIFU STEP (Schwach 2009) peiker på at ein bør undersøkje forholdet mellom den faglege og den språklege kvaliteten, og seier at dette kan vera ein (kvalitativ) indikator. Jamvel om det vert gjort noko arbeid med dette ved Universitetet i Oslo og NTNU (Ljosland 2008), manglar det mykje kunnskap her. Å undersøkje samanhengen mellom den språklege og den faglege kvaliteten i masteroppgåver kan vera ein innfallsport i ei slik undersøking.

### **Vitskapleg språk**

Når det gjeld vitskapleg språk, må ein skilja mellom forskingspublisering og anna fagleg publisering, slik styresmaktene gjer i systema for finansiering og forskingsdokumentasjon. Berre bidrag i kanalar med (streng) fagfellevurdering vert her rekna som forskingspublisering. Faglege bidrag i andre kanalar kan kallast «anna fagleg publisering», og her går det då ikkje noka klar grense mot formidling, som er ei anna lovpålagd oppgåve lærestadene har.

#### *Nye tal for språk i forskingspublisering*

Vi veit at det i perioden frå 1979–81 til 1998–2000 vart publisert etter måten stadig meir på framandspråk – i praksis engelsk – av forskarar ved norske universitet og vitskaplege høgskular, særleg innanfor humaniora og samfunnsvitskaplege fag (Kyvik 2001). Publiseringa på nordiske språk – det vil særleg seia norsk – gjekk like mykje ned. I naturvitskapelege fag har norske forskarar alltid publisert mykje på framandspråk, så her var auken relativt mindre. Også i teknologiske fag og i medisin dominerte og dominerer publisering på framandspråk sterkt.

Frå 2006 er finansieringssystemet lagt om slik at forskingsbidrag i visse internasjonale publiseringsskanalar skal leggjast til grunn for delar av løyvingane til institusjonane. Slike bidrag vert derfor registrerte i databasen for statistikk om høgare utdanning ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD). Oppdaterte tal frå denne basen viser at det ikkje var noka merkande endring i fordelinga på språk i publiseringa samla frå 2005/2006 til 2007/2008 (Sivertsen 2010). Bidraga på norsk utgjorde begge gonger 32 prosent av alt som vart registrert. Det har vore ein sterk auke i publiseringa, særleg i humaniora og samfunnsvitskap, og det vert publisert meir på framandspråk. Men sidan publiseringa på norsk òg har auka mykje, er det ingen tilbakegang for norsk samla i åra 2005–2008. For humaniora gjekk talet derimot ned frå 59 til 55 prosent på norsk frå 2005/2006 til 2007/2008, og for samfunnsvitskap gjekk det ned frå 55 til 54 prosent.

#### *Språk i doktoravhandlingar*

Det finst òg tal for språk i alle doktoravhandlingar i Noreg i 2001 og i doktoravhandlingar frå dei tre største universiteta i 2007 (Ljosland 2008). I 2001 var 81 prosent av alle avhandlingane på engelsk, mot 15 prosent på norsk og resten på både engelsk og norsk eller på andre språk. Tala for norsk varierte frå 49 prosent i humaniora til 2 prosent i medisin. I 2007 var 88,5 prosent av avhandlingane frå dei tre universiteta på engelsk, mot 10,6 prosent på norsk og 0,9 prosent på andre språk. Minst norsk var det ved NTNU, med 6,6 prosent, mot 93,0 prosent på engelsk (NTNU har

etter måten meir teknologi og naturvitskap enn andre norske universitet).

### *Anna fagleg publisering og formidling*

Når det gjeld språk i fagleg publisering som ikkje er fagfellevurdert, har vi ingen tal, men forskarar i alle fag publiserer ofte for målgrupper i Noreg utanfor fagmiljøet, og det finst mykje litteratur i mange viktige fag på norsk (populærvitskap osv.). Styresmaktene har to gonger fått utgreidd korleis ein skal utvikla indikatorar som kan trekkja honorering av formidling inn i finansieringssystemet, men utan resultat til no.

Det finst ikkje tal for fordelinga på bokmål og nynorsk i dei registreringane det er vist til ovanfor i dette kapitlet.

### **Kjelder**

- Kyvik, Svein (2001): Publiseringsevne ved universiteter og vitenskapelige høyskoler. Nifus skriftserie 15/2001  
<http://www.nifustep.no/content/download/1105/12212/file/skriftserie15-2001.pdf>
- Ljosland, Ragnhild (2008): Lingua franca, prestisjespråk og forestilt fellesskap: Om engelsk som akademisk språk i Norge. Et kasusstudium i bred kontekst. Doktorgradsavhandling 2008:208 ved NTNU. <http://ntnu.diva-portal.org/smash/get/diva2:158732/FULLTEXT01>
- Nordisk ministerråd (2007): Deklaration om nordisk språkpolitikk. ANP 2007:746.  
[http://www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2007-746/at\\_download/publicationfile](http://www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2007-746/at_download/publicationfile)
- Riksaasen Hatlevik, Ida K. og Jorunn Dahl Nordgård (2001): Myter og fakta om språk. Pensumlitteratur på grunnnivå i høyere utdanning. Nifu-rapport 5/2001.  
[http://www.nifustep.no/content/download/1084/11729/file/Rapport\\_5-2001.pdf](http://www.nifustep.no/content/download/1084/11729/file/Rapport_5-2001.pdf)
- Schwach, Vera (2007): Bruk av engelsk i forskning og høgare utdanning. Presentasjon av ei undersøkning. Foredrag på Språkdagen 2007
- Schwach, Vera (2009): Masterprogrammer på engelsk i Norge. I bredde og nisjer. NIFU STEP-rapport 36/2009.  
<http://english.nifustep.no/content/download/43675/192682/file/NIFU%20STEP%20Rapport%2036-2009.pdf>
- Sivertsen, Gunnar (2010): Språk i vitenskapelig publisering 2005–2008. Upublisert samstilling av bearbeidde nøkkeltal frå databasen for statistikk om høgare utdanning ved Norsk samfunnsvitenskapleg datateneste, motteken per e-post i Språkrådet 21.1.2010.
- Språkrådet (2005): Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi. [http://www.sprakradet.no/upload/9832/norsk\\_i\\_hundre.pdf](http://www.sprakradet.no/upload/9832/norsk_i_hundre.pdf)
- St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.  
<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- Universitets- og høyskolerådet (2007): Overordnede språkpolitiske retningslinjer.  
[http://www.uhr.no/documents/spraakpolitisk\\_plattform.pdf](http://www.uhr.no/documents/spraakpolitisk_plattform.pdf)

## 8 Fagspråk og terminologi

*Det er i dag eit generelt etterslep i arbeidet med å samla inn eller utvikla og gjera norsk terminologi tilgjengeleg. Stadig færre standardar vert omsette til norsk. Den terminologiske og fagspråklege stoda er mykje dårlegare for nynorsk enn for bokmål. Ofte vert engelske termar tekne i bruk fordi den tilsvarande terminologien ikkje vert utvikla på norsk.*

Fagspråk er spesialspråk eller språk for grupper av fagfolk. Skal fagkommunikasjonen vera effektiv og føremålstenleg, må fagomgrepa vera eintydig definerte og ha klare relasjonar til andre omgrep. Terminologiar er utvikla for særskilde faglege føremål, og termene har ei klar, definert tyding. Spesialisert kunnskap stiller strenge krav til eit velutvikla omgrepsapparat. Omgrepa må òg ha ei dekkjande nemning som duger språkleg, og som fagfolk aksepterer og tek i bruk. Det er slike nemningar, eller termar, som utgjer terminologien på eit fagfelt. Fagspråket er dermed også vitskapspråk og forvaltningsspråk. I nærings- og arbeidslivet er fagtermar ofte å finna i standardar, dokument som beskriv arbeidsprosessar, system eller produkt.

Etterslepet i terminologiarbeidet er stort, og mykje større for nynorsk enn for bokmål. Dette gjer fagkommunikasjon og produksjon av fagspråkleg litteratur vanskelegare på nynorsk enn på bokmål. Når det gjeld offentleg sektor, vert det aller meste av lover, forskrifter og standardar i dag utarbeidd på eller omsett til bokmål. Stoda i privat sektor er det vanskelegare å få oversikt over, men bruken av engelsk verkar å vera meir utbreidd der, og bokmålet dominerer i større grad enn i offentleg sektor.

### Standardiseringsarbeid i Noreg

Standardiseringsarbeidet i Noreg skjer i dei tre organisasjonane Standard Norge (SN), Norsk Elektroteknisk Komité (NEK) og Post- og teletilsynet (PT). SN har einerett på å fastsetja og gje ut *Norsk Standard* på dei aller fleste område. NEK har ansvaret for elektroteknisk standardisering, og PT for teleteknisk.

Norske standardar kan vera utarbeidde på norsk her heime. Det store fleirtalet er likevel europeiske eller internasjonale standardar som anten er omsette til norsk, som regel frå engelsk, eller som ikkje er omsette, men vert gjevne ut med engelsk tekst og norsk tittel. Tendensen dei siste åra har vore at stadig færre standardar vert omsette til norsk.

#### *Standard Norge*

Tabell 1: Standardar frå Standard Norge

	2008	2007	2006	2005
Talet på fastsette Norsk Standard	1 054	1 140	1 390	1 298
av desse: nasjonalt utarbeidde	44	19	22	24
Talet på standardar omsette til norsk	34 (3,4 %)	33 (3 %)	48 (3,5 %)	90 (7 %)
Samla tal på gjeldande Norsk Standard	14 111	13 691	13 166	12 313
av desse: nasjonalt utarbeidde	1 725	1 735	1 782	1 879

Kjelde: Nøkkeltal frå Standard Norges årsrapportar for perioden 2005–2008. Tala for 2009 ligg enno ikkje føre.

Av tala i tabellen ovanfor kan ein m.a. lesa følgjande:

- Berre litt over 12 prosent av alle gjeldande standardar er utarbeidde nasjonalt.
- Prosentdelen av omsette standardar vart halvert frå 2005 til 2006, men har sidan 2007 vore om lag den same. Prosenttala seier ikkje kor mange sider som har vorte omsette.

At så få norske standardar ligg føre på norsk, er uheldig av ei rekkje grunnar, språklege og samfunnsmessige elles, men særleg fordi det ikkje vert utvikla så mykje ny norsk fagterminologi som det er behov for. Det låg i 2008 føre berre éin norskspråkleg standard på nynorsk. Det er altså tilnærma total bokmålsdominans på området. Dette er særst uheldig for utviklinga av nynorsk fagterminologi og for måljamstellinga i Noreg.

Det kan leggjast til at i 2009 vart berre 1 av 25 europeiske og internasjonale terminologistandardar (med «term» eller «terminologi» i tittelen) omsett til norsk då dei vart fastsette som norsk standard. Det vart dessutan utarbeidd éin slik terminologistandard nasjonalt. Av to europeiske og internasjonale standardar med «ordliste» i tittelen fastsette som norsk standard same året vart ingen omsette til norsk. Det vart dessutan utarbeidd éin standard nasjonalt med «ordliste» i tittelen. Dei såkalla «ny metode»-direktiva som kjem inn i norsk rett gjennom EØS-avtala, viser gjerne til og kan òg innehalde delar av europeiske standardar som ikkje elles vert omsette til norsk.

### *Norsk Elektroteknisk Komité (NEK)*

Frå NEK har vi fått desse tala for 2008:

Totalt tal på fastsette NEK-standardar: 1323,

av desse med norsk tekst: 9 (0,7 prosent)

av desse med engelsk tekst (og berre norsk tittel): 1314

Talet på NEK-standardar utarbeidde nasjonalt (på norsk): 7 (0,5 prosent)

Samla tal på gjeldande NEK-standardar: 12 867

Engelsk språk er heilt dominerande i dei norske elektrotekniske standardane. NEK sjølv grunnjev dette med at sektoren er internasjonal med engelsk som dominerande språk, at elektroteknisk industri berre i liten grad opererer på den norske marknaden aleine, og sist, men ikkje minst, med at NEK ikkje får noka offentleg støtte til omsetjing til norsk.

### *Post- og teletilsynet (PT)*

Opplysningar frå Post- og teletilsynet viser at dei 58 standardane som vart gjevne ut på PTs område i 2009, alle var europeiske eller internasjonale standardar som vart fastsette som norsk standard med engelsk tekst. PT utarbeider ikkje standardar nasjonalt.

Ved utgangen av 2009 fanst det i alt 4060 norske standardar på teleområdet. Ingen av dei er omsette til norsk fordi dei ifølgje PT i liten grad rettar seg mot vanlege borgarar, men i hovudsak er laga for systemspecialistar. Det er likevel eit politisk krav at tittelen på alle slike standardar skal vera på norsk.

## **Utdanning og kvalifisering i omsetjing til norsk og utdanning i terminologi og fagspråk**

Universitetet i Agder (UiA) er den einaste høgare utdanningsinstitusjonen i Noreg som gjev ei samla utdanning i fagomsetjing, men berre på bachelornivå. I tillegg forvaltar Noregs handelshøgskole (NHH) ei autorisasjonsordning for statsautoriserte translatørar, men den avgjerande prøva er ikkje ledd i ein bunden studiegang. I eit lite språksamfunn som det norske, som er under sterkt press frå engelsk, er det altså ikkje mogeleg å ta mastergrad i omsetjing.

Rekrutteringa til bachelorstudiet er lita, det er ikkje mogeleg å utdanna seg til terminolog ved ein heimleg institusjon, og det er i dag berre engelsk som kan veljast som framandspråk i utdanninga ved UiA. Tidlegare kunne studentane òg velja fransk og tysk.

Universitetet i Bergen (UiB) og NHH har som dei einaste høgare utdanningsinstitusjonane i landet nokre kurs der fagspråk inngår, men har likevel inga heilskapleg fagspråksutdanning. Frå hausten 2009 er NHH, med støtte frå Språkrådet, dessutan med i eit fellesnordisk, internettbasert fjernundervisningsopplegg, «Termdist», som etter planen på sikt skal kunna føra fram til ein mastergrad i terminologi. Per i dag er det berre éin person som arbeider som universitetsterminolog på full tid i Noreg.

### *Universitetet i Agder (UiA)*

UiA har gjeve desse opplysningane om fagomsetjarstudiet: Våren 2009 vart det uteksaminert 18 kandidatar, og det var 15 studentar som avslutta det fyrste studieåret. Hausten 2009 byrja 10 studentar på siste året og 32 på fyrste året. Det var altså i alt 75 studentar på fagomsetjingsstudiet i 2009. Studentane som går på andre studieåret og er i utlandet, er ikkje rekna med her.

Ved UiA er det unntaksvis fagomsetjarstudentar med nynorsk som hovudmål, sjølv om alle studentane i løpet av studietida må gjera nokre omsetjingar til nynorsk. Det er altså fare for at det vert utdanna for få fagomsetjarar med nynorsk som hovudmål, og dette kan skada nynorsken på lengre sikt.

### *Noregs handelshøgskole (NHH)*

Etter eksamen i 2009 vart det gjeve 12 einvegsautorisasjonar frå eit framandspråk til norsk. Det var i alt 48 kandidatar som melde seg til eksamen, men berre 25 prosent som klarte han.

Ved NHH vert det kvar haust halde eit fagspråksrelevant kurs som inngår i bachelorprogrammet SPIK («språk og interkulturell kommunikasjon»), som er eit samarbeid om ein fellesgrad mellom UiB og NHH (kurset er ope for andre studentar òg). Ti studentar tok emnet SPIK 102 (15 studiepoeng) i 2009. NHH er den norske partnaren i Termdist. Tilbodet vart gjeve for fyrste gong hausten 2009, og det var påmeldt 20 norske studentar til eit kurs på 7,5 studiepoeng.

Opplysningane er gjevne av tilsette ved NHH.

### *Universitetet i Bergen (UiB)*

Ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved UiB vert det kvar haust halde to relevante kurs på bachelornivå:

- eit fordjupingsemne i nordisk tekstanalyse med fagspråkleg profil: 15 studiepoeng, 20 studentar i 2009
- eit kurs innanfor SPIK-programmet (sjå NHH ovanfor), SPIK 103, som følgjer etter SPIK 102 i same semesteret: 15 studiepoeng, 10 studentar i 2009

Ved UiB er det òg tilbod om seminarverksemd om terminologi på doktorgradsnivå. I 2009 var UiB ansvarleg for eitt slikt (ope) seminar ved Samisk høgskole i Finnmark. Språkrådet har fått opplysningane direkte frå UiB.

### *Masteroppgåver på fagspråksområdet i 2009*

Ved Universitetet i Bergen vart det levert to masteroppgåver i forvaltningsspråk og medisinsk fagspråk. Ved Høgskulen i Volda vart det levert ei masteroppgåve i nynorsk terminologi, fagspråk og fagleksikografi.

## **Organisasjonar**

*Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening* (NFF) organiserer forfattarar og omsetjarar som har publisert minst éi faglitterær bok på minst 200 000 teikn eller minst 100 trykte sider eigne bidrag. Berre kvalitetskontrollerte verk som er utgjevne eller gjorde tilgjengelege for ålmenta på annan måte, kan godkjennast.

*Statsautoriserte translatørers forening (STF)* organiserer dei som har stått til translatørprøva og dermed kan nytte tittelen «statsautorisert translatør». 20 ulike språk er representerte blant medlemene i STF.

Tabell 2: Medlemstal i NFF og STF per 31.12.2009

Organisasjon	Omsetjarar	Forfattarar	I alt
NFF	544	4 705	5 249
STF	237	-	237

216 av NFF-medlemene er registrerte både som omsetjar og forfattar. Verken NFF eller STF har statistikk over målforma til medlemene.

### Fagspråklege offentlege dokument

Denne gruppa omfattar proposisjonar, stortingsmeldingar, lover og sentrale forskrifter, og dessutan traktatar, avtaler og EØS-rettsakter som er omsette til norsk. Tala for nynorsk og bokmål viser talet på dokument. Det finst ingen tal som viser omfanget av kvart einskilt dokument, derfor kjem heller ikkje den faktiske fordelinga mellom målformene fram. Generelt er nynorskprosenten låg for alle dei offentlege dokumenta.

#### *Proposisjonar, stortingsmeldingar, forskrifter og lover*

Talet på proposisjonar og meldingar til Stortinget frå regjeringa er frå stortingssesjonen 2008–2009, og tala er henta frå nettsidene til regjeringa ([www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no)). Nynorskdelen varierer mykje mellom departementa, og det kan sjå ut til at det totale prosenttalet vert såpass høgt takk vere eit par departement med høg nynorskprosent.

Talet på forskrifter er frå kalenderåret 2009 og er henta frå nettsidene til Lovdata ([www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)). Tabellen viser at det her var få forskrifter på nynorsk og ein jamt over låg nynorskprosent i alle departementa.

Tabell 3: Målformer i proposisjonar og stortingsmeldingar 2008–2009

	Proposisjonar 2008–2009			Stortingsmeldingar 2008–2009			Forskrifter 2009		
	bm.	nn.	i alt	bm.	nn.	i alt	bm.	nn.	i alt
Totalt	174	60	234	32	17	49	295	8	303
Prosent	74,4	25,6	100,0	65,3	34,7	100,0	97,4	2,6	100,0

Lovdatas oversikt «Gjeldende lover» fører opp 19 nye lover frå 2009. To av desse er på nynorsk, 17 på bokmål.

#### *Omsette dokument (traktatar, internasjonale avtaler og overeinskomstar) 2009*

UDs traktatregister gjev ei oversikt over bilaterale og multilaterale overeinskomstar som Noreg er part i. Det kronologiske registeret til Lovdata syner at det vart utgjeve 55 slike dokument i 2009. Ut ifrå titlane er alle desse omsette til bokmål.

#### *EØS-rettsakter omsette i 2009*

Rettsakter frå EU som skal takast inn i norsk rett i medhald av EØS-avtala, må leggjast fram for Stortinget i norsk versjon (bokmål eller nynorsk). Tabellen nedanfor viser talet på rettsakter som vart innlemma i EØS-avtala i 2009, men ikkje fordelinga på sidetal. Ei slik rettsakt kan vera på alt mellom éi og over tusen sider. Dei fleste rettsaktene som vert omsette til nynorsk, er under ti sider lange. Tala er henta frå «Europaportalen» på nettsidene til Utanriksdepartementet («Beslutninger



vedtatt i EØS-komiteen 2009»).

Tabell 4: EØS-rettsakter omsette i 2009

	Bokmål	Nynorsk	I alt
Tal på rettsakter	246	35	281
I prosent	87,5 %	12,5 %	100 %

### Terminologiresursar på nett som er tilgjengelege for publikum

Dette er ei ikkje-uttømmende liste over dei største termdatabasane som er allment tilgjengelege på Internett. Større kjende databasar som ikkje er gjorde tilgjengelege for publikum, er ikkje tekne med her.

#### Talfeste basar

Den grønne ordboka	Om lag 28 400 oppslagsord på norsk, engelsk, tysk og latin. Sist oppdatert i juni 2009. Bokmål.
EØS-EU-basen	Statistikk per 31.12.2009: Samla tal på postar: 40 325. Godkjende bokmålstermar: 32 882. Godkjende nynorsktermar: 7735.
KBT-ordlista	Kollegiet for brannfaglig terminologi. 1123 termar. Bokmål.
Milterm	Standard Norges miljødatabase. Over 20 000 termar. Berre bokmål til no, men basen er under omsetjing til nynorsk.
Norsk meteorologileksikon	Meteorologisk institutt. 672 sider. Bokmål.
NOT-basen	Norsk terminologisk database. Utarbeidd av Uni Digital (tidlegare Aksis). Om lag 30 000 termopstar. Mest bokmål, men 1761 termar er omsette til nynorsk.

#### Ikkje-talfeste basar

ICD-10	«Den internasjonale statistiske klassifikasjonen av sykdommer og beslektede helseproblemer» KITH. Bokmål
Norsk helseinformatikk	Eit generelt medisinsk oppslagsverk for lekfolk, tidlegare <i>Pasienthåndboka</i> . Lansert oktober 2009. Bokmål.
Samfunnsøk. ordbok	Sentrale omgrep i samfunnsøkonomi. Bokmål.

#### Fagordbøker tilgjengelege på nett

Gjennom betalingstenesta Ordnett har Kunnskapsforlaget gjort mange av ordbøkene sine tilgjengelege på nett, både einspråklege, tospråklege og framandspråklege ordbøker. Tabellen nedanfor viser dei fagordbøkene som var tilgjengelege per 31.1.2009. Oppslagsorda står i parentes. Tala nedanfor er henta frå Ordnett.

Tabell 5: Fagordbøker på nett

Fagområde	Ordbokstype				
	Einspr. norsk	Norsk–eng.	Eng.–norsk	Norsk–tysk	Tysk–norsk
Medisin	1 (20 000)	1 (17 500)	1 (18 000)		
Tekniske fag		1 (120 000)	1 (105 000)	1 (85 000)	1 (85 000)
Økonomi		1 (12 300)	1 (11 500)		
I alt	1	3	3	1	1

## Leksikon og oppslagsverk på nett

Allkunne	Samarbeidsprosjekt mellom Det Norske Samlaget, Cappelen Damm og Nynorsk kultursentrum. Pilotversjonen vart lansert 20. oktober 2009. Ved utgangen av 2009 hadde <i>Allkunne</i> publisert 880 artiklar, alle nyskrivne. Arbeidet med å leggja til rette artiklar frå Caplex o.a., tek til for fullt i 2010. Nynorsk.
Caplex	Nettutgåve lansert i 2000. Har i dag 64 000 artiklar. Bokmål.
Store norske leksikon (SNL)	Den opne, allment tilgjengelege nettutgåva vart lansert i februar 2009 og er eit samarbeid mellom Kunnskapsforlaget og Bokklubben. Fagansvarlege og bidragsytarar kan no fritt velja målform, men per i dag finst det inga oversikt over fordelinga mellom målformene, og førebels verkar nynorskprosenten låg. Innhaldet per 31.12.2009 er om lag 200 000 artiklar. SNL er no inne i ein kritisk fase og har søkt Kulturdepartementet om pengar til vidare drift.
Wikipedia	Artiklar (per 31.12.2009): Bokmål: 240 922, nynorsk: 52 960, nordsamisk: 2835

## Fagbøker, lærebøker og fagordbøker

Vi har fått tal på nye titlar og nytutgjevingar frå nokre av dei største forlaga (Cappelen Damm, Gyldendal, Høyskoleforlaget, Kunnskapsforlaget, Novus, Det Norske Samlaget og Universitetsforlaget). Dette er ikkje ei uttømmmande liste, men ho gjev ein peikepinn om norske lære- og fagbøker på norsk og om forholdet mellom bokmål og nynorsk. For grunnskulen og den vidaregåande skulen er det krav om at lærebøker skal gjevast ut på begge målformer. For høgare utdanning og fagbøker finst det ingen slike krav, og her er tala for nynorsk mykje lågare.

Tabell 6: Lærebøker 2009

Lærebøker for grunnskule og vidaregåande skule				Lærebøker for høgare utdanning og fagbøker for profesjonsmarknaden			
bm.	nn.	felles	i alt	bm.	nn.	felles	i alt
97	83	10	190	350	11	15	376

I tillegg vart det gjeve ut fire fagordbøker. Tre var tospråklege (norsk–engelsk og engelsk–norsk), éi var einspråkleg, og alle hadde bokmål som norsk målform.

## Oppretting av ei terminologiteneste i Språkrådet

Hausten 2009 vart det oppretta ei eiga terminologiteneste i Språkrådet som eit direkte resultat av stortingsmeldinga *Mål og mening*, som vart behandla i Stortinget i 2009. Terminologitenesta skal mellom anna samordna arbeidet med terminologi og koordinera det praktiske terminologiarbeidet som vert gjort i offentleg og privat sektor. I tillegg skal tenesta assistera faglege miljø, hjelpa til med å utvikla termbaseprosjekt og svara på spørsmål om fagspråk og terminologi.

Terminologitenesta koordinerer arbeidet i ei datatermgruppe med sentrale aktørar i databransjen og språkinteresserte datakunnige frå fleire samfunnsområde. Terminologitenesta består av tre rådgjevarar.

## **Kjelder**

Standard Norge: Årsrapport 2005.

<http://www.standard.no/Global/PDF/%C3%85rsrapport%202005.pdf>

Standard Norge: Årsrapport 2006.

<http://www.standard.no/Global/PDF/%C3%85rsrapport%202006.pdf>

Standard Norge: Årsrapport 2007.

<http://www.standard.no/Global/PDF/%C3%85rsrapport%202007.pdf>

Standard Norge: Årsrapport 2008.

<http://www.standard.no/Global/PDF/Standard%20Norge/Rapport%202008%20endelig%20web.pdf>

St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.

<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>

Elles er det henta inn opplysningar og statistikk frå ulike institusjonar og nettsider. Det er gjort greie for informasjonsinnhentinga i kapitlet.



## 9 Språk og IKT

*Framleis finst programvare til bruk i det offentlege ofte berre på bokmål. Det manglar nynorskversjonar av taleattkjenningssystema som vert bruka på sjukehusa. Norsk er det faget der elevar på alle steg i skulen brukar datamaskin mest. Det er behov for å kartleggja konsekvensane av at retteprogram overstyrer brukarane.*

Programvaresektoren aleine voks med 10 prosent årleg i perioden 2006–2008 ifølgje IKT-Norges statistikk. Det er ei utfordring å få produkt og tenester på norsk, særleg å få parallelle utgåver (på begge målformer) samstundes. Få av dei elektroniske tenestene frå forvaltninga kjem i parallelle utgåver samstundes.

Norsk språkråd fekk i 2000 i oppdrag frå Kulturdepartementet å skriva ein språkpolitisk plan for norsk språk og IKT. Språkrådet fekk same år to stillingar som skulle ha eit særleg ansvar for å følgja med i og leggja til rette for at Noreg får programvare og nettbaserte tenester på norsk.

Problemstillingar Språkrådet er oppteke av på feltet, er blant anna:

- kvaliteten på stave- og grammatikkontroll
- tilgangen på akustisk materiale (vaksne og born), tilhøyrande leksikon og særleg materiale til å laga versjonar på begge målformer av produkt for taleattkjenning, opplesing og kunstige stemmer
- infrastruktur som kan gjera program for omsetjing av tekst mellom språk (inkludert mellom bokmål og nynorsk) betre
- programvare som gjer det mogeleg å søkja i tekstar på begge målformer samstundes

### Norsk språkbank

Språkrådet har lenge arbeidd med planar om å etablera ein norsk språkbank, ei samling ulike språkressursar som tekst, tale, leksikon og verktøy for behandling av ressursane, slik at dei kan brukast til språkteknologisk forskning og utvikling. Nasjonalbiblioteket fekk hausten 2009 i oppdrag å etablera ein norsk språkbank og arbeidet har så vidt kome i gang. Konsortiet som ved årsskiftet 2006/2007 kjøpte konkursbuet etter Nordisk Språkteknologi Holding AS, distribuerer framleis språkressursar frå buet, men materialet vil etter kvart verta overført til språkbanken.

### Taleteknologi

Sjukehusa har teke i bruk taleattkjenning på stadig fleire fagområde, til dømes ved innlesing av informasjon om pasientane. Systema sjukehusa brukar, har store termbasar liggjande i systemet som talestraumen vert samanlikna med. Resultatet kjem fram på skjermen hos legen som tekst, og teksten vert lagra i det elektroniske pasientjournalssystemet (EPJ). Teksten følgjer pasienten vidare. Utfordringa på dette området er i dag å få fram standardisert fagterminologi og å skaffa fram nok språkressursar (infrastruktur) til at ein kan laga ein versjon for nynorsk.

### Kunstige stemmer

Kunstige stemmer har eksistert i ein del år, men har vorte kritiserte for å vera for tydeleg kunstige og lite brukarvenlege. Det finst i dag mindre enn ti slike stemmer, to–tre kvinnestemmer og nokre fleire mannsstemmer. Gjennom tilgang til akustisk materiale frå konkursbuet etter Nordisk språkteknologi på Voss kan ein no byggja betre stemmer. Ei av desse (kalla Brage) vart i 2009 sett i produksjon hos Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB). Studentar nyttar denne stemma til å lesa inn studielitteratur dei treng. Nokre av stemmene er bygde i Noreg, men fleire er bygde i andre land.

## **Multimodale grensesnitt**

Forskarar arbeider med å utvikla grensesnitt der brukarane sjølve vel korleis dei vil styra maskinen og bruka tenestene dei nyttar. Det skal verta valfritt om brukaren vil nytta stemme eller tastatur til dette føremålet, eller kan henda ein kombinasjon av tale, opplesing og tastatur (MediaLT 2009). Dette inngår i regjeringas strategi for universell utforming. Utviklinga på området er avhengig av tilgang til godt tilrettelagde og merkte språk- og multimodale ressursar frå ein språkbank.

## **Bruk av IKT til skriving og lesing i skulen**

2009-utgåva av rapporten *ITU monitor* (Kløvstad 2009) viser at på alle steg vert datamaskinen bruka mest og oftast i norskfaget. Nesten tre fjerdedelar av elevane på 2. steg i vidaregåande skule (VG2) brukar datamaskin kvar veke i norskfaget. Tilsvarende tal for 7. og 9. klassesteg i grunnskulen er om lag 40 prosent.

Datamaskinane i skulen vert primært bruka til skriving (uavhengig av fag og årssteg), men nesten like mykje til lesing. På VG2 brukar 50 prosent av norsklærarane IKT i norskundervisninga dagleg. Tilsvarende tal for grunnskulen er 19 prosent (9. årssteg) og 9 prosent (7. årssteg).

85 prosent av elevane på VG2 brukar datamaskin minst ein gong per veke til å skriva (39 prosent dagleg). 31 prosent av elevane på 7. årssteg brukar datamaskin til skriving kvar veke, og på 9. årssteg er talet 37 prosent.

68 prosent av elevane på VG2 les på datamaskinen minst ein gong i veka (42 prosent dagleg), medan tala for grunnskulen er 22 prosent (9. årssteg) og 24 prosent (7. årssteg).

Det er store skilnader mellom skulane når det gjeld kompetanse i bruk av IKT i undervisninga (ITU Monitor 2009).

Nasjonal digital læringsarena (NDLA) er omtala i kapitla «Rettskrivingsnormer og språkutvikling» og «Språkopplæring».

## **Programvare på nynorsk og bokmål**

Språkrådet har i mange år vore oppteke av at programvare og elektroniske tenester skal vera tilgjengelege på både nynorsk og bokmål, og om dei er tekne i bruk i statleg samanheng, må dei leverast i parallelle utgåver samstundes. Situasjonen er framleis at dei fleste produkta og tenestene ligg føre berre på bokmål. Statlege innkjøpsreglar inneber at større innkjøp må lysast ut. Språkrådet har tilrådd at innkjøparane brukar marknadsmakta si og i utlysinga informerer om at berre produkt som kan leverast i parallelle utgåver, vil verta vurderte.

Frå 2006 var ikkje lenger såkalla administrativ programvare til bruk i skulen unnateke frå parallellitetskravet i opplæringslova. Tilbakemeldingar Språkrådet har fått, tyder likevel på at nynorskutgåver av slike program manglar eller ikkje er tekne i bruk.

## **Dataspel**

Engelsk har lenge dominert utviklinga av dataspel. Sjølv om norske firma er i verdstoppen og sel globalt, er få av dei tilgjengelege spela i norsk språkdrakt. Sjå omtale av tiltaket «Nordisk dataspelprogram» i kapitlet «Grannespråk».

## **Retteprogram og tilhøvet til rettskrivinga**

Dei fleste programma vi i dag kan eller skal skriva i, har innebygd stave- og grammatikkontroll. Slik Språkrådet vurderer det, er det behov for å kartleggja konsekvensane av at retteprogram overstyrer brukaren. Dette skal undersøkjast i 2010.

## **Kjelder**

IKT Norge (2009): Veikart for vekst og velferd – en oppdatert IT-politikk. [http://www.ikt-norge.no/PageFiles/204/IKT-Norge\\_Veikart\\_For\\_Vekst\\_Og\\_Velferd%5b1%5d.pdf](http://www.ikt-norge.no/PageFiles/204/IKT-Norge_Veikart_For_Vekst_Og_Velferd%5b1%5d.pdf)

Kløvstad, Vibeke (2009): Skolens digitale tilstand 2009. ITU Monitor  
[http://www.itu.no/filestore/Rapporter\\_-\\_PDF/ITU\\_monitor09\\_web.pdf](http://www.itu.no/filestore/Rapporter_-_PDF/ITU_monitor09_web.pdf)

MediaLT (2009): Stemmestyring i multimodal dialog (SMUDI-prosjektet).  
<http://www.medialt.no/redirect/280.aspx>

Norsk språkråd (2001): Handlingsplan for norsk språk og IKT  
<http://www.sprakrad.no/upload/iktrev.pdf>





## 10 Fleire språk

*Teiknspråk har fått høgare offisiell status, men studium i teiknspråk står i fare for å verta nedlagde. Kompetanse- og høyrlesenter er òg truga. Lovpålegget om fleirspråkleg skilting vert ikkje følgt. Det finst lite systematisert informasjon om opplæring i og læringsressursar i andre språk enn norsk skriftspråk. Det finst ikkje god offisiell statistikk over talarar av innvandrarspråk. Det manglar trykte ordbøker mellom norsk og fleire innvandrarspråk – for ulike aldersgrupper.*

Stortingsmeldinga *Mål og mening* framhevar at ein nasjonal språkpolitikk for framtida også skal verna og fremja språka som høyrer til det tradisjonelle språkmangfaldet i dei nordiske landa, og som statane har eit særleg ansvar for i medhald av internasjonale konvensjonar (i Noreg gjeld det samisk og dei tre språka knytte til nasjonale minoritetar: kvensk, romani og romanes). Alle land som har ratifisert minoritetsspråkspakta, forpliktar seg til å verna dei nasjonale minoritetsspråka på det lågaste vernnivået, nivå 2. Nivå 3 gjev det sterkaste vernet og inneheld forpliktande mål og tiltak. Nivå 3 gjeld i dag berre samisk i Noreg. Det lågaste vernnivået forpliktar Noreg til å erkjenne minoritetsspråka som uttrykk for kulturell rikdom og til dømes skaffa fram middel til undervisning og studiar i minoritetsspråka.

I *Mål og mening* seier Kulturdepartementet at «tida no er inne til å gå i gang med å førebu ei utviding av ansvarsområdet til Språkrådet, slik at institusjonen får eit definert språkpolitisk ansvar også for andre språk i Noreg enn norsk». Gjennom stortingsbehandlinga vart norsk teiknspråk anerkjent som eit fullverdig norsk språk. Frå 2010 har Språkrådet fått midlar til å tilsetja ein rådgjevar i teiknspråk, men det er ikkje avklart på kva måte Språkrådet skal utøva sitt ansvar for dei nasjonale minoritetsspråka og nyare innvandrarspråk. Når det gjeld dei nye innvandrarspråka, er det retten til å kultivera desse som morsmål som til no har vore ei problemstilling Språkrådet har teke stilling til (Språkrådet 2005).

Dette kapitlet gjev eit oversyn over situasjonen for teiknspråk, morsmålsundervisning og tospråkleg undervisning, tospråklege ordbøker og store innvandrarspråk i Noreg. I ein heilskapleg språkpolitikk trengst det presis og representativ statistikk over talarar av dei ulike minoritetsspråka i Noreg. Slik statistikk finst ikkje i dag.

### **Samisk**

Regjeringa la våren 2008 fram stortingsmeldinga *Samepolitikken*. Meldinga gjev ein brei presentasjon av dei viktigaste utfordringane for samepolitikken. I meldinga vart det konstatert at situasjonen for dei samiske språka er alvorleg. Samstundes ser ein også positive trekk i utviklinga: Talet på elevar som har undervisning i samisk som fyrstespråk i grunnopplæringa, auka frå 2007 til 2008 (Arbeids- og inkluderingsdepartementet 2009). I 2009 vart det lagt fram ein handlingsplan for samisk. Hovudmålet i planen er å leggja tilhøva til rette for å auka talet på aktive samiske språkbrukarar i alle aldrar. Tiltaka går over ein tidsperiode frå 2010 til 2012. Samisk språkpolitikk omfattar mange sektorar og ligg under Sametinget. Vi omtalar derfor ikkje politikken vidare her.

### **Kvensk**

Kvensk fekk status som offisielt språk i 2005, og Kvensk språkråd vart oppretta i 2007. Kvensk stadnamnteneste – Paikannimipalvelus ligg under Språkrådet. Kvenske stadnamn er viktige kulturminne. Språkrådet var i 2008 med på å finansiera arbeidet med å laga ein database for

kvenske stadnamn. 100 stadnamn vart behandla av stadnamntenesta i 2008, men rapportar til Språkrådet tyder på at det hastar med å samla inn og dokumentera kvenske stadnamn.

### **Fleirspråkleg skilting**

Stadnamnlova gjev føresegner om fleirspråkleg skilting på kvensk, samisk og norsk i fleirspråklege område. På ein konferanse som Språkrådet skipa til i Alta i 2009, kom det fram at kvenske og samiske namn som er godkjende til offentleg bruk av Statens kartverk, likevel ikkje vert bruka på skilt. Språkrådet tok i 2009 usynleggjinga av kvenske og samiske namn opp med Statens vegvesen.

### **Norsk teiknspråk**

Norsk teiknspråk har vorte bruka i Noreg i minst 200 år. Gruppa som brukar teiknspråk, består i dag av fleire tusen fyrstespråksbrukarar med både nedsett og vanleg høyrse (Erlenkamp 2007).

Det finst ikkje nøyaktige tal på kor mange det er som brukar norsk teiknspråk, men Norges Døveforbund reknar med at det finst ca. 5000 døve i Noreg. I tillegg reknar dei med at det er om lag dobbelt så mange som er høyrande, men som brukar teiknspråk fordi dei er i familie med eller er vener av døve. Anslaget frå Døveforbundet omfattar dessutan 1500 fagfolk som brukar teiknspråk i yrkesutøvinga si. Det totale talet på teiknspråksbrukarar i Noreg vert etter dette ca. 16 500 (Erlenkamp 2007).

Det er ikkje presist kartlagt kor mange som i realiteten treng opplæring i teiknspråk, og om desse får oppfylt rettane sine etter opplæringslova. Ifølgje lova har elevar som har teiknspråk som fyrstespråk, eller som ved sakkunnig vurdering får konstatert behov for slik opplæring, rett til grunnskuleopplæring i og på teiknspråk. Elevar kan få teiknspråkopplæring ved kompetanse- og høyrsesentra i landet eller ved heimeskulen. I 2008 var det 141 heiltidselevar og 219 deltidselevar i grunnskule og vidaregåande opplæring ved kompetanse- og høyrsesentra. Desse tala har gått ned sidan 1994/1995. Tala omfattar ikkje dei som er integrerte i heimeskular med teiknspråkleg tilbod, og som derfor ikkje nyttar seg av andre tilbod, eller høyrande barn av døve foreldre som veks opp tospråkleg med norsk og norsk teiknspråk. Sjølv om talet på fulltidselevar ved høyrleskulane går ned, betyr det altså ikkje at det samla talet på elevar som får eller treng, teiknspråksundervisning har gått ned (NOU 2009:18). Talet på deltidselevar i grunnskulealder har gått opp frå 59 til 213 sidan 1994/1995. Kompetanse- og høyrsesentra er no truga med nedlegging. Dette kan vera i strid med opplæringslova. I februar 2010 vart det meldt at teiknspråksstudiet ved Universitetet i Oslo kan verta nedlagt frå 2011 (Aftenposten 2010).

### **Morsmålsundervisning**

Morsmålstilbodet i skulen omfattar både språkopplæring i morsmålet (morsmålsopplæring) og fagopplæring på morsmålet (tospråkleg opplæring). Uttrykket minoritetsspråkleg er nytta om alle med eit anna morsmål enn norsk og samisk, og i praksis gjeld omtalen her fyrst og fremst elevar med bakgrunn i dei nyare minoritetsspråka.

Opplæringslova § 2-8 slår fast: «Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen».

Det er svært ulik praksis i grunnskulane når det gjeld å kartleggja språkkunnskapane for å vurdera når elevane kan gå over til vanleg norskundervisning. Det viser seg at få kommunar gjev tydelege retningsliner for dette. Mange elevar har derfor særskilt norskopplæring i store delar av eller heile skuletida (Rambøll Management 2006). Det finst òg lite systematisk kunnskap om sjølve innhaldet i og kvaliteten på undervisninga og samanhengem med anna opplæring (Bakken 2007).

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at 22 332 elevar fekk morsmålsundervisning og/eller tospråkleg opplæring skuleåret 2008/2009. Dette talet har nesten har dobla seg (98 prosent) sidan 1995/1996. Til samanlikning har det samla elevtalet i grunnskulen auka med om lag 29

prosent i same tidsrommet. Det vert gjeve morsmålsopplæring og/eller tospråkleg opplæring i over 117 språk. Dei ti største språka er somali (11,7 prosent), urdu (10,7 prosent), arabisk (10 prosent), polsk (9,2 prosent), kurdisk (6,4 prosent), vietnamesisk (5,1 prosent), albansk (4,9 prosent), tyrkisk (4,4 prosent), tamil (3,6 prosent) og thai (3,1 prosent). Deretter følgjer russisk (2,5 prosent), dari (2,3 prosent), bosnisk (2,3 prosent), engelsk (2,1 prosent), tysk (1,9 prosent), spansk (1,8 prosent), tsjetsjensk (1,7 prosent), persisk (1,3 prosent), litauisk (1,3 prosent) og swahili (1 prosent) (Statistisk sentralbyrå 2009).

### **Tospråklege ordbøker**

*Mål og mening* slår fast at «tospråklege ordbøker mellom norsk og flest moglege framandspråk vil gjera norsk språk lettare tilgjengeleg for ein større del av omverda og for ein større kulturkrins. Det vil føra til større merksemd om norsk språk og dermed vera med på å gje norsk språk høgare internasjonal status».

Det er vanskeleg å kartleggja alle tospråklege ordbøker mellom norsk og framandspråk. Tabellen under er eit oversyn over trykte ordbøker som har kome ut på forlaga Kunnskapsforlaget, Gyldendal, Cappelen Damm, Samlaget, Fagbokforlaget, Vega og Sypress, og som er i handelen. I tillegg til desse ordbøkene finst det ei rekkje enkeltutgjevingar som det er vanskeleg å skaffe eit oversyn over og vurdere kvaliteten til.

→

Tabell 1: Trykte tospråklege ordbøker

nivå språk	grunnskule	vidaregåande skule	høgare utdanning /profesjon	lomme- ordbøker
engelsk	ja, både bokmål og nynorsk	ja, både bokmål og nynorsk	ja, både bokmål og nynorsk	ja
tysk	ja	ja	ja	ja
fransk	ja	ja		ja
spansk	ja	ja		ja
italiensk		ja		ja
russisk	ja, førskulenivå		ja	ja
urdu	norsk–urdu ordbok for born med urduspråkleg bakgrunn	ja (grunnskule og vidaregåande); norsk–urdu ordliste		
kinesisk	ja, førskulenivå		ja, berre kinesisk– norsk	ja
persisk			ja	
svensk		ja		ja
somali		norsk–somali ordliste		
arabisk	ja, førskulenivå	kjem. Førebels: ordliste norsk–engelsk–arabisk og arabisk–norsk–engelsk		kjem
albansk			ja, norsk–albansk	
tyrkisk			ja, norsk–tyrkisk	
afghansk			ja, norsk–afghansk (pashto)	
tigrinja			ja, norsk–tigrinja	
rumensk			ja, rumensk–norsk	
bosnisk			ja, norsk–bosnisk/kroatisk/serbisk	
kroatisk			ja, norsk–bosnisk-kroatisk-serbisk	ja
serbisk			ja, norsk–bosnisk-kroatisk-serbisk	
islandsk		kjem		
gresk				ja
finsk				ja
portugisisk				ja
polsk	ja, førskulenivå			ja
nederlandsk				kjem

Tabellen er basert på munnlege opplysningar og katalogar frå dei ulike forlaga. Der det ikkje er oppgjeve noko, finst det ikkje ordbøker i kategorien. Står det «ja», finst det ordbøker begge vegar mellom norsk bokmål og det aktuelle framandspråket. Tabellen kan vera ufullstendig.

Dei nettbaserte Lexin-ordbøkene har stor utbreiing. Desse ordbøkene er laga spesielt for innvandrarar i Noreg og dekkjer til dels andre språk enn det dei trykte ordbøkene på marknaden gjer. Uni Digital har utvikla Lexin på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. I 2008 fekk Lexin Rosings språkpris, som Språkrådet og Den Norske Dataforening deler ut. Juryen understreka at Lexin «tilgjengeliggjør rask oversettelse til en rekke språk som ikke finnes i andre lignende tjenester» (Språkrådet 2008).

I tillegg til lommeordbøkene finst det lommeparlørar for italiensk, fransk, spansk, engelsk, tysk, gresk og portugisisk. Tematisk oppbygde, illustrerte ordbøker finst frå norsk til engelsk, fransk, italiensk, spansk, tysk, polsk, portugisisk, russisk, tyrkisk, dansk, svensk. Det finst dessutan

ei lommeordbok knytt til mat og måltid (norsk til engelsk, fransk, italiensk, spansk, svensk og tysk).

For engelsk finst det ordbøker for fagfelte medisin, økonomi, juss (sivil- og strafferett), militær/forsvar og elektronikk, og dessutan tekniske ordbøker. For tysk finst det ordbøker på felta økonomi og juss (norsk–tysk). For fransk finst det ei fransk–norsk økonomisk-administrativ ordbok. Sjå òg kapitlet «Fagspråk og terminologi» for vidare omtale av fagordbøker.

Mange allmennordbøker finst elektronisk, på CD-ROM eller på Internett. Ei rekkje av Kunnskapsforlaget's ordbøker er utgjevne i den elektroniske ordboktenesta Ordnett, som kom i 2004. Det finst òg nettstader der ein kan høyra uttale.

## **Talarar av store innvandrarspråk**

Verken ved folketeljingar eller ved anna liknande offentleg registrering av personar busette i Noreg vert det spurt om kva for språk innbyggjarane nyttar i dagleglivet. Vi har heller ikkje forskning som kan gi oss direkte opplysningar om slike høve. Tidlegare oppstillingar har bygd på skjøn og teke utgangspunkt i kjelder som primært dreier seg om noko anna (Kulbrandstad 2003). Det finst ikkje ny offisiell statistikk etter 2003. Det er i framtida naudsynt å kartleggja språka i dei ulike minoritetsgruppene, slik at vi får ein meir presis og representativ statistikk over talarar av dei ulike språka.

## **Kjelder**

Aftenposten (2010): Tegnspråk-studiet kan bli nedlagt. 11.2.2010

Arbeids- og inkluderingsdepartementet (2009): Handlingsplan for samiske språk.

[http://www.samit.no/Handlingsplan\\_2009\\_samisk\\_sprak.pdf](http://www.samit.no/Handlingsplan_2009_samisk_sprak.pdf)

Bakken, Anders (2007): Virkninger av tilpasset språkopplæring for minoritetsspråklige elever. En kunnskapsoversikt. NOVA Rapport 10/2007. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring. [http://www.nova.no/asset/2646/1/2646\\_1.pdf](http://www.nova.no/asset/2646/1/2646_1.pdf)

Erlenkamp, Sonja (2007): Et tospråklig liv med norsk tegnspråk. Språknytt 2007/4, 16-19.

Kulbrandstad, Lars Anders (2003): Minoritetsspråk og minoritetsspråkbrukere i Norge. Språknytt 2003/1–2

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa: <http://www.lovdatab.no/all/hl-19980717-061.html>

Lov om stadnamn: <http://www.lovdatab.no/all/hl-19900518-011.html>

NOU 2009:18: Rett til læring

<http://www.regjeringen.no/pages/2213608/PDFS/NOU200920090018000DDDPDFS.pdf>

Rambøll Management (2006): Evaluering av praktiseringen av norsk som andrespråk for språklige minoriteter i grunnskolen.

[http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Rapporter/Evaluering\\_av\\_Norsk\\_som\\_2\\_sprak.pdf](http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Rapporter/Evaluering_av_Norsk_som_2_sprak.pdf)

Språkrådet (2005): Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi. [http://www.sprakrad.no/upload/9832/norsk\\_i\\_hundre.pdf](http://www.sprakrad.no/upload/9832/norsk_i_hundre.pdf)

Språkrådet (2008): Rosings språkpris.

[http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/Prisar\\_og\\_stipend/Rosings\\_spraakpris/](http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/Prisar_og_stipend/Rosings_spraakpris/)

Statistisk sentralbyrå (2009): Elevar med morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, etter morsmål. <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken>

St.meld. nr. 28 (2007–2008) Samepolitikken.

<http://www.regjeringen.no/pages/2077889/PDFS/STM200720080028000DDDPDFS.pdf>

St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.

<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>



# 11 Grannespråk

*Folk i Norden forstår mindre av grannespråka no enn før. Åtte av ti elevar i studieførebuande vidaregåande utdanning får i løpet av tre år mindre enn sju timar undervisning om dei nordiske grannespråka. Nordiske fjernsynskanalar har låge marknadsdelar i Noreg; svensk fjernsyn har best dekning.*

Ei undersøking frå 2005 viste at grannespråksforståinga i Norden er svekt sidan 1970-åra. Språknemndene i Norden samarbeider om å auka grannespråksforståinga. I 2008 vart det oppretta ei ny stilling som koordinator for språksamarbeidet mellom dei nordiske landa (nordisk språkkordinasjon).

Dei viktigaste politiske dokumenta på området er *Nordisk språkkonvensjon* frå 1987 og *Nordisk språkdeklarasjon* frå 2006 (Nordisk ministerråd 2007). Bakgrunnen for språkdeklarasjonen var uro over at den nordiske språkfelleskapen er i ferd med å smuldra fordi vi i Norden ikkje forstår grannespråka like godt som tidlegare. Deklarasjonen tek blant anna sikte på å styrkja grannespråksundervisninga i skulen og gjera dei nordiske språka synlege i offentlegheita, for eksempel i tv og film. Det er også ynske om å utvikla fleire internordiske ordbøker, både elektroniske og papirbaserte.

I det nordiske språksamarbeidet har språkteknologi vorte prioritert sidan 2003. Språknemndene i Norden har ei eiga arbeidsgruppe for området språk og teknologi. Tema har vore skrivekontrollverktøy, programvare for maskinomsetjing, produktutvikling og språkpolitikk.

## Grannespråksundervisning

Læreplanane i alle dei nordiske landa har grannespråksundervisning som emne gjennom heile skuleløpet. I fag som historie, økonomi og geografi skal ein ta med stoff om og frå dei nordiske landa (Ericsson 2009).

I den gjeldande læreplanen i norsk for grunnskule og vidaregåande opplæring er desse kompetansemåla sette opp når det gjeld svensk og dansk:

«Mål for opplæringa er at eleven skal kunne ...»

- «forstå noe svensk og dansk tale» (etter 4. årssteg)
- «lese enkle litterære tekster på svensk og dansk og gjengi innholdet» (etter 7. årssteg)
- «lese og gjengi innholdet i et utvalg tekster på svensk og dansk» (etter 10. årssteg)
- «forstå og gjengi informasjon fra svensk og dansk dagligtale» (etter 10. årssteg)
- «gjøre rede for likheter og forskjeller mellom de nordiske språkene og mellom nordisk og moderne norsk språk» (etter VG1)
- «gjøre rede for et utvalg nordiske tekster i oversettelse og original» (etter VG2)
- «beskrive og sammenligne de nordiske lands språksituasjon og språkpolitikk» (etter VG3)

(Utdanningsdirektoratet, *Læreplan i norsk*)

Då læreplanen vart innført, vart det hevda at grannespråksforståing hadde vorte eit viktig undervisningsemne. Det er undersøkt kor mykje tid skulane faktisk brukar på emnet. Det viser seg at i 2,3 prosent av basisgruppene på studieførebuande utdanningsprogram vert det bruka over 12 timar på emne som gjeld grannespråka og den nordiske språkfelleskapen, i 18,3% av basisgruppene vert det bruka 7–12 timar, i 53,1% av gruppene vert det bruka 3–6 timar, og i 26,3% av gruppene vert det bruka 0–2 timar. Forskarane bak undersøkinga meiner at det ikkje er grunnlag for å seia at aktiviteten på området har auka sidan 1990-talet, då eldre læreplanar galdt. Dei konkluderer med at sjølv om læreplanane gjev grunnlag for styrkja grannespråksundervisninga, er

aktiviteten for låg til at det nordiske perspektivet er reelt styrkt i norskfaget i vidaregåande skule (Østlie 2009).

Ei svensk undersøking stadfeste òg at praksis i skulane ikkje lever opp til læreplanane. Ungdomane som deltok i den svenske undersøkinga, rapporterte sjølve at dei hadde hatt lite eller inga undervisning i andre nordiske språk i skulen (Delsing og Åkesson 2005).

I arbeidet med nye læreplanar og ny organisering av lærarutdanninga hausten 2009, har Språkrådet gjeve skriftlege innspel i høyringa der vi peiker på at lærarane som skal undervisa i grannespråk, må setjast i stand til å undervisa i emnet (Språkrådet 2010).

Nordisk ministerråd, Nordisk kulturfond og nokre bilaterale nordiske institusjonar har stilt seg bak prosjektet «Nordiske språkpilotar», der målet er å styrkja praksisdelen av grannespråksundervisninga i grunnskulen i Norden. Prosjektet satsar på øvings- og praksislærarar.

Ordbøker mellom norsk og skandinaviske språk er omtala i kapitlet «Fleire språk».

## Grannelandsfjernsyn

Blant dei nordiske fjernsynskanalane har dei svensk best dekning i Noreg. Spørsmålet om auka tilgjenge til grannelandsfjernsyn er teke opp ei rekkje gonger dei siste åra, mellom anna gjennom framlegg frå Nordisk råd. Tala nedanfor har Språkrådet fått direkte frå TNS Gallup. Tala gjeld perioden frå 1.11.2009 til 31.1.2010.

Tabell 1: Dekning og marknadssdel for nordiske fjernsynskanalar i Noreg

<i>Kanal</i>	<i>Dekning</i>	<i>Marknadssdel</i>
SVT1	50,0 %	0,4 %
SVT2	48,2 %	0,3 %
TV4 (svensk)	38,5 %	0,3 %
TV3 (svensk)	19,4 %	0,1 %
DR1	27,4 %	0,1 %
DR2	18,9 %	0 %
TV2 (dansk)	14,8 %	0 %
TV3 (dansk)	18,5 %	0,1 %
TV Finland	17,0 %	0 %

## Nordisk dataspelprogram

Dette programmet for utvikling av dataspel for den nordiske marknaden går over seks år frå 2006 til 2012, og i alt 78 millionar danske kroner (DKK) skal delast ut. Målgruppa er barn og unge opptil 18 år. Det er eit krav at resultatet skal verta tilgjengeleg på minst eitt av dei nordiske språka. I 2009 kom det inn 170 søknader, og 14 av dei vart innvilga. Søknadssummen var 40 millionar DKK, medan det var 6 millionar DKK til fordeling. I 2008 kom det inn 138 søknader, og 16 vart innvilga. Til saman er det t.o.m. 2009 innvilga så mange søknader: Finland 12, Sverige 15, Danmark 14, Noreg 5 og Island 2.

## Engelsk påverknad i nordiske aviser

Prosjektet «Moderne importord i språka i Norden» undersøkte engelsk påverknad i nokre større aviser i dei nordiske landa. Forskarane fann færre engelske eller engelskpåverka ord i bruk enn dei hadde venta. Ytterpunktta når det gjeld talet på importord viser at islandsk har 10 (0,1 prosent) importord per 10 000 ord i avistekstane, medan norsk har 67 (0,67 prosent). Prosjektet undersøkte òg kva slags haldningar folka i Norden har til bruk av engelske ord. Der framstår danskane som mest negative og nordmennene som mest positive (Sandøy 2003).



## Kjelder

- Delsing, Lars-Olof og Åkesson, Katarina Lundin (2005): Håller språket i hop Norden? En forskningsrapport om ungdomars förståelse av danska, svenska og norska, TemaNord 2005:573 Nordisk Ministerråd [http://www.norden.org/da/publikationer/publikationer/2005-573/at\\_download/publicationfile](http://www.norden.org/da/publikationer/publikationer/2005-573/at_download/publicationfile)
- Ericsson, Ann Carlson (2009): Norden i nordiska läroplaner. Skolverket
- Lindén, Krister, Kimmo Koskenniemi og Torbjørn Nordgård (2007): The Nordic Countries – A Leading Region in Language Technology. Nordens språkråd/NMR. <http://www.ling.helsinki.fi/laitos/julkaisut/sprakvisreport.pdf>
- Nordisk dataspelprogram: <http://www.nordicgameprogram.org/?id=39&lc=dk>, <http://www.nordicgameprogram.org/?id=47&lc=dk>
- Nordiske språkpilotar: <http://www.sprogpiloter.dk/>
- Nordisk ministerråd (2007): Deklaration om nordisk språkpolitikk. ANP 2007:746. [http://www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2007-746/at\\_download/publicationfile](http://www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2007-746/at_download/publicationfile)
- Nordisk språkkonvensjon: <http://www.sprakrad.no/upload/nordisk%20%20spr%C3%A5kkonvensjon-norsk.pdf>
- Sandøy, Helge mfl. (2003–2008): Moderne importord i språka i Norden I-X. Novus
- Språkrådet (2010): Rammeplan for grunnskolelærerutdanninga – høringsuttalelse. <http://www.regjeringen.no/pages/2263064/Spraakraadet.pdf>
- Utdanningsdirektoratet (2006): Læreplan i norsk. [http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/larerplaner/Fastsatte\\_lareplaner\\_for\\_Kunnskapsloftet/Grunnskole\\_og\\_gjennomgaende/norsk.rtf](http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/larerplaner/Fastsatte_lareplaner_for_Kunnskapsloftet/Grunnskole_og_gjennomgaende/norsk.rtf)
- Østlie, Mette Kristin (2009): Det nordiske perspektivet er styrket i norskfaget i videregående skole. Illusjon eller realitet? Masteroppgåve, Universitetet i Oslo





Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet.

Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal vera i bruk i alle delar av samfunnslivet også i framtida – og ikkje bli sett til sides av engelsk.

Vi vil gje det offentlege, næringslivet og folk flest tru på at norsk språk duger, og derfor arbeider vi for å auka kunnskapen om norsk språk.

**Språkrådet**

Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

Tlf. 22 54 19 50  
E-post: [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no) / [www.språkrådet.no](http://www.språkrådet.no)